



# MYLNOR OG KVERNAR I NOREG

ETTER UPPTELJINGAR I 1927—29

2. bolken: *Mottakarverk til korn, turkor, reinske-, male- og sikteverk, andre mylnemaskinar.*

*Moulins en Norvège. D'après recensements dans les années 1927—29.*

II. *Appareils pour recevoir le blé, séchoirs, instruments et machines à sécher, vanneuses, machines à moudre, blutoirs, autres machines.*

UTGJEVAR ER  
STATENS KORNFORRETNING

OSLO  
KOMMISSJON HJÅ H. ASCHEHOUG & CO.  
1936

## Norges Offisielle Statistikk, rekke IX. (Statistique Officielle de la Norvège, série IX.)

### Række IX.

Trykt 1934:

- Nr. 24. Folketellingen 1. desember 1930: V. Folkemengden fordelt etter kjønn, alder og ekteskadelig stilling. (*Recensement du 1<sup>er</sup> décembre 1930: V. Population répartie par le sexe, l'âge et l'état civil.*)
- 25. Norges jernbaner 1932—1933. (*Chemins de fer norvégiens.*)
- 26. Stortingsvalget 1933. (*Élections en 1933 pour le „Storting“.*)
- 27. Norges kommunale finanser 1931—1932. (*Finances des communes.*)
- 28. Meieribruket i Norge i 1932. (*L'industrie laitière de la Norvège en 1932.*)
- 29. Telegrafverket 1932—1933. (*Télégraphes et téléphones de l'État.*)
- 30. Sjømannstrygden 1931. Fiskerstrygden 1931. (*Assurances de l'État contre les accidents des marins. Assurances de l'État contre les accidents des marins pêcheurs.*)
- 31. Norges postverk 1933. (*Statistique postale.*)
- 32. Kriminalstatistikk 1931 og 1932. (*Statistique de la criminalité pour les années 1931 et 1932.*)
- 33. Mølnor og kvernar i Noreg. Etter uppteljingar i 1927—29. 1. bolken. (*Moulins en Norvège. D'après recensements dans les années 1927—29. I.*)
- 34. Det civile veterinærvesen 1932. (*Service vétérinaire civil.*)
- 35. Norges handel 1933. (*Commerce.*)
- 36. Dødelighetstabeller for det norske folk 1921/22—1930/31. (*Tables de mortalité selon les expériences 1921/22—1930/31.*)
- 37. Industriarbeiderstrygden. Ulykkestrygden 1931. (*Assurances de l'État contre les accidents du travail.*)
- 38. Svineholdet 3. april 1934 og 1933. (*Élevage de porcs. Recensement du 3 avril 1934 et 1933.*)
- 39. Norges fiskerier 1932. (*Grandes pêches maritimes.*)
- 40. Folketellingen 1. desember 1930: VI. Folkemengden fordelt etter livsstilling. (*Recensement du 1<sup>er</sup> décembre 1930: VI. Population répartie par profession.*)
- 41. Norges private aktiebanks og sparebanks 1933. (*Statistique des banques privées par actions et des caisses d'épargne pour l'année 1933.*)
- 42. Norges bergverksdrift 1933. (*Mines et usines.*)
- 43. Landbruksareal og husdyrhold 1934. Representativ telling. (*Superficies agricoles et élevage du bétail de l'année 1934. Recensement représentatif.*)
- 44. Norges industri 1933. (*Statistique industrielle de la Norvège.*)
- 45. Skolevesenets tilstand 1929—32. (*Instruction publique.*)
- 46. Forsikringsselskaper 1933. (*Sociétés d'assurances.*)
- 47. Folketellingen 1. desember 1930: VII. Inntekt og formue etter skatteligningen 1930—31. (*Recensement du 1<sup>er</sup> décembre 1930: VII. Revenu et fortune d'après la répartition de l'impôt 1930—31.*)
- 48. Rekruttering 1929. (*Recrutement.*)
- 49. Sundhetstilstanden og medisinalforholdene 1932. (*Rapport sur l'état sanitaire et médical.*)



# MYLNOR OG KVERNAR I NOREG

ETTER UPPTTELJINGAR I 1927—29

2. bolken: *Mottakarverk til korn, turkor, reinske-, male- og sikteverk, andre mylnemaskinar. Moulins en Norvège. D'après recensements dans les années 1927—29.*
- II. *Appareils pour recevoir le blé, séchoirs, instruments et machines à sécher, vanneuses, machines à moudre, blutoirs, autres machines.*

UTGJEVAR ER  
STATENS KORNFORRETNING

Halden  
E. Sems trykkeri 1936

*Den statistiske utgreidinga som vert lagd fram her, er eit serprent frå verket som Statens Kornforretning gjev ut um „Norske Mylnor og Kvernar“, andre bolken av fyrste bandet. Det er no greidt ut um turkor, kvernar og anna mylneverk som fanst i mylnone og i kvernbruka i 1927–29.*

*Like eins som i fyrste bolken (prenta i N. O. S. IX, 33) er det revisjonschefen Einar Normann, som hev skrive utgreidinga og sankt ihop tilfanget. Han hev sett upp tabellane og, med hjelp fra tene-stemenn i revisjonen.*

*Statens Kornforretning, Oslo i januar 1936.*

*Oskar Jahnsen.*



## Innhald.

	Sida
<i>Innleiding til andre bolken</i> . . . . .	11
<i>Tekst til tabellane i andre bolken:</i>	
I. Mottakarverk til kornet . . . . .	13
II. Turkor . . . . .	17
Gamle turkor . . . . .	18
A. Turkehus og dil. . . . .	19
1. Badstovor (a. Den norske badstova s. 20, b. Den kvænske badstova s. 27) . . . . .	20
2. Turkestova . . . . .	30
3. Makinna . . . . .	35
4. Kylna og Kjona (a. Kjona s. 39, b. Kylna s. 43) . . . . .	36
5. Tarrehus . . . . .	47
6. Sonn eller sorn . . . . .	49
7. Torn . . . . .	53
8. Rya . . . . .	58
B. Helleturkor . . . . .	60
1. Tussa . . . . .	60
2. Omnhella . . . . .	63
3. Turkehella . . . . .	63
4. Kråhella . . . . .	67
5. Takka . . . . .	68
C. Lause turkegreidor . . . . .	68
1. Tarre . . . . .	69
2. Terre . . . . .	70
3. Hæra . . . . .	71
4. Harpa . . . . .	73
5. Hekka . . . . .	73
6. Brya . . . . .	74
7. Gryta . . . . .	75
8. Takka . . . . .	76
9. Banka . . . . .	77
D. Andre turkemåtar . . . . .	78

	Sida
E. Rotegreidor . . . . .	78
Turkor av nyare slag . . . . .	79
A. Turkor med beinveges verming . . . . .	79
1. Plateturka eller turkepanna . . . . .	79
2. Trummelturka . . . . .	81
B. Varmluftturkor . . . . .	81
1. Patentturka . . . . .	81
2. Kolonneturkor . . . . .	81
3. Turkeskåp . . . . .	82
4. Kondisjonørar . . . . .	83
III. Reinskeverk . . . . .	93
1. Ågn- og skalblåsarar . . . . .	97
2. Magnetar . . . . .	100
3. Triørar . . . . .	101
4. Andre korn- og grynskiljarar . . . . .	102
IV. Maleverk . . . . .	106
A. Skaleverk, (pelkvernar, bankor og skale- og spissmaskinar) . . . . .	107
B. Bostemaskinar, slipemaskinar, grynknasarar og oppløysmaskinar . . . . .	110
C. Kvernar . . . . .	113
I. Grøypekvernar . . . . .	114
II. Fastbygde kvernar . . . . .	115
a. Gamle lokale steinslag . . . . .	116
1. Selbustein . . . . .	116
2. Åfjordstein . . . . .	119
3. Nordlandsteinar . . . . .	119
α. Sømnastein . . . . .	120
β. Ranværingstein . . . . .	120
γ. Saltværingstein . . . . .	120
δ. Sørreisastein . . . . .	121
4. Tolstadstein . . . . .	121
5. Lugnåstein (svensk stein) . . . . .	122
6. Russisk stein . . . . .	122
7. Andre lokale steinslag . . . . .	123
b. Innførde natursteinar . . . . .	123
1. Tyske steinar . . . . .	123
2. Engelske steinar og skotske . . . . .	124
3. Franske steinar . . . . .	124
4. Andre innførde natursteinar . . . . .	124
c. Støypestein . . . . .	125
D. Valsestolar . . . . .	141
V. Sikteverk . . . . .	148
VI. Nokre andre serskilde maskinar . . . . .	155
a. Blandemaskinar . . . . .	155
b. Eimprekiveringsverk til havregryn . . . . .	157

## Tabellar:

1. Handelsmylnor i 1927—29 . . . . .	160
(a. Mottakarverk til kornet. Turkor. Reinskeverk.	
b. Maleverk. Skalemaskinar, bostemaskinar og fastbygde kvernar.	
c. Maleverk (framh.): Grøypekvernar, grynknasasar, slipe- og polér- maskinar, valsestolar.	
d. Sikteverk. Blandemaskinar).	
2. Bygdamylnor og bygdakvernar i 1927—29.	
A. Samandrag for heile landet, landsbolkar og fylke . . . . .	168
(a. Vindor, turkor og reinskeverk.	
b. Maleverk; skalemaskinar, grynknasasar og fastbygde kvernar.	
c. Maleverk (framh.): Grøypekvernar, fyreknasasar og valsestolar. Sikteverk. Blandemaskinar).	
B. Samandrag for landskap . . . . .	204
(a. Vindor, turkor, reinskeverk og sikteverk.	
b. Maleverk).	
3. Gardskvernar (og gardsmylnor) i 1927—29.	
A. Samandrag for heile landet, landsbolkar og fylke . . . . .	232
(a. Turkor. Maleverk: Skalemaskinar og grøypekvernar.	
b. Maleverk (framh.): Fastbygde kvernar og valsestolar. Siktor).	
B. Samandrag for landskap . . . . .	252
(Turkor. Maleverk. Siktor).	
Vedlegg attarst: Kartogram.	

## Table des matières.

	Pages
<i>Introduction</i> . . . . .	11
I. Appareils pour recevoir le blé . . . . .	13
II. Séchoirs, instruments et machines à sécher . . . . .	17
Séchoirs et anciens instruments à sécher . . . . .	18
A. 1—8. Différents types des séchoirs (bâtiments) dans les différents districts du pays . . . . .	19 — 59
B. 1—5. Différents types des dalles à sécher dans les différents districts du pays . . . . .	68 — 68
C. 1—9. Différents outils et instruments à sécher (caisses avec fond troué ou avec tapis, poêles, marmites etc.)	68 — 77
D. Autres méthodes de séchage . . . . .	78
Machines à sécher modernes . . . . .	79
A. Machines à sécher, échauffées directement . . . . .	79
B. Différentes machines à sécher, échauffées par air chaud	80 — 83
III. 1—4. Vanneuses . . . . .	93 — 102
IV. Machines à moudre . . . . .	106
A. Machines pour peler le blé . . . . .	107
B. Machines à broser, machines à émoudre, concasseurs, machines à détacher . . . . .	110
C. Petits moulins . . . . .	113
1. Petits moulins mobiles . . . . .	114
2. Petits moulins immobiles . . . . .	115
a. 1—7. Anciens types des meules dans les différentes régions du pays . . . . .	116—123
b. Meules naturelles importées . . . . .	000
1. Allemandes . . . . .	123
2. Anglaises et écossaises . . . . .	124
3. Françaises . . . . .	124
4. Autres . . . . .	124
c. Meules fondues . . . . .	125
D. Laminoirs . . . . .	141
V. Blutoirs . . . . .	148
VI. Autres machines spéciales . . . . .	155
a. Machines de mélange . . . . .	160
b. Presses à vapeur pour gruaux d'avoine . . . . .	157

## Tableaux :

1. Moulins de commerce 1927—1929 . . . . .	160
(a. Appareils pour recevoir le blé, machines à sécher. Vanneuses.	
b. Machines à moudre. Machines pour peler le blé, machines à brosser et petits moulins immobiles.	
c. Petits moulins mobiles, concasseurs, machines à émoudre, laminoirs.	
d. Blutoirs. Machines de mélange).	
2. Moulins salariés 1927—1929 . . . . .	000
A. Résumé des données du pays total, des grands districts et des préfectures . . . . .	168
(a. Guindals, séchoirs, instruments et machines à sécher, vanne- uses.	
b. Machines à moudre, machines pour peler le blé, concasseurs et petits moulins immobiles.	
c. Petits moulins mobiles, laminoirs. Blutoirs. Machines de mélange).	
B. Résumé des données des arrondissements . . . . .	204
(a. Guindals, séchoirs, instruments et machines à sécher, vanneuses et blutoirs.	
b. Machines à moudre).	
3. Moulins de ferme 1927—1929 . . . . .	000
A. Résumé des données du pays total, des grands districts et des préfectures . . . . .	232
(a. Séchoirs, instruments et machines à sécher, petits moulins mobiles, machines pour peler le blé.	
b. Petits moulins immobiles et laminoirs. Blutoirs).	
B. Résumé des données des arrondissements . . . . .	252
(Séchoirs, instruments et machines à sécher, machines pour peler le blé, blutoirs).	

Annexe: 1 cartogramme.



## Innleiding

til andre bolken.

I fyrste bolken av denne statistikken vart det greidd ut um eigedomstilhøve, um mylne- og kvernhus, um verdesummar, um hopelag med andre verksemder og um drivkraft, drivverk og hestekraft etter dei oppgåvone som kom inn då talet på mylnor og kvernar i landet vart teke upp i 1927—1929.

Her i andre bolken kjem det melding um turkone, um reinske-, male- og sikteverk og um vindor (heisar) og anna mottakarverk som mylnone og kvernane hev til kornet. Det er soleis maskinverket innvendes i mylne- og kvernhusa som det vert gjeve melding um i denne bolken. I samanheng med dette er det og greidd ut um dei ulike slag korn- og maltturkor vi hev i landet, og um steinslaga i kvernane.

---

Heilt upp til tida ikring 1800 hadde maleteknikken i mylnone mesta vore ubrigda den same gjenom fleire hundrad år. Det fanst ikkje anna maleverk enn kvernar laga av naturstein, og desse mol helst kornet til sammale mjøl. Mylnor som var noko meir framkomne, hadde likevel siktor av eitkvart slag, men slike mylnor var det svært fåe av her i landet. Siktone dei nytta var helst såld, og siktinga (eller sældinga) gjekk med handmakt.

Upptaket til eit meir tidhøvelegt mylneverk var gjort i Amerika nokre år fyre 1800, og desse nye tekniske framsteg kom snøgt yver til Europa og vart tekne upp i landa der. Den *amerikanske mylna* gjekk heilt automatisk og hadde serskilde reinskeverk med skale- og spissmaskinar. Til skalinga vart det nytta steinkvernar, og likeins til sjølve malinga. Mjølqvernane var helst av franske steinar.

Den siste og største umbøtinga i mylneverka kom i siste halvta av fyre hundradåret (frå 1860—70-åra på lag). Då vart valsestolen teken i bruk, og centrifugalsikta kom istadenfor dei sekskant- eller trummel- (cylinder-)siktor mylnone hadde fyrr.

Sidan hev mylneteknikken gjenge stendig fram og er vorten meir og meir sergreint, med serskilde maleverk for kvart kornslag. I tida etter

1900 er det mest sikteverket som er skifta um. Den moderne plansikta hev no teke råderomet, og centrifugalsikta hev gjenge same vegen som sekskantsikta fyrr.

Her i landet hev handelsmylnone, i minsto frå 1870—80-åra, fylgt sers godt med i den nye mylneteknikken. Bygdemylnone hev derimot lege noko etter, men i det siste hev dei og teke seg mykje upp. Alt til siste hundradårskiftet var likevel ei stor mengd av desse innreidde etter gamal gjerd. Av reinskemaskinar hadde dei mesta berre bliktor, slike som folk no jamnast hev på gardane til å reinska agner og lett Korn frå malekornet. Av kvernar var det umframnt sammalekvernane siktekvernar og grynkværnar. Sikteverket var sikteskåp dei kalla, med sekskant- eller trummelsiktor. Turkor var det truleg heller lite med. Kornavlarane turka kornet sitt sjølve og sende det so til mylna eller kverna etterpå.

I dei åra som er farne etter heimskrigen, hev bygdamylnone vorte sers mykje umlaga. Mange av deim hev fenge heilt nytt mylneverk og sume jamvel plansiktor like eins som handelsmylnone fyrr.

Umlaginga hev gjenge endå meir fram i tida etter at denne statistikken vart teken upp. Dei nye kornlogene frå 1926 og 1928 og korntrygda som er betalt til kornavlarane sidan 1927, hev hjelpt mykje til i denne leida. Mylneeigarane fær meir maling og med det betre råd til å kosta på oppnyingar.

Ein serskild god studnad hev bygdamylnone og havt til dette frå *Statens Møllefond* som gjev lån med låge rentor og på rimelege avdragsvilkor til å byggja nye eller betra gamle mylnor, der dette kann vera turvande. Teikningar og oppkast til slike arbeid kann dei få kostnadsfritt frå Statens Kornforretning.

Likesom i fyrste bolken er alle tabellar her i andre bolken av mylne- og kvernstatistikken sette upp serskilt um handelsmylnor, bygdamylnor og gardskvernar.

Tabellane er desse:


1. tabellen som gjeld *handelsmylnone* og segjer frå um mottakarverk til kornet, um turkor, reinskemaskinar, um maleverket (skalemaskinar, kvernar, valsestolar), um siktor og um blandemaskinar til mjøl og förvaror.

2. tabellen som gjev oppgåvor um det same frå *bygdamylnone*,


3. tabellen som melder frå um talet på turkor og um maleverk og siktor i *gardskvernane*. Um mottakarverk til korn og um reinskemaskinar finst det ikkje oppgåvor frå desse bruka og ikkje um blandemaskinar heller.

## I. Mottakarverk til kornet.

Vi nemner fyrst mottakarverka, som mylnone og kvernane hev til å taka kornet inn. Uppgåvor um desse er sankt ihop frå alle handelsmylnor og bygdamylnor, men ikkje frå gardskvernane. Av dei sistnemnde er det sjølvstøtt berre nokre fåe og då helst av *gardsmylnone*, som hev serskilt verk til å taka mot kornet. I kallkvernane og andre *kvernar* som er på gardane, vil det vera eit hende um det finst ei vinda til dette bruk.



Bil. 1.  
Gammeldags handvinda.




Bil. 2.  
Friksjonsheis.

Av slike verk som det her er tale um, finst det tri slag: *Vindor* (ofte kalla heisar eller hissor), *lyfteverk* (elevatorar) og *sugeverk* (pneumatisk losseverk). Det ser ut til at det berre er handelsmylnone som hev lyfteverk og sugeverk. Bygdamylnone hev ikkje anna enn vindor, og det er og heilt ut rimeleg, med di dei ikkje tek mot korn i store lastar, men berre småe mengder kvar gong frå dei einskilde kornavlarane. Av vindor er det tvo slag. Det eine slaget er den vanlege gamle *handvinda* og det er i røynda ho som jamnast vert kalla vinda. Det andre slaget av vindor er *maskinheisen* som vert driven med mekanisk kraft, i mylne- og kvernbruka oftast med elektrisitet eller vatn. Det er ikkje røkt serskilt etter um talet på kvar av desse vinde-slaga.

Tabellen nedanfor syner talet på bruk med ulike slag mottakarverk:

Handelsmylnor og bygdamylnor	Mottakarverk til korn					Pst. av bruka med mottakarverk %
	Inkje Bruk	Vindor (Heisar) Bruk	Lyfteverk (elevatorar) Bruk	Sugeverk (pneumatisk) Bruk	I alt med mottakarverk Bruk	
Handelsmylnor . . . . .	2	33 <sup>1)</sup>	26 <sup>1)</sup>	6	61	96,8
Bygdamylnor . . . . .	503	500	—	—	500	49,9
<b>Ihoplagt . . . . .</b>	<b>505</b>	<b>533</b>	<b>26</b>	<b>6</b>	<b>561</b>	<b>52,6</b>
Av desse var :						
Valsemylnor . . . . .	2	199 <sup>1)</sup>	24 <sup>1)</sup>	6	225	99,1
Andre mylnor . . . . .	58	252	—	—	252	81,3
<b>Myln bruk i alt . . . . .</b>	<b>60</b>	<b>451</b>	<b>24</b>	<b>6</b>	<b>477</b>	<b>88,8</b>
Kallkvernar . . . . .	312	35	—	—	35	10,1
Grøypekvernar . . . . .	82	18	2	—	20	19,6
Andre kvernar . . . . .	51	29	—	—	29	36,3
<b>Kvernbruk i alt . . . . .</b>	<b>445</b>	<b>82</b>	<b>2</b>	<b>—</b>	<b>84</b>	<b>15,9</b>


1) 4 hadde både vindor og lyfteverk.



Bil. 3  
Gamaldags handvinda oppsett på kai.  
Åkvik i Nordvik (Nordland).  
Fot. ark. H. Vreim.

Av handelsmylnone var det berre tvo bruk (både kvernar) som ikkje hadde noko slag mottakarverk. 61 eller 97 % av alle hadde slikt verk av eit eller anna slag, og 4 som alle samstundes var bygdamylnor, hadde jamvel tvo slag verk til mottakinga, eit slag til handelsmylna og attåt dette vinda til å taka mot korn til leigemaling. Imil- lom bygdamylnone var det ikkje meir enn snaudt halvparten av bruka som hadde mottakarverk, og alle desse var som nemnt vindor. Millom handelsmylnone var det ialt 32 bruk som hadde lyfteverk (elevatorar) eller sugeverk (pneumatisk), og av desse 32 bruka var 30 valsemylnor og 2 grøypekvernar. Dei 2 kvernane høyrde til i tvo maisforretningar som hadde lyfteverk til

kornlossing. Sugeverk var det elles ikkje andre enn 6 brødkornmylnor som hadde rådd seg. Tri av desse låg på Austlandet og Sørlandet og 3 på Vestlandet. Av oppgåvone um dei tekniske ulike slag mylnor og kvernar kann vi sjå at mesta alle valsemylnone hadde mottakarverk. Det var ikkje so mykje som *ein* prosent utan slikt verk. Av andre mylnor hadde 81 pst. mottakarverk, og so fall prosenttalet til 10 pst. i kallkvernbruka, der det var lægst. Gardskvernane var som sagt ikkje bedne um å gjeva upp anten dei hadde mottakarverk eller ikkje. Men det er likevel meldt



Bil. 4.  
Sugeverk (pneumatisk losseverk).

um at 17 av *gardsmylnone* (3 valsemylnor og 14 andre mylnor) hadde vindor med ei vinda i kvart bruket. Det er ikkje rimeleg at det i det heile var stort fleire *gardsmylnor* i landet som hadde slikt verk. Frå *gardskvernane* hev vi inga melding um noko mottakarverk til korn.


Lyfte- eller sugeverk var det ikkje meir enn eitt verk av i nokor mylna. Men av vindor fanst det sume stader fleire. Talet på vindor var det spurt um berre i skjemone til bygdamylnone, ikkje i dei som vart sende til handelsmylnone.

Talet på vindor i dei ymse slag mylne- og kvernbruk millom bygdamylnone var etter 2dre tabellen i tabellverket. (Sjå tabellen neste sida).

Millom valsemylnone fall det i medeltal tvo vindor mesta på annakvar mylna og millom dei andre mylnone tvo på kvar femte so burtimot. I kvernflokken var det ialt berre 4 bruk som hadde tvo vindor, og vindone

Bygdamylnor	Bruk	Vindor	Vindor i medeltal på 100 bruk
Valsemynlor . . . . .	181	266	147
Andre mylnor . . . . .	251	297	118
<b>Mylnor i alt . . .</b>	<b>432</b>	<b>563</b>	<b>130</b>
Kalkkvernar . . . . .	35	38	109
Grøypekvernar . . . . .	6	6	100
Andre kvernar . . . . .	27	28	104
<b>Kvernar i alt . . .</b>	<b>68</b>	<b>72</b>	<b>106</b>
<b>Alt i alt . . .</b>	<b>500</b>	<b>635</b>	<b>127</b>

her var og oftast til handkraft. Vindone (eller hissone) i mylnone var derimot mest tilskipa til mekanisk drivkraft (vasskraft eller elektrisitet).



Bil. 5.  
Lyfteverk (elevator).

## II. Turkor.

Det utanlandske kornet som handelsmylnone mest nyttar, er til vanleg so turt når det kjem til mylna, at det ikkje er naudsynt å få det turka meir.

Annaleis med det norske kornet. Det er ofte heller rått, og det treng jamt turking dersom det skal verta godt mjøl av det. Serskilt gjeld dette um det skal malast til matmjøl. Men det er likevel sume strok i landet (t. d. Nord-Gudbrandsdal, Indre Sogn og noko av Sørlandet), der kornet i vanlege år er so turt at dei kann mala det, i minsto på moderne kvernar, utan serskilt turking fyreåt. På dei gamle kallkvernane var det derimot ikkje so greidt å få dette til, og folk hev difor jamvel i desse stroka vore vane med å turka kornet fyrr det skulde malast.

Kornturkor hev det vore på gardane her i landet frå gamal tid. Men dei var ikkje, og er det ikkje no heller, nytta berre i lag med kvernar. Det er ei stor mengd med gardar som hev kornturkor, men inga kvern. Og det er mange bygdamylnor som til dessar ikkje hev havt turkor, av di folk helst turkar kornet sitt heime og so sender det til kverna etterpå.

Dei kornturkone som finst utyver landet, er av fleire ulike slag. Det fell best å skilja dei i tvo hovudflokkar: *Gamle turkor* og *turkor av nyare slag*. Heilt skarp er fulla ikke grensa millom desse. Soleis kann det vera eit tvilsmål kor ein skal setja helleturkone, serskilt dei med jarnplator til botn. Slike jarnplator hev truleg ikkje vore laga i eldre tid. Ein lyt tru at dei ikkje var komne noko sers i bruk fyre attanhundradtalet. Men det vil likevel vera det rettaste å rekna jamvel desse turkone i hop med gamleturkone, endå dei ikkje er so gamle som dei andre turkone vi hev teke med under denne nemninga.

Elles er det ikkje sers vandt å halda dei gamle og nye turkeslaga ut frå kvarandre.

Som det er sagt ovanfor er dei gamle kornturkone ikkje serskilt nytta i hop med kvernane. Dei høyrer til som ein lekk i gardsdrifta og det finst stundom jamvel fleire slag av deim på same garden. Soleis hev dei på Vestlandet og i Trøndelag mange stader vanleg kornturka (*turkestova*,

*badstova* eller *turkehella*) og serskilt maltturka attåt.\*) I sume strok hev dei og havt serskilde turkor til kvart kornslaget (*gryta* eller *turkehella* til *havre*, *banka* eller *turkestova* [*badstova*] til *bygg*). På Jæren ser det ut til at det hev vore mykje vanleg å ha tri slag turkor, *terre* til å turka kornet (helst rug) på fyrebils, *tussa* til korn som skulde malast og *tarre* til maltturking. På nokre gardar kunde dei fyrr jamvel ha fleire kornturkor av *same* slaget. Helst galdt dette um *badstovor* og *helleturkor*, som det på ein og annan gard kunde vera tvo av. Hadde dei meir enn ei *turkehella* på same garden, var den eine jamnast noko større enn den andre og vart nytta når dei hadde serskilt mykje korn som skulde turkast.

Um dei nye maskinturkone gjeld det og, at det kann vera eikvar på gardar som ikkje hev kvern, men det vanlege er likevel at desse er sette upp i samband med ei mylna eller eit kvernbruk og vert drivne i lag med maleverket.

Det er ikkje her plassen til å skriva nokor heilsleg utgreiding um dei mange ulike slag kornturkor vi hev eller hev havt i landet. Det vil krevja meir etterrøkkjning enn det no hev vore høve til. Her vert det teke med berre so mykje um turkone som det trengst til ei yversyn yver korleis kornet (eller maltet) vert turka fyre malinga, og kva slag turkor folk nyttar no eller fyrr hev nytta til dette. Etter det ein kann sjå fær ein då likevel med mest alle dei serskilde turkeslaga som finst. Ein reknar då upp dei lause turkegreidone og, som endå er ålgjengde i sume landsbolkar. Men desse er ikkje komne med i tabellane, som berre hev med fastbygde turkor.

## Gamle turkor.

Vi nemner fyrst dei gamle turkone, og gjer her utgreidinga lite meir umstendeleg enn det skulde vera turvande til det endemålet vi hev nemnt ovanfor, av di det ikkje er skrive so sers mykje um desse turkone fyrr.

Gamleturkone vert jamnast skilde i tvo hovudslag: 1) *Vanlege kornturkor*, og 2) *maltturkor*. Men skilet millom korn- og maltturkor er ikkje so heilt klårt og hev lite å gjera med korleis dei er laga elles. Mange stader vert dei og nytta um ein annan til malt og til vanleg kornturking. Det vil difor vera greidast her å skilja på same måten som det er gjort i tabellane, millom turkor som frå gamal tid hev vore serskilde *turkehus*, eller um dei no ikkje er i serskilde hus, likevel er skipa til på same vis

---

\*) Umframnt kornturkone er det ikkje so sjeldan dei hev turkor til anna bruk på gardane. Soleis fanst det fyrr sume stader serskild linturka (i Gudbrandsdal kalla *tohus*), og der dei nyttar lauv til krøturfør, er det endå vanleg å ha eit hus til å turka og gøyma dette i (nemnt som *skjå*, *skjul*, *skot* eller *skut*, *skukk*, *skytja* eller *skykkja*. Andre namn finst og). Desse laurturkone er elles mange stader ikkje i serskilde hus. Dei er ofte laga til som utbygg på andre hus. Dette er sers vanleg på Vestlandet. Same slag hus (og utbygg) kann dei og ha ved eller torv i.

som i den tida dette var vanleg, og *helleturkor* der kornet (eller maltet) vert turka på ei hella eller ei plata. Turkor som dei sistnemnde kann og etter det tabellane syner, vera innbygde i hus som einast er nytta til å turka korn i, men det er ikkje turvande, og det mest vanlege er og, at dei er i ei smidja, eit eldhus eller i ein stovekjellar. Elles plar dei på Vestlandet og i Trøndelag mykje nytta namnet *turkehus* (eller *tørkhus*) som eit sernamn på hus med ei turkehella i. Andre hus til å turka korn i som badstovor, kjonor og dil., vert helst kalla med sine rette namn og ikkje nemnde som turkehus.

Umframnt dei turkone vi her hev tala um, kjem so til som eit tridje hovudslag av gamle turkor dei *lause turkegreidone*. Men desse er som sagt ikkje med i tabellane.

### A. TURKEHUS OG DIL.

Nedanfor er rekna upp alle gamle turkor som vi kann skyna opphavleg hev vore i serskilde turkehus endå dei no sume tider berre tek upp eit rom eller i nokre fall jamvel berre ei krå i hus esla til anna bruk. Dette gjeld mykje um kylnone etter vestnorsk og trøndsk byggjemåte og likeins gjeld det um sonnturkone som serskilt Stjørdalsbygdene i Trøndelag hev halde på til dessar.

Turkehus hev det likeins som smidjor vore vanleg alt ifrå gamal tid å byggja noko undan dei andre husa på garden, av di det ikkje er so liten brandfåre med deim.

I opprekninga som kjem nedanfor er det skilt millom turkone mest etter namna, men vi kann sjå at det ikkje er slik alltid, at eit serskilt namn er noko merke på at turka stend so klårt ut frå andre turkor med anna namn. Vi kann truleg rekna med at det i alt finst på lag 4 eller 5 sermerkte slag gamle turkehus i landet, og desse er:

1. Badstovor. Her kjem den norske og den kvænske badstova, turkestova og makinna.
2. Kjonor på Austlandet.
3. Kylnor på Vestlandet og i Trøndelag, tarrehus på Jæren og torn i Nordhordland og på Voss.
4. Sonn i Trøndelag.
5. Rya på Finnskogane i Solør.


Skilnaden millom 3 og 4 er ofte ikkje sers audsynt og det ser ut til at dei sumtid er mesta likeins laga. Men vi kann likevel skyna at dei frå fyrsten hev vore greidt skilde frå kvarandre, og der dei båe endå er kjende, hev folk det klårt for seg at desse er tvo serskilde turkeslag. Sjå meir um dette i stykket um sonn.

Av turkone som her er nemnde, er kjona og rya helst nytta til kornturking, kylna, tarrehus, torn og sonn til maltturking. Badstovone, turkestova og makinna brukar dei til å turka både korn og malt i.

## 1. Badstovor.

### a. Den norske badstova.

Av dei gamle turkehusa vi hev i landet, er badstova den som gjeng vidast. Ho hev truleg vore nytta til å turka korn i alt i millomalderen,



Bil. 6.

Badstova på Skattum i Vang (Hedmark). Langskurd.  
a eldsrom, b framrom, c gneistehatt.  
Etter *Glærum*<sup>1)</sup>.

og vi kann i visso gå ut frå, at ho mange stader hev vore i bruk til kornturking og, i den tida då dei hadde ho til badehus. Elles er det vanleg å segja at badstovone vart tekne til kornturkor då folk heldt opp med dei gamle badeskikkane og soleis ikkje trong desse husa til å bada seg i lenger.

Badstovone var i


gamle dagar vanlege yver heile landet, både på store og småe gardar. Ja, det kunde jamvel henda at det fanst *two* badstovor på same garden.

Umframt til korn- og maltturkor var badstovone fyrr, og er det mykje endå, nytta til å turka kjøtt i, og i eldre tid var dei og linturkor. I Hardanger turkar dei jamvel potetmjøl i badstovone (og turkestovone).

Etter dei oppgåvone vi hev frå 1927—1929, fanst det då badstovor som var nytta til korn- eller maltturking, i desse landsbolkane:

Heile *Sørlandet* (Agderfylka og Telemark).

På *Austlandet*: I dalbygdene i Buskerud (Numedal, Sigdal, Hallingdal), på Ringerike og på Modum, og dessutan i Eidsvoll i Akershus fylke. Resten av *Austlandet* hadde kjonor.



Bil. 7.

Badstova på Skattum i Vang (Hedmark). Tverskurd.  
Etter *Glærum*<sup>1)</sup>.

<sup>1)</sup> Ritet er teke ut or ei melding frå forsøksleidar O. *Glærum* um: „Berging, lagring og tørking av korn“ i „Beretning fra Statens forsøksgård på Møistad for 1922“.

På *Upplanda*: I Hedmark fylke hadde Hedmark futerike og Østerdalen badstovor. I Vinger og Odal og i Solør var nytta kjonor, men i Solør fanst det og badstovor, serskilt på Finnskogen. Um desse kvænske badstovone viser ein til det som stend her nedan under b.

Opland fylke. Her fanst badstovor på Hadeland, Land og Toten. I Gudbrandsdalen og Valdres hev dei turkestovor.


På *Vestlandet*

var badstovone kjende i Rogaland fylke (i Dalane og dei inste bygdene i Ryfylke) og i Hordaland (i Odda, sørst i Hardanger).

I *Trøndelag*: Sør-Trøndelag: Badstovor fanst i futerika Strinda og Selbu, Orkdal, Gauldal og i dei sørste bygdene i Fosen (upp mot Orkdal).


I Nord-Trøndelag: Her var det berre Finnlian (Nordli og Sørli) som no hadde badstovor.

I *Nordlanda* hadde bygdene frå og med Nord-Helgeland og nordetter badstovor, men det er ikkje heilt klårt um desse hev vore der frå gamal tid, eller um dei er komne oppyver dit under den store bureisinga sist på syttanhundradtalet og fyrst i attanhundradåra, då folk frå Upplanda og Trøndelag flutte ut og sette seg ned der.




Bil. 9.  
Badstova på Osen i Lund (Rogaland).

I Nordlanda, likeins som sørøst, var det einast dalbygdene som hadde badstovor att. I sjøbygdene er dei mykje godt komne burt yver heile landet. I Nordland og Troms er det ikkje mange som endå stend



Bil. 8.  
Badstova frå Telemark. Tverskurd.  
Etter *Glerum*<sup>1)</sup>.

<sup>1)</sup> Ritet frå same meldinga som er nemnd i merknaden på 20. sida.




Bil. 10.  
Badstova på Osen i Lund. Grunnrit og tverskurd.

i dalbygdene heller. Dette var stoda i 1927—1929. Men vi veit frå stadnamna og frå meldingar som finst frå gamle dagar at badstovone i millomalderen var i bruk i alle bygder i landet heilt frå ytste øygarden og upp til dei øvste fjellgardane.\*)

Der badstovone ikkje er kjende no, lyt ein tru at dei er komne burt etter den tida då det vart slutt med å ha dei til å bada i.


Badstovone er ikkje heilt like alle stader i landet. Men det vil vera vandt å skilja ut sermerkte slag etter dei ulike landslaga. Turkemåten er og alle stader mesta den same. Kornet vert lagt på hjellar eller benker som er sette upp langs med veggene, og turka med varmen frå ein røykomn (eller røysomn som dei seier på Vestlandet). Omnen stend ofte midt på golvet, men kann og




Bil. 11.  
Badstova på Hildal i Odda (Hordaland).

\*) Det finst ei skrift um tilhøva på Røst i Lofoten frå italianen Querini som dreiv i land der i 1432 etter eit forlis i Norskehavet. Det syner seg at dei då hadde badstovor der og. Desse badstovone vart nytta som badehus.

vera bygd i eine hyrna på badstova, og då helst attmed inngangsdøra som alltid er på tverveggen. Golvet er anten berre jordgolv eller kann og vera steinlagt (med hellor). Det finst aldri tregolv i desse stovone. Badstovone er helst timberhus, men på Vestlandet og Sørlandet hev dei sume stader badstovor med vegger bygde upp av gråstein. Oftast er likevel dei par øvste umfara av timber og likeins er og raustet timbra.




Bil. 12.  
Badstova på Hildal i Odda. Grunnrit.



Bil. 13.  
Badstova på Hildal i Odda. (Målstokk og tilvising um korleis skurdane er tekne sjå bil. 12).

Taket var alltid jord- eller torvtak fyrr. No hev dei stundom spon-, skiffer- eller tiglsteintak. Til å få ut røyken som kjem frå omnen



Bil. 14.  
Badstova på Skålvoll i Støren (Sør-Trøndelag).  
Fot. ark. H. Vreim.


er det laga serskilde gluggar i veggene. I dei vanlege badstovone er desse helst i raustet. I sume bygdelag kann ein sjå at det i nytida er sett upp jarnomnar i badstovone og med skorsteinspipor til å leida burt røyken. Men sers vanlege er slike badstovor likevel ikkje.

Når badstova skal nytast til kornturking sopar dei fyrst hjellane (eller benkene) heilt reine og so vert kornet tømt utyver. Etter dette tek dei til

med å elda i røysomnen, og dei eldar her so lenge til omnen er heilt gjennomvarm. Brenslet lyt vera lauvved, helst olderved eller og bjørkved. Når eldinga er slutt og all veden hev brunne upp, vert døra sett open og røyken lufta ut gjennom gluggane. Desse stenger dei so etterpå med serskilde trekubbar som er laga til dette. Ofte hev dei og noko strige eller anna slag ty imillom, soleis at holet kann verta heilt tett.

Kornet lyt liggja på hjellane til det hev fenge den turrleiken det skal ha, og det lyt rotast i det kvart etter anna både under sjøelve eldinga og etterpå, so lenge det ligg i badstova.

Turkinga tek jamnast frå eitt til tri døger. Det skil her mykje um kornet er rått eller hev vanleg turrleik, og um det skal turkast lite eller sers godt. Det kann jamt turkast på ein gong frå 2—3 upp til 5—6 tunnor korn og meir etter som badstova er stor til.




Bil. 15.  
Badstova på Skålvoll i Støren. Grunnrit.  
Mælt og rita ark. H. Vreim.


Skal dei turka kjøtt i badstova, vert dette hengt upp under takåsane på stokkar, og so vert gluggane tetta fyrr eldinga byrjar.

Det som mest skil badstovone i dei ymse kantar av landet ut frå kvarandre, er måten røykomnane er bygde på. Desse kann sume stader vera sers einfelt laga og likjest då mykje på ei vanleg steinrøys. Andre stader er dei mura fint upp og er mykje forseggjorde elles. I nokre bygder finn ein omnar

som er mura upp i mannshøgde og meir, og i andre kann røykomnen vera mesta flat med ei høgde yver golvet på ei alen eller so på lag og berre ei steinhella lagt yver eldsromet. Hellor til dette bruket er ofte av kleberstein som toler varmen betre enn andre steinslag. Slike flate røykomnar er og stundom laga til soleis at muringa gjeng yver heile breidda på badstova og tek upp storparten av romet elles. Det er då og sumtid lagt hellor yver heile omnen, so det vert som ei stor flata



Bil. 16.  
Badstova på Skålvoll i Støren. Tverskurd. (Målstokk sjå bil. 17).  
Mælt og rita ark. H. Vreim.



Bil. 17.  
Badstova på Skålvoll i Støren. Langskuid.  
Mælt og rita ark. H. Vreim.


med elding under. I bygder der denne skikken råder (t. d. i Dalane og i turkestovone nokre stader på Sunnmøre) kallar dei denne steinflata *ein bed (bé)*. Yver beden, jamnast  $\frac{1}{2}$ —1 m. upp i høgda, er turkebenkene sette upp, men det hender og at sjølvne beden vert nytta til å turka korn på. Ja, det finst badstovor (t. d. i Dalane) der turkebenkene er komne heilt burt og berre beden er att. Kornet vert då turka berre på denne. Slik er det og sume stader i Sør-Trøndelag. Men her vert beden helst kalla *hjell (kjell)*.

Hjellane eller turkebenkene er gjernast laga av bord, i eldre badstovor sumtid av klovningar (stokkar kløyvde i tvo, i Trøndelag ofte kalla *halvklovningar*).




Bil. 18  
Badstova på Åeng i Nord-Rana (Nordland).  
Fot. ark. H. Vreim.

På Vestlandet og i Nordland kann dei stundom vera av steinhellor, og det kann henda at dei er av jarnplator og, men det siste er sers sjeldsynt. Det vanlege er at badstovone hev berre ei høggd med slike hjellar eller benker. Men dei finst og sume stader i tvo høgder og ein og annan gong i tri. I nokre bygdelag (t. d. Telemark) er det sagt at det finst badstovor med både ei og tvo hjellehøgder. Det er då helst smågardane som



Bil. 19.  
Badstova på Åeng i Nord-Rana.  
Grunnrit. (Målstokk sjå bil. 21).  
Mælt og rita ark. H. Vreim.



Bil. 20.  
Badstova på Åeng, Nord-Rana. Tverskurd.  
a syll, b raft, c. ledås (leås), d skaftung, e torvhald,  
g langtrod, h kornbel. (Målstokk sjå bil. 21).  
Mælt og rita ark. H. Vreim.

*Hjell*, m., eller *turkehjell* er den nemninga dei hev på turkebenkene serskilt i Trøndelag og på Upplanda og likeins i Møre fylke, nokre stader t. d. i Gauldal uttala *kjell*. I Nord-Gudbrandsdal, der dei elles ikkje nyttar


badstovor, men turkestovor, vert sagt *sjell*, m. Lenger sør, i Hallingdal, Telemark og stroka som valdar imot på Vestlandet, segjer dei helst *benk*, m., *badstovebenk* (*basstubenk*), sume stader og *turkebenk* (i Hardanger). I Agderfylka er namnet *pall*, m., eller *padl* det vanlege, i Setesdal *padd*. I Nordland vert det sagt *bel m.* eller *kornbel*.

Elles hev og namnet på sjølve turkehuset ymse former etter dei ulike målføra. Den forma som hev største


råderomet, er *bastu* eller *basstu* (bunden form *bastua*). I Setesdal segjer dei *basstoge* og likeins i sume bygder i Telemark og Vest-Agder. Nokre stader her hev ordet og den regelrette skrivemålsforma *badstove* eller *badstova*. Den sistnemnde forma er og nytta i Hardanger. I trøndske målføre heiter det *basstugu* og same nemninga kann ein finna på Upplanda.

#### b. Den kvænske badstova (sauna).

Eit serskilt slag badstovor som vert nytta sume stader i landet, er den *kvænske badstova*, på kvænsk eller finnländsk mål kalla *sauna*. Ho er kjend frå Finnskogen i Solør og lyt ha kome dit då kvænane eller — som dei segjer — finnane vandra inn i landet på sekstahundrad-




Bil. 21.  
Badstova på Åeng, Nord-Rana. Langskurd. c ledås d skaftung.  
Målt og rita ark. H. Vreim.



Bil. 22.  
Kvænsk badstova på Rotneberget, Grue Finnskog (Hedmark).

talet. Ho er helst nytta til badehus, men sumtid og til korn- og maltturka. Umframt på Finnskogen er det og kvænske badstovor i Troms og Finnmark. Den kvænske badstova slik som vi hev ho på Finnskogen, skil seg som fyrr sagt noko, men likevel ikkje so sers mykje, frå den vanlege norske badstova. Likeins som elles i landet hev badstovone på Finnskogen inngang i tverveggen, og dei er alle timberhus. Innanfor døra er røyk-omnen i eine hyrna. Han er heller stor,  $1\frac{1}{2}$  m. eller meir i firkant, og ovanpå omnen er det lagt ei mengd med steinar. Når omnen er elda upp — helst med lauvved — so han hev vorte varm all i gjenom, slær dei vatn upp på steinane soleis at badstoveromet vert fullt av vasseim.



Bil. 23.  
Badstova på Rotneberget i Grue Finnskog. Grunnrit.

Inne i stova midt imot døra er benken folk ligg på under badinga. Denne benken vert kalla *laven* (*lave*, m.) og er oftast  $1\frac{1}{2}$  m. eller so upp frå golvet (same høgd som akslene). Nedanfor laven er det jamnast ei fjøl eller ein smal benk til å sitja på.


Taket på desse badstovone var i eldre tid alltid nævertak dei kalla, og var laga soleis:

Undst var det lagt runde stokkar eller staurar og ovanpå desse nærer. Uppå nævra klovningar med den flate sida nedst. I nedkanten på taket, der kor vatnet renn ned, var det lagt ein planke eller eit bord til å halda imot. Istaden for nævertaka, som no er mesta burtkomne, hev flestalle av desse badstovone i dei seinste åra fenge spontak.

Elles hev dei kvænske badstovone på Finnskogen og eit anna serdrag som skil dei ut frå vanlege norske badstovor. Dei hev eit loft lagt yver

sjølve baderomet. Dette loftet er laga til å halda baderomet tett og gjer då at varmen held seg lenger i romet. Det er jamnast bygt ein meter eller so yver laven og er sameleis som taket helst laga av klovningar. Desse er lagde tett i hop med mose ovanpå og uppå mosen eit lag jord. Til å få ut røyken frå badstova etter eldinga er det likeins som i dei norske badstovone ein glugge i vegggen, men her helst på langveggen eit lite stykke nedunder loftet. Til å stengja gluggen hev dei ofte ei skuvluka.

Dessutan hev dei i alle kvænske badstovor tvo åsar som gjeng yver heile breidda på badstova, ein på kvar sida av røykomnen. Desse er til å „brenne lus“ på, som dei segjer. Skinnfellar, sengklæde og anna som det hev kome uty i, vert hengde på rajor, som dei legg upp yver åsane. So eldar dei sers godt i røykomnen og slær vatn på omnsteinane til det vert so varmt at ingen kan vera i badstova. Dette skal vera den beste måten å få burt utyet på. Åsane er ikkje komme med på bil. 23.



Bil. 24.  
Badstova på Rotneberget i Grue Finnskog.  
(Målstokken og rettleidinga um korleis skurdane er tekne, sjå bil. 23).


Som nemnt vert dei kvænske badstovone umframnt til bading og nytta eit grand som korn- og maltturkor, helst til maltturking, men sumtid kann dei og turka ein sekk bygg eller tvo til „kokmjøl“ der. Den vanlege kvænske kornturka er elles rya som det vert skrive meir um sidan. Det er likevel sagt at det fyrr, i tida etter at ryone kom meir burt, ikkje var so sjeldan at dei på „finnegardene“ turka alt korn i badstova.

Turkemåten er i desse badstovone som i dei norske. Dei legg kornet og maltet upp på laven og so vert det elda i røykomnen, helst med lauvved, men sjølsagt slær dei då ikkje vatn på steinane.

Dei kvænske badstovone som finst i Troms og Finnmark hev ein ikkje røkt noko meir etter um. med di desse berre er nytta som badehus. Dei er truleg noko annaleis laga enn kvænbadstovone på Finnskogen.

## 2. Turkestova.


Turkestova kann ein helst segja er eit serskilt slag av badstovor som dei hev til korn- og maltturkor i bygdene på Vestlandet og sume stader på Upplanda.



Bil 25.

Turkestova med skorstein frå Bjørnstad i Vågå, no i „De Sandvigske Samlinger“. Langskurd. Bil. frå *Anders Sandvig* si bok um samlingane, Oslo 1928.

Turkestovone er i det store og heile bygde likeins som badstovone og turkemåten er og den same. Umframt til korn- og maltturkor vert baa stundom nytta til å røykja eller turka kjøtt i, og i Hardanger til å turka potetmjøl i.



Bil 26.

Turkestova frå Bjørnstad i Vågå. Grunnrit. Bil. frå *Anders Sandvig* si bok um saml.

Det er etter dette ikkje nokon sers skilnad millom desse tvo turkeslaga, dei vert og sume stader kalla badstovor og turkestovor um einannan.

Likevel kann ein segja at turkestovone hev nokre serdrag som tykkjest vera heller sjeldsynte hjå badstovone. Soleis ser det ut til at turkestovone oftast hev tvo høgder med hjellar (eller turkebenker). Som sagt fyrr er det og mange badstovor med tvo hjellehøgder, men det mest vanlege er likevel at hjel-

lane her er berre i ei høgd, og serskilt gjeld dette um badstovone av det gamle slaget.

På den andre sida hev og dei eldste turkestovone i minsto på Upplanda ofte berre ei hjellehøgd.

Grunnen til denne skilnaden er helst den at badstovone er laga etter gamal gjerd slik som det var turvande når dei og skulde nyttast til badehus. Det laut då vera berre ei høgd med hjellar. Turkestovone er derimot etter det ein kann skyna, bygde einast til turkehus og er derfor innreidde serskilt til dette bruket. Med tvo hjellehøgder kunde dei sjølv sagt på same tida turka meir korn og nytta ut turkevarmen betre enn dei kunde gjera i ei like stor badstova som var bygd på den vanlege gamle måten.

Turkestovor fanst i 1927—29 i desse landsbolkane:


På *Upplanda*: I Valdres og Gudbrandsdal. Namneforma var i Valdres *tørrstogo* og *trøstogo*, i Gudbrandsdalen *tørrstugu* og *trystugu*, i Sør-Gudbrandsdal jamvel drege i hop til *trystu*.

På *Vestlandet* fanst turkestovor i Hardanger, Sogn, Nordfjord og Sunnmøre. I Hardanger segjer dei helst *turkestova*. I Sogn vert dei mest kalla *turk* m. eller *turka* f., og på Sunnmøre er det vanlege namnet *turkestove*. I *Trøndelag* hev dei slike turkehus i Romsdal, nemnde som *turkstove*, og i nokre bygder i Nordmøre. Her vert dei kalla *tørkstugu* eller *tørrstua*.

Turkestovone hadde lik-eins som badstovone alltid


jord- eller torvtak fyrr. No hev dei mykje bord-, spon-, skiffer- eller tiglsteintak. Sers ofte kann ein sjå turkestovor med skiffertak i dei stroka der slik stein finst.

Inne i turkestova er det som i badstovone elles ein røykomn anten midt på golvet eller i eine kråa tett attmed inngangsdøra, og røyken frå



Bil. 27.


Turkestova frå Istad i Ø. Slidre (Valdres) no på Folkemuseet, Bygdøy. Grunnrit. d. nov. (Målestokk sjå bil. 28). Målt og rita ark. H. Vreim.



Bil. 28.

Turkestova frå Istad i Ø. Slidre. Tverskurd.  
a turkehjellar, b tørtestokk, c raft.  
Målt og rita ark. H. Vreim.


omnen gjeng ut gjennom gluggar i veggene. I Hardanger skal det og ha vore turkestovor med ljore i taket til å sleppa ut røyken gjennom.



Bil. 29.  
Turkestova på Løset i Stordalen (Sunnmøre).  
Fot. ark. H. Vreim.


Hjellane eller turkebenkene er anten sette på langveggene eller og på eine tverveggen midt imot døra, og millomrommet millom dei to hjellhøgdedene er jamnast frå ein halv upp til ein meter, sjeldan meir. Hjellane er mest av bord med ein karm, oftast ein planke, ytst til å halde imot so kornet ikkje ryd utyver. Men mange stader hev dei og hjellar av steinhellor. I turkestovone på Sunnmøre er røykammen same stader laga til som ein *bed* (sjå um denne

framum) og det er sagt at korn eller malt sumtid vert turka både på bedene og på hjellane som er sette upp på veggene ovanfor. I Gudbrandsdalen er turkestovone ofte innreidde med klebersteinsomn og skorstein til å leida burt røyken. Huset kann her, serskilt på storgardane, ofte




Bil. 30.  
Turkestova på Løset i Stordalen (Sunnmøre). Grunnrit.  
Målt og rita ark. H. Vreim.


vera bygt i tvo høgder og dei stend likeins som kjonone på Austlandet helst nedanfor ein bakkekneik. Frå toppen på bakken er det då lagt bru yver til andre høgda. Det er inngangsdør til turkestova både i fyrste og andre høgda. I fyrste høgda er klebersteinsomnen og ei høgda med hjellar. I andre høgda er heile golvet lagt med skifferhellor soleis at det vert som ein stor hjell yver det heile. Både hjellen i fyrste høgda og



Bil. 31.  
Turkestova på Løset i Stordalen. Tverskurd. (Målstokk sjå bil. 30).  
Mælt og rita ark. *H. Vreim*.



Bil. 32.  
Turkestova på Løset i Stordalen. Langskurd. (Målstokk sjå bil. 30).  
Mælt og rita ark. *H. Vreim*.



Bil. 33.  
Turkestova på Glærem i Surnadal (Nordmøre).  
a. dør, b jordgolv, c turkehjellar.  
Etter *Glærum*\*\*).


70—80 cm. høge. Djupna innyver er 2½ meter. Turkehjellane som er av steinhellor er lagde jamnhøgt med yverkanten på røykammen soleis at det vert som ein bed. Andre høgda eller loftet er likeins av steinhellor lagt på tre-åsar. Midt på dette steinloftet er det eit firkanta hol (60 × 60 cm.) med ein trekarm ikring (20 cm. høg). Kornet vert teke upp i andre høgda og derifrå tømt gjennom dette holet ned på turkehjellane i fyrste høgda og spreidd utyver i eit lag på 10 cm. eller so, og etterpå likeins i andre høgda. Varmen og røyken frå omnen gjeng ut i romet i fyrste høgda og so gjennom det nemnde holet upp i andre høgda. Det er sagt at dei i ei slik turkestova kunde

turka på ein gong 4—5 tunnor korn og turkinga tok jamnast 2 til 3 døger, um kornet skulde verta høveleg til å mala på ei gardskvern.

golvet i andre vert nytta til korn- og maltturking. På småe gardar hev dei likevel i Gudbrandsdalen som andre stader havt turkestovor med røyk-omnar og då berre med ei hjellehøgda likeins som i badstovone.\*)

Turkestovone i Valdres hev som vanleg tvo høgder med hjellar.

Eit serskilt slag turkestovor ser det ut til hev vore i bruk i Nordmøre\*\*). Desse turkehusa er bygde i tvo høgder og noko større enn slike hus elles plar vera, 6—7 m. i lengda og 4—5 m. i breidda. Høgda oppunder raften er 2,5 m. på lag. I fyrste høgda er røykammen som er mura upp av gråstein i ei høgda på i kring ein meter. Han er flat ovanpå og hev tvo rom til å elda i. Desse roma er laga som eit slag kvelvingar og



Bil. 34.  
Turkestova på Glærem i Surnadal.  
a eldsrom, b loft, c steinhellor (hjellar) d hol.  
Etter *Glærum*\*\*).

\*) Det som er skrive um dei gudbrandsdalske turkestovone er mest teke ut or boka: De Sandvigske Samlinger av *Anders Sandvig*, Oslo 1928


\*\*) Rita her og utgreidinga um turkestovone i Nordmøre er tekne or meldinga frå *O. Glærum* um berging, lagring og torking av korn i „Beretning fra Statens Forsøksgård på Moistad for 1922“.

### 3. Makinna.

I Namdalen (Finnlian undanteke) og på Sør-Helgeland hev dei til dessar havt ei kornturka som vert kalla *makjinn'*, f. eller *mekkjinn'*, f. (bunden form *makjinna* eller *mekkjinna*) i Namdalen eller *makjen*, f. på Helgeland.\*) Uttala er med dobbelt tonelag. Den opphavlege forma er som *Ross* hev vist *maltkylna*. På svensk mål er ho kalla *maltkølna*. Makinna vert nytta til å turka både korn og malt i.


Etter namnet skulde ein helst tru at makinna var ei kylna av eitkvart slag. Men det er ho ikkje. Makinna slik som ho er kjend no, lyt reknast som ei badstova, berre med eit

serskilt namn. Det kann henda at det frå fyrsten hev vore ein berrsynt skilnad anten i byggjemåten eller på anna vis millom badstovone og



Bil. 35.

Makinna på Klykkja (Klykken) i Overhalla (Namdalen).



Bil. 36.

Makinna på Klykkja i Overhalla. Grunnrit.  
I Røykonn, II Turkehjellar.


makinnone som gjorde at desse sistnemnde fekk eit anna namn. Men kva dette kann ha vore, vil det vera uråd å segja noko visst um no, i minsto vil det vera turvande å røkja meir etter um ein vil ha dette fastslege.

I ei uppskrift frå Overhalla er det sagt at makinnone der, umfram til korn og malt, ofte vart nytta til å turka lin og kjøtt i. Dei var timberhus og innreidde med fastbygde hyllor (hjellar) langs veggene. Som nemnt i fyrste stykket um

badstovone, vert desse hjellane på Helgeland kalla *belar* av *bel* eller

\*) Gardnamnet *Makjenvollen* i Vevelstad på Helgeland er visst ihopsett med dette ordet makjen. Tydinga i „Norske Gaardsnavne“ XVI bandet, sida 50 (av magatjern) kann då ikkje vera rett.

*bell*, m. opphavleg *bedil* m. Hjellane var ein meter i breidda eller meir og laga av klovningar. Uppå desse var det klemt leir. Hjellane var og sumtid laga av steinhellor eller i nytida av jarnplator. På desse hjellane vart då kornet eller maltet lagt.



TVERSKURD A-A

Bil 37.

Makinna på Klykkja i Overhalla. (Målstokk sjå bil 36).

Det vart elda i ein steinomn (røykomn) som stod attmed tverveggen midt imot døra, men ikkje nærare veggen enn at det var plass til ein turkehjell millom omnen og veggen og. Turkehjellane var på lag ein meter upp frå golvet.

Røykomnen var ofte bygd upp noko høgare enn turkehjellane, upp til halvannen meter eller vel so det, og hadde sumtid tvo hol, eitt til ilegget og eitt lenger upp der røyken gjekk ut. Attum omnen var det eit hol upp i veggen på makinna, soleis at røyken kunde koma ut or huset. Skulde dei røykja kjøtt i makinna, vart røykholet i veggen stengt att so røyken heldt seg inne.

Makinnor er det som sagt ikkje kome oppgåvor um utanfor dei tvo nemnde landskapa Namdalen og Helgeland. Kann henda hev dei gjenge vidare fyrr, men ikkje sers mykje. Det ser ikkje ut til at dei hev vore kjende nordanfor Vefsn. I Namdalen som fulla hev havt storparten, stod det i 1927—29 berre att nokre fåe. Dei var mest til nedfalls. På Helgeland var det endå i 1927—29 ei og anna som var brukande. Men etter meldingar som ein hev fenge sidan, er mesta alle desse og komne ut or bruk no.



Bil. 38.

Makinna på garden Hattfjellidal i Hattfjellidal (Nerdland)  
Fot. ark. H. Vreim.


#### 4. Kylna og kjona.

I store luter av landet hev dei frå gamalt havt eit anna slag med kornturkor eller maltturkor bygde som serskilde hus. Det er *kylna*. Ordet *kylna*, f. er opphavleg ætta frå latin. Det heitte der *culina*, f., og tyder kjøken eller ein kokeomn til å flytja. Det er so teke upp i det angel-

saksiske målet i forma *cylen*, f. (eller *cyln*, f.), som tyder omn og finst framleies i engelsk, — no skrive *kiln* (uttala *kill*), — som nemning på ei badstova eller ein turkeomn. Frå angelsaksisken er ordet gjenge yver i dei norderlandske måla og vart i gamalnorsk til *kylna*, f. (likeins som endå i nynorsk) i gamalsvensk (og i nysvensk) til *kølna*, f. og i gamaldansk til *kølnē*. I nydansk er ordet umlaga til *kølle*.

Ljodskiftet og umlaginga er heilt samsvarande med det som gjeld um ordet *mylna*, f., (frå latinsk *molina*, f., angelsaksisk *mylen*, f., engelsk *mill*, dansk *mølle*), og som det er skrive um i fyrste bolken. Jamvel i dei ulike målføra her i landet hev desse tvo orda vorte brigda på same måten. Likesom *mylna* på Austlandet vart laga um til *mjulna* vart *kylna* i austnorske målføre sist i millomalderen gjort um til *kjulna* og då l'en sidan fall burt (jamnfør *Mjøndalen* av *Mjøludalr*) er ordet no på Austlandet vorte til *kjone* (bunden form *kjona*).

Det er rimeleg å tru etter det samsvaret som dei bae orda *mylna* og *kylna* syner i ljodbrigde og på anna vis, at dei hev kome til oss noko




Bil. 39.

Kjona frå Gopperud i Trøgstad (Østfold), no i Trøgstad museum.  
Mælt og rita ark. H. Vreim.

so nær samstundes, og vi kann i visso rekna med at kylna hev vore kjend her i Norig heilt frå vikingtida.

På Vestlandet og i Trøndelag er kylna so vidt ein veit alle stader nytta einast til maltturka. På Austlandet er ho derimot ei vanleg korn-turka.

Det er fulla so at det no oftast ikkje finst kylnor (eller kjonor) i bygder der dei hev badstovor. Serskilt um Austlandet og Upplanda gjeld det, som vi og hev nemnt fyrr, at grensa millom dei valda der badstovone råder, og dei som hev kjonor, kann vera heller skarp. På Hedmark (futeriket) og i Eidsvoll fanst soleis i 1927—29 badstovor, men i bygdene sørانfor frå og med Nes på Romerike berre kjonor. Likeins var det kjonor i Vinger og i Odalen.



Bil. 40.  
Kjona på Elle i Frogne (Akershus). a brut, b dør til eldsromet.  
Eller Glarum\*).

Av stadnamna kann vi likevel sjå at det ikkje hev vore slik i eldre tid. Kjonone hev då gjenge vidare. Gardnamna *Kjonerud* (gamalnorsk *Kylnurud*) i Nes på Hedmark, i Ringsaker og i Stange er eit prov på at kjonor i gamal tid hev vore vanlege i Hedmarkbygdene der det no finst berre badstovor. Likeins er det sagt at kjonor hev vore nytta i Opland til og med Land. Det syner seg etter dette at det helst er i flatbygdene på Austlandet at kjonor hev rådd grunnen. Uppe i dalane var dei truleg ikkje kjende.

Men det finst fråsegner um at desse flatbygdene fyrr hev havt badstovor og. Hjà Ross („Tillæg til Norsk Ordbog av Ivar Aasen“, under ordet *Badstova*) er det soleis nemnt at badstovor hev vore bruka t. d. i

\*) I meldinga um berging, lagring og tørking av korn i „Beretning fra Statens Forsøksgård på Moistad for 1922“.

Østfold. Der hadde dei i gamle dagar slike til å turka *lin* i. Kjonone var til korn- og maltturking. Det same er det meldt um frå Stod i Nord-Trøndelag. *O. Nordgaard*\*) segjer at dei heilt upp til 1870 hadde badstovor som vart nytta til linturkor. Til å turka korn og malt hadde dei kylnor og sonn.

Vi kann rekna med at det finst tvo hovudslag i landet av kylnor. a. den austlandske *kjona* og b. den vestlandske og trøndske *kylna*.


#### a. Kjona.

Kjona som vi finn ho på Austlandet no, hev jamt tvo høgder og er bygd av timber. Til vanleg er ho sett upp i ei grop eller nedanfor ein bakkekneik som liver mot vind og kjø, soleis at varmen held sig i huset og avkjølinga vert seinka, og til same endemålet er taket og stundom tekt med halm. Frå toppen på bakken gjeng det jamnast ei lita bru til døra i andre høgda i kjona, og yver denne brua vert kornet bore inn i turkeromet.

I nedste høgda er eldstaden, som oftast ein åre med flate hellor til botn og ein karm eller ring av lause steinar lagde i kring. Men det finst og kjonor som hev røykonn til å elda i.

Dette eldsromet kann sume stader vera heller lågt. I kjonone i Akershus og Hedmark er millomromet millom jordgolvet og loftet i nedste høgda ofte ikkje meir enn  $1\frac{1}{4}$  til  $1\frac{1}{2}$  meter og sjeldan yver 2 meter. I kjonone i Østfold, serskilt i dei indre bygdene, er det derimot jamt høgare, og kjonone her ser ut til å vera noko annaleis bygde elles og.

I andre høgda i kjona er turkeromet. Det er helst noko større enn eldsromet nedunder både i høgda og i rømda elles. Til vanleg er, i minsto i dei gamle kjonone, denne høgda bygd noko utyver veggen i den nedste, soleis at heile kjona vert sjåande ut på lag som eit gammalt stabbur. Kornet vert her lagt i ein bingje med eit spileverk (kalla *kjone-*




Bil. 41.  
Kjona på Elle i Frogn. Tverskurd.  
c steinbotnet i kornbingen, d kornbinge, e gang ikring  
kornbingen, f eldstad.  
Etter *Glærum*.

\*) Stod i Fortid og Nutid. Trondhjem 1914.

*spile*, n. eller berre *spile*, n.) til botn. Det spileverket som no mest vert nytta i kjonone og likeins i dei vestlandske og trøndske kylnone, er oftast eit lag med fjøler som det er bora ei mengd med småe hol i, soleis at heile bordlaget ser ut mesta som eit såldbotn. I sume moderne kjonor kann spileverket jamvel vera laga av jarnplator som det er slege hol i på same måten. Kornet ligg då heilt nedpå dette spileverket utan noko anna underlag.

Men slike spileverk som dette sistnemnde er truleg ikke av dei eldste. Upphavleg må spileverket ha vore eit lag med rettelege spilor (eller




Bil. 42.

Kjona frå Melstrøm i Sør-Odal (Hedmark), no på Folkemuseet, Bygdøy.

Grunnrit.


Målt og rita ark. H. Vreim.




Bil. 43.

Kjona frå Melstrøm i Sør-Odal. Langskurd og tverskurd.

Målt og rita ark. H. Vreim.




Bil. 44.  
Eldhus med kylna og turkehella. Stuve på Stord i Sunnhordland.  
Fot. ark. *H. Vreim*.



Bil. 45  
Eldhuset på Stuve med „kylna“ (kylna) og „turkeovn“ (turkehella). Grunnrit.  
Målt og rita ark. *H. Vreim*.

kjeppar), soleis som vi endå kann sjå det i sume gamle kjonor t. d. Melstrømskiona på Folkemuseet i Oslo, og kiona frå Gopperud på mu-




Bil. 46.  
Eldhus med „kylla“ og turkeomn på Stuve. Stord i Sunnhordland.  
Tverskurd, set imot „kylla“. (Målstokk sjå bil. 45).  
Målt og rita ark. *H. Vreim*.

seet i Trøgstad. Uppå desse spilone vart det so lagt eit klæde laga av hårduk, til vanleg nemnd som *kjonehåre*, f. eller berre *håre* f., og det var då på dette klædet at kornet eller maltet låg.

Under spileverket ovanfor elden er det ofte, men ikkje alltid, anten eit golv av bord eller plankar eller og av steinhellor. Det ser ut til at mange kjonor som hev steingolv i kornbingen ikkje er sers gamle. Men sume stader vert det og nytta i kjonor frå eldre tid. Dette steinbotnet under kornet eller spileverket er truleg helst esla til å hindra at varmen frå eldstaden slær upp og fatar i trevyrket ovanfor, men det hindrar og at røykjen gjeng gjenom korn- eller maltlaget. Elles var det til elding i kjonone mykje nytta oreved, som brenn sers jamt og roleg, og ikkje logar so mykje upp som andre vedslag gjer.


Kring kornbingen er det vanleg ein karm av timber (i eldre kjonor) eller av bord eller plankar (i kjonor frå nyare tid) og utanfor karmen gjernast ein

gang av tre, soleis at dei kann koma heilt rundt bingen der kornet ligg. I kjonone i Vestfold ser det likevel ut til at det berre var gang på tri sidor av kornbingen. På den fjerde sida låg kornbingen innåt vegen.



Bil. 47.  
Eldhus med „kylla“ og turkeomn på Stuve. Stord i Sunnhordland.  
Tverskurd, set imot turkeomnen. (Målstokk sjå bil. 45).  
Målt og rita av ark. *H. Vreim*.

Varmen og røyken frå elden i nedste høgda kjem upp i turkeromet gjennom sprekkor som er laga i bordgolvet utanfor kornbingen. Dette gjeld serskilt um kjonor som hev steinhellor til botn i bingen. I kjonor utan slikt steinbotn under, gjeng røyken og varmen upp gjennom spileverket (og kjonehåre) og so gjennom kornet eller maltet når dette ligg til turk.



Bil. 48.

Eldhuset med „kylla“ og turkeomn på Stuve, Stord i Sunnhordland.  
Skurd gjennom kylla og „grisen“.  
Mælt og rita ark. H. Vreim.


Under turkinga som vanleg varar eit par døger, lyt det likeins som i badstovone rotast i kornet med kvart. I kjonor som hev steinbotn i kornbingen er det vanleg, når det er slut på eldinga og steinen er kolna noko, å taka burt spileverket som kornet ligg på, soleis at dette „slepp nedpå“ steinbotnet som dei segjer.

Nemninga er *kjone* (bunden form *kjona*) yver heile Austlandet alt burt til Telemark nær som i sudaustparten av Østfold der dei segjer *kjølne*. (Soleis hjå Ross etter melding frå Borge. I Skiptveit finst og eit gardnamn *Kjølnejordet*).

#### b. Kylna.


Det andre hovudslaget er *den vestlandske og trøndske kylna*, som finst frå Vest-Agder til og med Innherad i Nord-Trøndelag og her vert bruka berre til maltturka. Ho er mindre enn kjona og jamvel laga noko annaleis og. Sume stader som t. d. på Sunnmøre er ho bygd upp som eit serskilt hus. Men dette er ikkje det mest vanlege. I Hardanger og Voss, Nordhordland og Sogn ser det ikkje ut til at namnet er kjent, og ikkje på Jæren heller.

I røynda skil og kylnone på Vestlandet og i Trøndelag seg so mykje frå einannan at det kunde vore rett å rekna dei som tvo ser-




Bil. 49.

Kylna med serskilt hus. Volda på Sunnmøre.




Bil. 50.  
Kylna frå Volda. Grunnrit.

skilde greiner innum same hovudslaget. Vestlandskylna kann ein segja er eller hev vore rådande på heile Vestlandet. Den trøndske er kjend frå Fosen og Innherad.



### SKURD A-A


Bil. 51.  
Kylna frå Volda. Tverskurd.  
(Målstokk sjå bil. 50).



Bil. 52.  
Kylna frå Volda.  
Skurd gjenom «grisen».


Um den vestlandske kylna hev vi meldingar frå Ryfylke, Sunnhordland og Sunnmøre.

Etter fråsegnene frå Ryfylke og Sunnhordland er *kjølla* eller *kylla* som dei segjer der, oftast i eit hus som er esla til anna bruk (eldhus, smidja, turkehus med turkehella). Sjølve kylna er her bygd upp på lag som ein kasse med ein trekarm øvst. Nedpå botnet i kassen er eldstaden og yver denne er det lagt ei hella („grisen“), til å hindra at varmen slær upp (sjå bil. 48). Eit stykke ovanfor eldstaden og nett nedanfor trekarmen er det eit bordlag eller ein trelem med mange hol i, soleis at det vert som eit spileverk av same slaget vi hev nemnd framum under *kjona*. Det er på dette spileverket maltet vert lagt.




Bil. 53.  
Kylnefjølør i „kylla“ på Stuve i Stord (Sunnhordland).  
Fot. ark. H. Vreim.

Frå Sunnmøre som endå hev ikkje so fåe kylnor att, er det gjeve upp at dei der helst er bygde som småe steinhus, noko undan dei andre gardshusa. Storleiken er på lag  $3 \times 4$  m. og dei er tekte med næver og torv. Røysommen („grisen“ dei kallar) er mura upp nede på jord-




Bil. 54.  
Turkehus med „kjølna“ på Bjartnes i Verdal (Nord Trøndelag).



Bil. 55.  
Turkehus med „kjølna“ på Bjartnes i Verdal. Grumrit.

golvet og yver den ligg det ein lem av bord som det er bora ei mengd med hol i, so turkevarmen og røyken kann koma upp. Denne lemen ligg ein meter eller so på lag ovanfor grisen. (Fråsegn frå Hjørundfjord).

I Trøndelag er *kjølna* (som ho heiter der) ikkje bygd so sers mykje annaleis enn på Vestlandet. Ho er der og helst i eldhus eller smidja og då oftast i eit serskilt rom i desse husa. Det som mest skil den trøndske *kjølna* ut frå kylnone på Vestlandet er det, at dei i Trøndelag hev ein omn av det vanlege slaget inne i kylneromet, og røyken kjem her ikkje attåt maltet, men gjeng frå omnen ut i ein skorstein som *kylna* er bygd innåt.



TVERSURD B-B  
Bil. 56.  
Kjølna på Bjartnes i Verdal.  
Tverskurd. (Målstokk sjå bil. 55).

Omnen var i eldre tid av stein og var då mura upp inne i kylneromet, men ilegget hadde dei helst utanfor. Ofte var ilegget frå gruva i eldhuset eller i smidja, soleis at røyken gjekk ut anten gjennom same hol som ilegget eller gjennom eit røykhol lenger upp i skorsteinspipa. Sidan fekk dei bileggjaromnar i kylnone, og i seinaste

tida vert mest nytta jarnomnar, helst gamle som ikkje er brukande lenger i stovone. Ilegget er no jamnast inne i sjølve kylna og det er røyr frå omnen ut i gruva som kylna er bygd attmed. Elles er dei trøndske kylnone mura upp på same måten som kylnone i Ryfylke og Sundhordland, men dei trøndske er jamtyver noko større. Fjølene som maltet vert lagt på (kalla *kjølufjøle*) er og tillaga sameleis som i kylnone vi fyrr hev nemnt.

Når maltet er turka og havt undan, vert fjølene tekne burt. Det maltet som då kann vera att, fell med same ned på botnet i kylna, som vanleg er lagt med hellor, og vert so sopa upp. Yverparten av omnen er og laga til som eit tak soleis at maltet skal gli ned og ikkje liggja på omnen og verta brent. Av dei trøndske kylnone er det ikkje mange att. I 1927—29 var det soleis gjeve upp berre ei i Verdal som var i bruk, og det er uvisst um det finst so mange fleire. Fyrr var dei umframt Innherad i bruk i Fosen og, men kylnone i Fosen er no komne heilt burt. Dei var etter fråsegnene vi hev, bygde på same måten som i Innherad. Det kann med same nemnast at ordet *kjølna* i Innherad og vert nytta um ein kalkomn (*kalkkjølna*).

Umframt *kjølla* i Ryfylke og *kylla* i Sundhordland er nemningane *kjuna* eller *kjudne* i Vest-Agder, og på Sunnmøre *kylne*. I Trøndelag vert det i ubunden form sagt *kjøl'n'* (med tjukk l), og bunden *kjølna*. I Innherad hev dei og bruka namnet *kjølhus* um huset dei hev kylna i (upphavleg *kylnehus*, jfr. *sonnhus* i Stjørdal).

## 5. Tarrehus.


På Jæren hev dei i bruk ei maltturka som er bygd og innreidd likeins som kylna i Ryfylke, men som dei kallar med eit anna namn *tarre*, m. eller *malttarre*, stundom og *tarrehus*, med di turka helst er i eit serskilt hus. Det mest vanlege namnet er elles *tarre*. Det er ingen skilnad å sjå millom denne maltturka og kylna som dei hev i Ryfylke og Hordaland, og ein lyt difor tru at det berre er eit anna namn dei hev gjeve denne på Jæren.

Tarre er elles ei anna turka som vi kjem til sidan, når vi skal nemna upp dei lause turkegreidone, og det fell difor best å nytta namnet *tarrehus* her, soleis at ein slepp å ha same nemninga um tvo serskilte turkeslag.


Tarrehuset på Jæren er eit lite hus som er bygt upp av gråstein. Raustet og taket er av treverk og det var fyrr alltid jordtekt. No er tekkjinga helst tiglstein. Inne i tarrehuset er sjølve *tarren* mura upp likeins som vi hev nemnt ovanfor um kylnone. Eldstaden hev og her ei heila yver til å hindra elden frå å slå upp og *tarrefjølene* som mal-




Bil. 57.  
Tarrehus på Sviland i Høyland (Rogaland).



Bil. 58.  
Tarrehuset på Sviland i Høyland. Grunnrit.



TVERSKURD A-A



TVERSKURD B-B

Bil. 59.

Tarrehuset på Sviland i Høyland. (Målestokk sjå bil. 58).

tet ligg på, er heilt av same slaget som bordlaget i dei vestlandske og trøndske kylnone.

Av slike tarrehus er det no ikkje mange som stend att, og det er sers få som endå er brukande. Tarrehuset vert berre nytta til å turka malt i, ikkje til å turka korn elles.


## 6. Sonn eller sorn.

*Sonn*, m. er ei maltturka som hev likskap med kylna og som er eller hev vore bruka i sume bygder i Trøndelag (frå Romsdal til Innherad).



Bil. 60.

Turkehus med sonn på Berg i Stjørdal (Nord-Trøndelag).




Bil. 61.  
Turkehus med sonn på Berg i Stjørdal. Grunnrit.

Andre stader er ho ikkje funnen\*). Det er serskiilt bygdene i Stjørdalen som hev halde fast på denne turka til dessar, og det er derifrå at dei beste fråsegnene um ho er komne.

Etter det ein kann sjå av oppgåvone, er det mest vanleg å ha sonn i eit avbolka rom i lag med smidja eller eldhus. Det er meir sjeldsynt at han er i eit serskiilt *sonnhus* dei kallar. Ofte hev dei og i same huset som sonnen ei vanleg helleturka, som då vert nytta berre til kornturka.

Sonnen er jamnast bygd opp i den eine enden av huset og romet er oftast ikring tri meter langt og ein meter eller vel so det breidt. Dei tri ytterveggene er anten mura av stein eller, um det er timbervegg, vert veggene klædde med steinhellor.

Framsida inne i huset er helst mura, men kann og likesom dei andre veggene vera bygd opp av timber eller sumtid med mur nedst og timber øvst. Nedpå golvet midt i sonnromet er det mura upp ein omn som dei plar kalla „kjerिंगa“, og som jamnast er av gråstein. Denne omnen er eit slag røykonn, men han skil seg frå dei vanlege røykonnane i det at han umframt sjølve ilegget hev fleire hol der røyken kann gå ut. Oftast er det tvo slike hol på kvar sida og eit



TVERSKURD A-A  
Bil. 62.  
Sonn på Berg i Stjørdal.  
(Målstock sjå bil. 61).

\*) I Ryfylke (Sjernerøy) skal dei (etter fråsegn frå konservator *Kloster* i Bergen) ha eit slag hus til lauvturking, som vert kalla *sonnahus* (utfala med trong o), men det er tvisst um dette ordet hev samanheng med namnet på den turka vi her talar um.

i botnet. Til eldinga nyttar dei helst older-ved, likeins som i kjonone. Folk tykkjer og at denne veden gjev beste smaken på ølet. Yver omnen, men so høgt at varmen ikkje kann fata i,  $1\frac{1}{4}$  meter eller so upp frå golvet som er av stein eller berre jordgolv, ligg det eit lag med fjøler (kalla *sonnfjøler*) som det er tett med hol i. Desse fjølene ser ut likeins som dei vi hev nemnd under kylna ovanfor. Uppå dette bordlaget — eller spileverket — vert maltet lagt, til vanleg i ein tjukn på ikring 10 cm. Varmen og røyken frå omnen nedanfor gjeng so gjennom maltlaget og turkar det. Eit vanleg malt på 150 kg. bygg kann turkast i ein slik sonn på eit døger. Når maltet er turka ei stund, vert det anten *skaka* (skåkå) d. v. s. det laget som ligg nedst og er turrast, vert teke burt og det våte som ligg øvst, kjem då ned på bordlaget, eller so vert det *snudd* soleis at det turre kjem upp og det våte ned på borda. Elles vert maltet ikkje rørt under turkinga.


Den uppskrifta som er gjeve her um korleis *sonnturkone* er uppsette, gjeld um dei som no er i bruk i Stjørdalsbygdene.

Andre stader ser det ut til at dei hev vore noko annaleis tilskipa. Etter dei meldingane Ross fekk, var sonn ei korn- og malt-turka laga til som ein tre-kasse og inne i kassen hyllor med mange hol i. Kassen var til å setja upp på røysommen eller røyk-omnen i stova.

Som vi kann sjå, måtar denne uppskrifta berre på sonnturkone dei hev havt i Møre fylke (Romsdal og Nordmøre), ikkje på dei som hev vore i Innherad der røykomnstor ikkje var kjende.

*O. Nordgård* hev i si bok „Stod i Fortid og Nutid“ I. 47. sida, gjeve ei utgreiding um korleis sonnturkone dei hadde i *Stod*, var laga.

Sonnen var her bygd som ein firkanta trekasse og var helst i eit turkehus der det og fanst ei turkehella til kornturking. Kassen var gjort av tjukke bord og stod upp til ei krå eller ein vegg i huset soleis at




Bil. 63.  
Sonnfjøler frå Ven i Stjørdal (Nord-Trøndelag)

det ikkje var turvande å ha bord ikring på meir enn 2 eller 3 sidor. Øvst uppe i kassen var det lagt stokkar og yver desse spilor (spileverk). Uppå spilone hadde dei eit lag med rughalm som skulde hindra at maltet fall igjenom. Varmen til turkinga kom i lag med røyken frå eldinga inn nedst i kassen gjennom ein røykgang (ei *sonnpipa*) som kunde vera fleire meter lang og som var laga av steinhellor. I den enden av sonnpipa som var lengst burte frå kassen, var pipa noko romare og her var eldinga.

Nokon stor skilnad er det ikkje synbert at det finst millom kylna og sonn etter som desse no er bygde og det er ikkje greidt å segja kva som er grunnskilet.

Det er berre i Trøndelag vi hev baa desse turkeslaga, og styraren på Statens Kornmagasin i Verdal, som kjenner deim godt, segjer i ei utgreiding han hev sendt inn, „at det som mest skil kylna frå sonn er at kylna hev utgang til røyken i ei murpipa og det kjem då ikkje røyk gjennom maltet soleis som det gjer i sonnturka“. Å byggja murpipor til kylnone er sjølvsagt noko som er funne på i seinare tider. Men likefullt kann



Bil. 64.

Turkehus med sonn på Ven i Stjornal (Nord-Trøndelag).

Grunnrit. (Målstokk sjå bil. 66).

Målt og rita ark. H. Vreim.


det vera rett nog at dette hev vore rekna som eit hovudskil millom kylna og sonn, anten turka er skipa til soleis at det skal gå mykje røyk gjennom maltet eller ikkje. I andre oppskrifter frå Innherad er det og sagt, at det er det same som å turka med varm røyk når ein turkar maltet på sonn. Dette samsvarar og på ei vis noko med det som er nemnt framanfor. Steinhellone eller steinunderlaget som finst i sume av kylnone (og kjonone) gjer same nytta når det gjeld å hindra at røyken dreg seg

gjennom maltet. Men som vi såg fyrr, er det langt undan at alle gamle kjonor og kylnor er bygde på ein slik måte at røyken vert halden fra å gjera dette. Det vanlege ser tvert um ut til å vera at både røyk og varme gjeng upp gjennom maltlaget. Likevel kann ein fulla segja, at sonnturkone er meir tilskipa serskilt til røykturking enn kylnone er det. Det ligg og noko lag på korleis det vert elda.

Etter dei meldingane vi hev frå Trøndelag (frå styraren på kornmagasinet og frå andre), er det den vanlege meininga der at malt som er turka på sonn, fær ein myrkare let og gjev ølet ein meir brend smak enn det som er turka på kylna. Dette meinte dei fyrr var ein fyremun, og i sume bygder er slikt øl endå mykje umtykt. Av kylneturka malt

vert det eit ljosare øl som ikkje hev so mykje av denne brentsmaken, og mange stader likar dei no dette ølet betre.

Elles lyt ein når det gjeld dette målet, ansa på at bae turkeslaga no hev vore nytta sers lang tid her i landet, og sume stader i bygder som ikkje er langt frå kvarandre. Det er då mesta sjølvstakt at serdrag i byggjemåte og i tilskipingar elles kann ha kome yver frå den eine til den andre. På dette viset kann turkone med tida ha vorte tilmåta til einannan so mykje, at skilnaden no er liten eller jamvel er fallen mesta burt, soleis at berre dei ulike namna stend att.




Bil. 65.

Sonnen på Ven i Stjørdal. Tverskurd.

(Målstokk sjå bil. 66).

Mælt og rita ark. H. Vreim.



Bil. 66.

Turkehus med sonn på Ven i Stjørdal. Langskurd.

Mælt og rita ark. H. Vreim.

Dette gjeld ikkje berre um kylna og sonn, men um sume av dei andre turkone og som er nemnde her.


Ordet *sonn* kjem etter *Torp*: „Nynorsk etymologisk ordbok“ frå det irske *sorn*. Irskan hev opphavleg fenge ordet frå latin, der det heiter *fornus*, m. og tyder bakaromn. Utanfor Norig finst denne turka no på Færøyane og vert der kalla *sodn*. *Sonn* er den vanlege skrivemåten her i landet, men etter opp-

havet burde det visst helst skrivast *sorn*. Uttalen er *sånn* med i-fengen eller muljert n (som *såinn* på lag). Ordet er hankynsord. Men det er sagt at det i den seinaste tida stundom vert bruka som hokynsord. Hankynsforma er likevel endå den vanlege.

## 7. Torn.

Ei maltturka med eit sers gamalt namn — kjent som turkehusnamn alt frå millomalderen — hev dei i sume bygder på Vestlandet. Det er *torn*, f. i målføra kalla *todn* eller *tonn*, bunden form (i Nordhordland) *todnæ*. I ei melding frå Granvin i Hardanger er det elles sagt at *todn* hev vore nytta der som hankynsord (*ein todn*).


Ordet *torn* lyt vera det same som gamalnorsk *þorn* (nemnt um eit turkehus i Sogn i 1314).\*) Det ligg nærast å setja det i samanheng



Bil. 67.  
Torn („todn“) på Sævrås i Lindås i Nordhordland.  
Fot. A. Spjeldnæs.


med *torna* (verta turr, turkast inn) som er avleidd frå *turr* og er eit vanlegt ord vest og nord i landet, på Vestlandet uttala *tonna* eller *todna*. Gamalnorsk *þorna*.

Men det kann henda at dette likevel ikkje er rette tydinga. *Torp* (i „Nynorsk etymologisk ordbok“) hev slege på at ordet *tonn* (eller *torn*)




Bil. 68.  
Torn på Sævrås i Lindås. Grunnrit.

\*) Dipl. Norv. VI. 79:



Bil. 69.  
Torn på Sævrås i Lindås. (Målstokk sjå bil. 69).

kann vera det same som *sonn* og at båe opphavleg er greina ut frå det irske ordet *sorn* (bakaromn). Dette er ikkje utruleg. Vi hev og andre døme på at eit irsk ord hev vorte laga um til tvo ord i norsk mål. Soleis ordet *tust*, f., som er den vestlandske nemninga på ei *sloga* (treskestokk). Det er ført inn frå Irland der det heiter *suist*. I gammalnorsken vart det teke upp i tvo former *ǰúst*, f., og *súst*. Irsken hev elles lånt dette namnet — likeins som *sorn* — frå latin. Den latinske forma er *fustis* som tyder det same (*sloga*, treskestokk).




Bil. 70.  
Tonnplagg frå Voss, no i „De Heibergske Samlinger“ i Sogn.

Etter dei uppskrifter som finst frå fyrr og dei som er sankt i hop no i samband med statistikken, ser det ut til at torn hev vore skipa til på ymse måtar i bygdene der ho hev vore i bruk til dessar. *Aasen* segjer berre at torn er ei flaka eller eit lag av fjøler til å turka malt på. Etter ei uppteikning som dr. *Nils Lid* gjorde i Dyrvedalen i Voss i 1917, var torn der laga til på dette viset: Dei sette upp plankar kring ein vanleg omn so det vart som ein stor kasse og so tande dei ut eit klæde (kalla

*tongplagget*) og la maltet oppå dette. Dei turka og anna korn på same klædet.

Av ei anna oppskrift som gjeld Lindås og Masfjorden, kann ein sjå at den vanlege maltturka (*todn*) der sumtid var bygd inn i eit serskilt lite steinhus (av gråstein), men oftast var ho i eit eldhus der dei og kunde ha ei vanleg helleturka til korn som skulde malast til matmjøl. Sjølve maltturka var og her laga til som ein kasse eller ein bingje, og der turka var i serskilt hus, gjekk denne bingen yver heile breidda på huset og tok upp ikring helvta av langveggen. Huset var mesta firkanta og heller lite, 2 m. på lag i kvar kant etter måla innvendes. Til å få ut røyken var det ljore i taket. I botnet på bingen var ein open eld berre med ei hella yver eldstaden, og ei alen eller so ovanfor var det ein karm av trestokkar, 3 tumar tjukke kvar. Desse var lagde i firkant kring sidone på bingen og oppå deim eit lag med *spelor* av runde kjeppar, ein tume i tverrmål på lag. Millom kvar spela var det eit millomrom på ikring ein tume. Yver desse „spelena“ låg so *hæra* og på ho vart maltet lagt. Trevyrket i karmen og spelone var kalla *undergjærdsveden*. Heile maltturka med hæra og undergjærdsved vart nemnd som *todn*. Men omnen var likevel ikkje med under denne nemninga. Han vart rekna serskilt og hadde namnet *maltovn*. (Etter melding frå *A. Spjeldnæs*).



Bil. 71.  
Hæra (av „harg“) frå Treland i Lindås,  
Nordhordland.  
Fot. *A. Spjeldnæs*.

Der torn var sett inn i eldhuset, var byggjemåten mykje den same. Maltturka var her laga som ein bingje på den eine sida av gruva og på den andre sida hadde dei då jamt helleturka til anna korn. Huset var her noko større, men måla på bingen som var til maltturka mesta dei same.

Desse turkone var bruka mykje fyrr, men er no mesta avlagde. Der dei bryggjar øl i våre dagar, nyttar dei mest berre hæra, som då er laga til på ein serskilt måte. Um denne vert det skrive meir i stykket um dei lause turkegreidone. Sume stader hev dei like-

vel i bruk eit slag torn i ei meir modern form. Um denne finst det ei oppskrift frå Alversund, som ein tek inn her.

Maltturka (kalla tonn) er der sett upp i gruva (peisen) og laga til soleis: Fyrst vert det lagt nedi gruva nokre steinar og oppå desse ei jarnplata eller ei steinhella. Under denne vert det elda imillom steinane, og røyken gjeng då ut langs med kanten på hella. Denne muringa

kallar dei omnen eller turkeomnen. So er det sett ned i kvar hyrna i gruva ein stokk med ei kluft øvst i kvar. Desse stokkane vert nemnde som „*styttena*“. Uppi kluftene på desse stytter vert det lagt upp tvo tverstokkar, og yver desse tverstokkane eit lag med spelor, helst små runde kjeppar av oreved eller selja, men sumtid kann spelone og vera oppkløyvde treflisar. Dette treuppybygget kallar dei likeins som i dei gamle torn-turkone undergjerdsveden. Uppå speleverket set dei so ei hæra av det moderne slaget og uppi ho vert maltet havt. Millomromet millom jarnplata og spileverket er jamnast ikring ein fot eller vel so det.

Torn er etter ordbøkene ikkje kjend frå andre bygder enn Nordhordland, Voss og Hardanger. I Sogn var som nemnt torn i bruk i millomaldere og kann henda hev dei endå kjenskap til denne turka i sume bygder der.


*Hæra* som dei bruka ho i gamle dagar, var eit turkeplagg som dei laga av tagl. Det var skikken i Nordhordland at kvar huslyden i grenda måtte leggja til tagl når det skulde lagast ei ny hæra. Taglet vart spunne på ei handsnelda og tvunne (2-lagt), både lang- og tverrtrådane på same måten. Det vart so vove på ein uppstadvev.

Når hæra skulde nyttast til å turka malt på, vart heile plagget lagt upp på speleverket vi hev nemnt fyrr, og på dei tri sidone i torna som var vegg, i regelen nokre tumar upp etter denne, so det ikkje skulde rjoda (ry) korn i millom. På framsida var det lagt upp på spelone ein serskilt stokk til å halda på kornet og so hæra upp yver han. Det er sagt at dei ofte la eit tunt lag med riskvister (helst av oreved) yver spelone soleis at hæra ikkje skulde leggja seg i krull. Desse kvistene gjorde og at plagget ikkje so lett kunde brenna upp.

Kvar gong hæra var bruka, laut ho med same vøtast so ho ikkje vart skyr og som oftast lagde dei ho då på våt mark.

På Voss var dette turkeplagget fyrr kalla *tonnklæ'e*, n. I den seinste tida hev det vanlege namnet der vore *tonnplagg*, n.

I Hardanger (Granvin) er det sagt at *todn* dei hadde der i gamle dagar var laga til som eit hol eller eit innsøkk uppå røykomnen. Nedi dette søkket vart maltet lagt anten på serskilt treunderlag eller beinast på steinbotnet (hella). Yver søkket var eit treløkk. Vart det for varmt å maltet, kunde treløkket lettast upp med ei snor som var fest i taket.




Bil 72.

Trespelor av moderne slag, nytta til underlag åt hæra. Fot. teke i Lindås.

## S. Rya.

Eit serskilt turkehus til rug hev dei havt i Vinger og Solør på Finnskogane upp mot svenskegrensa. Det er *rya*, f., på svensk mål kalla *ria*. Ordet er opphavleg kvænsk *riihi* og tyder etter *Torp* ei omnstova. Det finst og i lettisk der det heiter *rija* og i russisk *riga* som nemning på ei kornturka. Derifrå hev ordet kome inn i lågtysken i forma *Riege*.

Denne turka lyt ha kome til Austlandet samstundes med kvænane på sekstanhundredtalet. Desse busette seg mest i ubygde skogar og rudde her plassen med brotebrenning. På brotane sådde dei rug som var det vanlege brødkornet deira.



Bil. 73.  
Rya på Revholt (Svulrya), Grue Finnskog, Hedmark.  
Ikring 200 år gamal.

Rya hev truleg vore sers vanleg på „finnegardane“ fyrr, men no er det, so vida ein hev frett, ikkje noko slikt turkehus i bruk. Det stend likevel att ei og anna av deim på Finnskogane, men desse er anten til nedfalls eller so vert dei nytta på anna vis, mest til høylødor. Det er ei slik rya attmed Svulrya på Grue Finnskog vi her hev teke med bilæte og rit av. Denne er truleg den einaste rya som endå er i tolleg god stand, soleis at ein so nokorleis kann sjå korleis desse turkehusa hev vore.\*)

Ryone slik som dei hadde dei på Finnskogen, var timberhus og noko større enn ei vanleg norsk badstova, serskilt i høgda. Taket var laga av store klovningar som det var lagt mose og jord uppå, soleis at rya vart

\*) På Finnskogane finst det nokre gardnamn samansette med *ry* og *rya*. I „Norske Gaardsnavne“ Band III er det sagt at dette helst er ordet *rye* m. eller *rya* f. som tyder turr, mosegrodd bergflata. Denne uttydinga er truleg rett nok når det gjeld sume av namna, men høver ikkje på alle. I gardsnamnet *Rybråten* i Grue Finnskog (N. G. III s. 262) er det soleis mest rimeleg å tru at fyrste lekken er turkehusnamnet rya, med di det ligg nærast å jamføra namnet på denne garden med slike gardnamn som *Kjonebråten* (i N. Eiker) og *Badstubråten* (i Flå i Hallingdal).

telt og kunde halda varmen inne. Sjølve vasstaket var elles bygt som nævertak. (Sjå um dette framanfor i stykket um dei kvænske badstovone).

Det fanst ikkje loft i Ryone. Men derimot var det lagt inn golv i deim. Golvet var og av klovningar med den flate sida upp. Det var jamt telja til sers fint og hadde mose lagt imillom stökkane.

Røykomnen stod i den eine kråa innanfor døra. Han var firkanta, 2 meter eller so på lag i kvar kant og  $1\frac{1}{2}$  meter eller so i høgda. Røykomnen hadde mest likskap med den vanlege røykomnen i stovehusa. Men det fanst og ryor med omnar av same slaget som i badstovone. Ikring omnen og eit stykke ut i frå han, var golvet teke burt og det var lagt steinhellor i staden. Ilegget var oftast noko upp frå golvet,  $\frac{1}{2}$  meter eller derikring.


Burtimot tvo meter ovanfor golvet var det lagt upp tvo åsar, ein på kvar sida langs med langveggene og  $\frac{1}{4}$  meter eller so på lag ut i frå veggene. Åsane gjekk yver heile lengda på rya frå tverrvegg til tverrvegg. Desse åsane var til å leggja rajone med kornbanda på, når kornet skulde turkast.

Turkemåten i desse ryone var ikkje so lite annaleis enn elles vanleg her i landet. Etter at kornet var skore og turka ute, vart kornbanda tekne beinast frå åkeren og hengde upp til turk inne i rya. Kornbanda på Finnskogen var laga til soleis at denne turkemåten høvde sers godt. Dei hadde tvo bendlar i kring, ein nedmed rotenden på halmen og ein som var bunden uppmed aksa. Imillom desse bendlane

vart kornbanda trødde inn på nokre staurar, *rajor* (eller *rajor*) dei kallar og lagde upp yver dei tvo åsane vi hev nemnt, og soleis at aksa vende ned. Denne måten å laga til kornbanda på var og sers lagleg, når dei skulde bera kornbanda inn. Dei stakk då armen gjennom banda millom bendlane og kunde bera inn i gongen eit eller tvo band på kvar arm.

Når kornet var hengt upp i rya på rajone, tok dei til med å elda i røykomnen oftast med granved, vanleg kalla *kostved* eller *køstved*. Denne veden er på lag ein meter lang og kunde gå heil inn i røykomnen. Det vart elda til kornet var heilt turt og etterpå vart det so treska med sløre (slegel) eller når det var rug, skryfta på ein serskilt knakk dei hadde til dette bruket.

Det er elles sagt at ryone umframt til turkehus sumtid vart nytta til å bu i og.



Bil. 74.  
Rya på Revholt i Grue. Grumrit.

## B. HELLETURKOR.

Dei mest vanlege kornturkone på gardane i Trøndelag og på Vestlandet er turkehellar og turkegrytor. I Trøndelag ser det ut til at turkehellone er i yvertal, på Vestlandet gjeld dette um turkegrytone som i sume bygder er mesta heilt einrådig. I desse landsbolkane plar kornavlarane endå mykje turka kornet sitt sjølve — serskilt gjeld dette um mange bygder på Vestlandet — og når det so er turka, vert det anten male på eiga gardskvern eller dei fer til bygdakverna med det og fær det male der. Det er fyrst i dei siste åra, etter at den nye kornordninga tok til å verka, at dette hev vorte noko umskift.

Helleturkone dei hev på Vestlandet og i Trøndelag no, er ikkje so gamle i landet som turkehusa vi hev nemnt ovanfor. Men når dei hev vorte so mykje nytta og umtykt, serskilt i sjøbygdene, kjern dette seg tregleg av at folk i desse bygdene hadde so liten tilgang på trefang. Det var difor vandt og kostesamt å byggja upp badstovor eller turkestovor slike som dei hadde i innlandet. Turkehellone kravde ikkje so mykje brenne som badstovone heller, og folk kunde jamvel elda under hella med torv, som mange stader, serskilt på Vestlandet, er einaste brenslat.

Helleturkone hev mest vore nytta til kornturking og berre lite til maltturking.

Vi nemner upp nedanfor dei ulike slag helleturkor som det finst meldingar um, og tek dei etter tidfylgja.

### 1. Tussa.

I Rogaland hev dei til dessar havt ei helleturka som er kalla *tussa*, f. Ho hev serskilt vore nytta på Jæren og i Dalane. Det ser og ut til at namnet er kjent i Vest-Agder og. Men noko sers i bruk er det likevel uvisst um ho hev vore i dette sistnemnde fylket. Ein kann difor segja ho helst er ei serskild Rogalands-turka.

Den vanlege forma ordet hev i målføra er *tossa*, bunden form *tosso* eller *tosså* (uttala med trong o i fyrste stavinga). Det vert tyda som avleidd frå *turr*, upphavleg soleis *Jursa*.

Det er lite ein finn skrive um denne turka fyrr. *Aasen* segjer berre at tussa er ei stor plata til å turka korn på (som turkehella på lag), og dei meldingane vi hev frå Jæren og Dalane samsvarar med dette. Den „gamle tussa“ som dei hadde fyrr i desse landskapa, og som det endå finst nokre av, er same turkeslaget som dei andre stader kallar turkehella. På Jæren hev elles namnet no gjenge yver på den vanlege *plateturka* som hev roteverk, og vert driven med mekanisk kraft. Denne plateturka hev dei der nytta mykje til gardskvernane, men ho kann snaudt ha kome

i bruk fyre 1870-åra, og det lyt då vera etter denne tida at ho hev fenge det gamle namnet tussa. I Dalane er „den gamle tossa“ no oftast sett upp attåt skorsteinen i kjøken, og likeins var det og fyrr på Jæren. Ho er bygd som ei vanleg firkanta helleturka med botn oftast av malmplator frå ein bileggjaromn. I tida fyrr dei byrja med malmplator, var hella mykje av kleberstein. Det er serskilt ilegg til tussa og eldsrom under. Røyken gjeng gjennom eit hol inn i peisen og derifrå upp i skorsteinspipa. Kråa attmed peisen der tussa er, vert jamnast kalla *tussekrone*. Um korn som var turka på tussa sa dei i gamle dagar, at det var *tusseturka*, motsett det som var turka på *terre*, eit anna slag kornturkor som vi kjem til sidan.

Vi lyt likevel tru at tussa ikkje frå fyrsten hev vore bygd soleis som den vanlege turkehella no. Det er etter at skorsteinen kom i bruk at ho hev vorte umlaga i denne leida. Å segja noko heilt visst um korleis tussa var fyrr, i den tida då dei hadde røykomnar, vil sjølvstøtt vera mesta uråd. Men av namnet kann vi skyna at ho må vera utgamal, og det er difor truleg at ho hev vore nytta til kornturking alt frå den eldste tida vi hev fråsegner um. Kann henda fær vi nokre rettleidingar um den opphavlege tilskipinga, når vi ser på dei hustuftene frå gamal tid som er gravne ut i Rogaland og derikring i åra frå 1926 til 1931. I si bok um desse utgravingane „Gamle gårdsanlegg i Rogaland fra forhistorisk tid og middelalder“ (gjeven ut av Instituttet for Sammenlignende Kulturforskning i 1933) nemner musédirektøren i Stavanger *dr. Jan Petersen* at han i fleire av tuftene, serskilt i Dalane, fann nokre serskilte steinuppbygg som




Bil. 75.

Tussa frå hustufta på Birkeland under Store Eige i Eigersund (Rogaland).  
Etter bilæte i boka åt *dr. Petersen* um „Gamle gårdsanlegg i Rogaland“ Oslo 1933.

ofte låg nær attmed hovudeldstaden, og som truleg hev vore nytta til kornturkor. På ei tuft (Birkeland under Store Eige i Eigersund) der dette oppbygget hadde halde seg mesta urøyvd, var det laga til soleis: Ei firkanta steinhella, på lag  $\frac{3}{4}$  meter lang og  $\frac{1}{2}$  meter breid, var lagd upp på nokre kupulsteinar, soleis at det vart rom til elding under. Hella som sjølvsgagt ikkje var tilemna på noko vis, var då dei grov ho ut, brotna i fire luter, truleg av varmen. Midt upp på hella var det ei grunn grop,  $10 \times 10$  cm i tvermål og 2 cm djup, og på sidone mot nord og sør, var det sett upp andre ikkje fullt so store hellor. På austsida var det lagt nokre kupulsteinar, men på vestsida, som helst hev vore til illegg, var det ikkje steinar. Dr. Petersen segjer (på 8. sida i boka) at distriktsdyrlækjaren *J. Kjos-Hansen* i Eigersund hev gissa på at dette kann vera den gamle tussa dei hev havt i Dalane, og er sameint i dette.

Den hustufta som det her er tala um, skriv seg frå folkevandrings-tida og so gamal lyt då tussa vera og.

Det er godt truleg at dert meininga dr. Petersen og dyrlækjaren Kjos-Hansen held fram, er den rette, og um so er, lyt tussa vera den eldste av alle dei kornturkone her i landet vi hev meldingar um. Ho hev alt ifrå fyrsten havt stor likskap med den gamle turkehella (med steinbotn), og det er kann henda ikkje utruleg at ho med noko tilmåting kann ha halde seg gjennom den tida då dei hadde røykomnar. Men den umskipinga ho hev fenge sidan, med plass attmed gruva og med utdrag til røyken gjennom skorstein, er ei umlaging som lyt ha kome utanifrå i seinare tid.



Bil. 76  
Gruva med „tussekrona“ på Vølstad i Gjestal, Rogaland fylke.  
Fot. ark. *H. Vreim*

## 2. Omnhella, f.

var etter *Aasen* (Norsk Ordbog) namnet på den steinhella som dei på Vestlandet i gamle dagar lagde ovanpå røysommen i røykstovone, soleis at eldgneistane ikkje skulde slå upp i taket. Denne hella var og sumtid nytta til å turka korn og malt på. *G. Schøning* nemner og frå Nordmøre at dei der nytta hella som låg uppå røykomnen, til å turka korn og malt på.

Um korn som var turka på ei slik hella sa dei at det var *omnturka*. Desse hellone hev sjølv sagt folk slutta med då røykomnane fall burt, men det ser ut til at dei hev vore nytta ikkje so lite i den tida røykomnstovone var vanlege.

## 3. Turkehella,

er som sagt ovanfor, jamsides med turkegryta, den vanlege kornturka i dei bygdene der folk enno turkar kornet sitt heime på gardane. Mesta



Bil. 77.

Gruva med turkehella („turka“) på Vik i Vikebygd, Sunnhordland.

Fot. ark. *H. Vreim*.

alle dei turkone som er førde upp i tabellane under rubrikken „helle-turkor“, er turkehellor av det slaget vi her hev å gjera med. Storparten finst på Vestlandet og i Trøndelag og berre nokre fåe utanfor desse landsbolkane. På Vestlandet kann det visst ikkje vera so mykje yver hundrad år sidan dei kom meir ålment i bruk, i Trøndelag er dei truleg komne inn noko fyrr, men likevel ikkje sers lang tid fyreåt.


Etter byggjemåten kann vi skyna at folk hev teke til med å laga turkehellor av dette slaget fyrst då dei hadde gjenge frå dei gamle røyk-

omnstovone dei fyrr hadde på Vestlandet, og istaden fenge stovor med *peis* med skorstein eller røykpipe yver til å draga ut røyken.

På Vestlandet og i Trøndelag er *gruva*, f. no det vanlege namnet på ein slik peisomn. Dette ordet er elles eit framandord, lånt i millom-alderen frå lågtysken, der det heiter *gruwe*, f. eller *grove*, f. og svarar til det norske ordet *grov*, f. Det vart nytta alt fyre peisomnen kom i bruk um eldstaden framfyre røykonnane, der dei hadde ei grop som gløderne vart kara ut i, og som var laga til å koka maten yver. Likeins hadde dei og i årestovone ofte eit serskilt hol eller ei *gruva* til matkokinga attmed sjølve åren.

Røykonnem kom etter vanleg meining inn i landet då Olav Kyrre var konge (1067—1093), og vart med tida teken i bruk yver heile Vestlandet (Vest-Agder og Møre fylke medrekna). Han hev truleg vorte sers umtykt i desse bygdene, av di han ikkje kravde so mykje brensel som åren og heldt varmen jamvel i lang tid etter at elden var slokna.

I dei andre landsbolkane fekk røykonnem ikkje nokon inngang. Der heldt dei fast på åren alt til peisomnen, eller ljusomnen som dei og kalla han, kom i bruk. På Austlandet var slike omnar kjende alt fyre reformasjonstida og det same gjeld og um Trøndelag. I jordboka til



Bil. 78.


Eldhus med gruva og turkehella («turko») på Vik i Vikebygd, Sunnhordland. Grunnrit. Målt og rita ark. H. Vreim.

erkebisp *Aslak Bolt* frå tida kring 1440 er det nemnt ei skorsteinstova på ein gard bispen åtte i Innherad. Men fyrst frå sekstanhundredtalet ser det ut til at skorstein hev kome meir ålment i bruk på austlandsgardane og truleg ei lita tid etterpå i trøndelagsbygdene og.

På Vestlandet var det etter ein brand i Romsdalen i 1775 gjeve pålegg frå kongen um at folk ikkje lenger skulde byggja røykomnstovor, men pålegget vart ikkje etterfylgt, og i 1802 sette dei det ut or kraft. Det er fyrst frå denne tida vi kann rekna at røykomnane tok til å koma burt i vestlandsbygdene.

Namnet på denne turka er i Trøndelag *tørkhyll*, bunden form *tørkhylla*, f., (med i-fengen l), på Sunnmør og sør-anfor i ubunden form *turkehelle*, f. og i Sogn *turkehella*. I sjøbygdene og nokre av fjordbygdene frå Sunnfjord til Rogaland segjer dei *turkeomn*, m., i Rogaland helst i forma *turkeogn*, m.

Oftast er turkehella på gardane der ho finst, sett inn i *eldhuset* (sume stader nemnt som *størhus* eller *matstova* eller *matstu*, i byane helst




Bil. 79.  
Gruva og turkehella i eldhuset på Vik. Tverskurd.  
(Målstokk sjå bil. 78).  
Mælt og rita ark. H. Vreim.



Bil. 80.  
«Tørkhyll» med kjolebenk i eldhuset på Drilen i Jossund, Sør-Trøndelag fylke.

bryggerhus), og er her bygd innåt gruva. Sjøelve omnen som hella ligg oppå er firkanta og mura upp anten av gråstein eller sumtid og av tiglstein. Høgda på omnen er frå  $\frac{3}{4}$  upp til ein meter og lengda etter flestalle oppgåvone millom ein og halvannan meter. Breidda er noko mindre, frå  $\frac{3}{4}$  til  $1\frac{1}{4}$  meter. Sume turkeomnar er heitt kvadratiske, ein meter i kvar kant på lag. Ilegget kann anten vera frå gruva, og det er det mest vanlege, eller det kann vera eit serskilt ilegg utanfor gruva. Er ilegget frå gruva er det oftast slik at røyken frå omnen kjem ut i gruva



Bil. 81.

„Tørkhus“ med gruva og „tørkhyll“ på Nedre Sundan i Egge (Nord-Trøndelag).

Grunnrit og tverskurd av „tørkhylla“.

Mælt og rita ark H. Vreim.

gjenom same holet som er til ilegget og derifrå gjeng han upp i skorsteinen. Ender og då kann ein og sjå at det er sett upp serskild skorstein eller loddpipa til turkeomnen, endå um han er i eit rom der det finst gruva fyrr.

Upp på omnen yver eldromet ligg sjøelve turkehella, som og er firkanta og på lag hev same lengda og breidda som omnen. Ikring kantane på hella er det sett upp ein trekarm, jamnast 25 cm. høg, som skal halda på kornet soleis at dette ikkje ryd utyver. I karmen er det ofte ein *lyre* som kornet kann karast ut gjennom når det er ferdigturka, og frå lyren gjeng det sumtid ei renna. Det finst og nokre turkehellar som hev kjølebank attmed, der kornet kann liggja og verta kaldt etter turkinga.

Trekarmen kring turkehella er ikkje so sjeldan heilt laus soleis at han kann takast av, og hella kann då nyttast som bakstehella til å baka brød (helst flatbrød) på.

Turkehellone av dette slaget er alle firkanta, og dei kann skiljast i tvo flokkar etter som hellone er av stein og soleis er rettelege hellor eller av jarn (malmhellor).

Dei eldste hellone er av stein, oftast *kleber*. I oppgåvone er dette steinslaget umframt kleber nemnt som *blautstein*, *grøtstein*, *klå-* eller *kljåstein*, *blautgrjot* og *esjestein* og det er sagt at dei på Vestlandet i gamle dagar fekk slike hellor frå Hardanger. Hellor til turkone i Trøndelag kom stundom frå Sverige.

Dei fyrste *malmhellone* som vart nytta var gamle omnsplator. Dei kann ha kome i bruk heller tidleg. Etter 1850—60-åra på lag kunde folk få kjøpt turkehellor av støypejarn.

Turkehellone er som nemnt oftast sette inn i eldhuset på garden, men dei kann og vera i andre hus t. d. i smidja, eller i seinare tider etter at eldhusa, i minsto på Vestlandet, held på å koma burt, kann dei vera i stovekjellaren, som då vert bruka på lag som eit bryggjarhus i ein bygard. Ikkje so heilt sjeldan er og helleturka i eit serskilt hus som dei hev berre til å turka korn i. Dette huset vert då kalla *turkehuset*, (i Trøndelag *tørkhuset*). Sume gonger kann det og vera tvo helleturkor i same huset. Dette gjeld helst når det er fleire gardar som eig turkehus i hop, og var ikkje so heilt sjeldsynt på Vestlandet fyrr.

Det er og sagt at dei sume stader hev turkehellor som ikkje hev serskild elding under, men vert vermd med røyken som kjem frå gruva eller frå komfyren i kjøken. Turka er då sett upp på loftet innåt skorsteinen og beint yver gruva eller komfyren. Røyken gjeng so fyrst inn i romet under hella og derifrå ut i skorsteinspipa.

#### 4. Kråhella.

På nokre gardar vestan- og nordanfjells hev dei eit slag firkanta turkehellor som det ikkje finst noko serskilt rom under til å verma upp hella frå. Slike hellor er mest nytta til kornturkor, men det er truleg at dei stundom kann ha turka malt på deim og. Hellone er jamnast ikkje so sers store, og dei er helst mura inn eller fest på anna vis millom vegg og gruva i kjøken eller i eldhus. Dei kann vera anten av stein, av tre eller av jarn og hev oftast ein karm på utsida til å hindra at kornet ryd ned. Karmen er og sumtid laus, so han kann takast av når dei ikkje hev korn eller malt på hella. Nokre stader er det jamvel fleire hellor sett upp i same kråa, den eine ovanfor den andre. Det er ingen annan turkevarme til desse turkone enn den som kjem frå gruva, og varmen på hella vert då ikkje so mykje større enn i romet elles. Det gjeng difor seint å turka korn på slike hellor, men på den andre sida sparar dei mykje brenne. Det er helst på smågardar med lite korn at ein finn

turkor av dette slaget, og dei var meir vanlege fyrr, no er dei gjengne mykje utor bruk.

Noko serskilt namn er det ikkje høyrte gjete at dei hev. Nemninga er helst turkehella på Vestlandet, og i Trøndelag tørkhylla, same namnet som dei nyttar um dei vanlege turkehellone med verming under. Det vil likevel vera best å ha eit sernamn på desse kråturkone, og ein hev difor her kalla ho *kråhella*, eit namn som måtar sers godt etter den plassen turka hev i huset.

### 5. Takka, f.

Til å turka korn på er nokre stader nytta eit slag *runde* jarnplator dei kallar *takkor*. Sume av desse er fastbygde og er då i tabellane sette upp i lag med helle Turkone. Men flestalle av deim er lause jarnplator og er esla til bruk som bakstehellor helst til å baka flatbrød på. Det vert difor greidd ut meir um dette turkeslaget nedanfor i stykket um dei lause turkegreidone.

Jamvel dei takkone som er fastbygde og som oftast er noko større enn vanlege takkor elles, kann ein segja fyrst og fremst er esla til å steikja flatbrød og anna brød på. Men dei vert samstundes mykje nytta til kornturking. Slike takkor kann stundom vera ikkje so lite kostesame. I ei oppgåva frå Trøndelag er det soleis sagt at ei stor rund jarnhella dei hadde på ein gard i Orkdal, var kjøpt i 1864 og då betald med 60 spesiedaler (= 240 kronor). Um takka gjeld og noko det same som vi fyrr hev nemnt um tussa, at ordet no på Austlandet og Upplanda vert bruka um den moderne plateturka (med roteverk). Denne kallar dei jamt *takke*, f. eller *takketørke*, f. Det gamle namnet er soleis ført yver på eit anna og meir modernt turkeslag som hev likskap med den gamle turka, einast det at det serskilde roteverket vantar.

### C. LAUSE TURKEGREIDOR.


Lause greidor av ymse slag, esla til å turka korn på, finst det ei heil mengd av utyver landet. Men det gjeld og her som det er sagt ovanfor under stykket um helle Turkone, at det er Vestlandet og noko Trøndelag og Nordlanda som best hev halde på deim. Nokre av desse turkegreidone vert laga berre til kornturkor, andre er fulla helst esla til å turka korn i eller på, men kann og ofte verta nytta på anna vis. Og so lyt det og nemnast til sist, at dei mange stader nyttar til kornturking ymse greidor som fyrst og fremst er tillaga til andre endemål.

Nedanfor vert teke med i opprekninga alle slike greidor, som meir vanleg vert nytta til kornturkor, endå um dei frå fyrsten helst er laga til anna bruk. Sume av deim ser det ut til fyrr hev vore ein lekk i eit større turkeverk (t. d. tarren og hæra), men no vert nytta som sjølvstendige turkor. I neste stykket kjem det fråsegner um nokre andre måtar å turka korn på, og då um slike ting og, som dei brukar til dette berre ender og då.

### 1. Tarre, III.

er ei korn- og maltturka som var mykje nytta fyrr, serskilt på småe bruk i Hordaland og i Sogn og Fjordane. Men han er kjend utanfor desse fylka og, heilt ned til Jæren (som nemnt fyrr) og truleg på Sunnmøre.

Etter ei melding frå godseigar *Heiberg* på *Amble*, var tarren i Sogn ein kasse eller karm med eit laust botn laga av tre-fjølær som var lagt nedi karmen. Desse fjølene var det bora ei mengd med hol i, likeins som det er nemnt fyrr um spileverket i kylnor og sonn. Når kornet eller maltet skulde turkast, vart det tømt ut i tarren, og han vart so sett upp på røyk-ommen i stova, ofte på ein treknakk som var serskilt laga til dette bruket.



Bil. 82.  
Tarre (på treknakk) frå Sogn.  
De Heibergske Samlinger.

Sidan røykdommen kom burt, hev tarren, i minsto i Sogn, vore nytta til å leggja maltet i etter bløytinga, soleis at vatnet kunde renna frå til groinga skulde byrja.

Ein tarre som var til å turka malt i, kalla dei i Sogn *malttarre*, og ein tarre til kornturking *korntarre*. Fjølene i botnet på tarren vart (etter *Aasen*) kalla *tarrefjølær*.

Etter ei anna uppskrift frå Hornindal var tarren der i gamle dagar ein trelem som dei lagde oppå røysommen i røykstovone, og som vart nytta til å turka malt på. Truleg hev og her fjølene vore med hol i likeins som i Sogn, og dei må visst og ha havt ein karm ikring, soleis at maltet ikkje skulde rjoda (ry) ned.

Tarren kunde og sume stader vera hengd upp yver røykdommen eller sett upp på stenger som var fest ovanfor omnen.

Ross nemner og, at dei sume stader i Sunnfjord, t. d. i Jølster, hev havt eit anna slag tarre som vart kalla *skidetarre* (*skjietarre*), eit spileverk av klovningar, som dei sette upp yver røysomnen, og som vart nytta til å turka korn, malt og anna på.

Etter det som er sagt ovanfor, kann ein då helst segja at den vanlege tarren dei nyttar no, er ein trekasse med eit laust såldbotn.

Han hev elles stor likskap med det øvste oppbygget som finst på den vestlandske kylna. Maltet vert og der lagt på nokre såldfjølér med ein trekarm ikring, og den einaste skilnaden er at trekarmen i kylna er sett fast på underlaget.

Det er etter dette likt til at tarre er det upphavlege namnet berre på tarrefjølène, og at desse frå fyrsten helst hev vore ein lekk i andre turkor som kylna, sonn og fl. Det kann då vera i samsvar med dette at dei på Jæren kallar heile maltturkehuset tarre eller tarrehus. Tarrefjølène (med karmen i kring) lyt ha skote seg fram i daglegtalet.

Ordet *tarre*, m, finst og i svenske målføre der det millom anna vert nytta um ei hylla til å turka lin på. Det tilsvarende tyske ordet *darre*, f., tyder etter ordbøkene ein turkeomn eller og eit oppbygg som dei fyrr hadde til å turka, serskilt frukt på.

## 2. Terre, m.

Dette ordet er nærskyldt med det som vi hev nemnt ovanfor og vert mykje bruka på heile Vestlandet um turkevêr, slikt vêr som er godt til å turka i (*høyterre*, *kornterre*, *fisketerre*), gamalnorsk og islandsk *þerrir*, m. Det heng i hop med gjerningsordet *terra* som tyder turka (um vêr og vind) gno. og isl. *þerra*, svensk *tårra*, turkast inn, tysk *dörren* (upphavleg *derren*) tørke, latin *torrere*, turka upp.

I Rogaland vert ordet nytta som namn på ei kornturka. Etter ei melding frå Gjestal var dette ei turka som dei der hadde fyrr, og som helst var til å turka rug i på den tida då dei på Jæren avla meir av dette kornslaget enn dei gjer no. Ho var firkanta, laga av seglduk med ein trekarm ikring og vart hengt upp yver omnen i stova. Terreturkinga var berre ei fyrebils turking soleis at kornet skulde stå seg og ikkje verta øydelagt av mugl. Når dei so sidan skulde mala, vart kornet turka på ei *tussa* (tossa). Dei skilde difor på Jæren fyrr millom korn som var *terreturka* og det som var *tusseturka* soleis som nemt under *tussa*.

Det er truleg at terren er ei gamal turka på Jæren. Men vi kann fulla gå ut ifrå at han upphavleg ikkje var laga av seglduk, men av eitkvart slag annan vevnad.

Noke bilæte av ein terre hev det ikkje vore høve til å få tak i.

## 3. Hæra, f.

Hæra er ei maltturka som endå er mykje nytta på Vestlandet. Ho er kjend heilt ifrå Dalane i sør og upp til Sunnmøre. Men det ser etter oppgåvone ut til at ho no er mest i bruk i Nordhordland, Ytre Sogn og Sunnfjord.

Upphaveleg var hæra, som og namnet syner, ein duk eller eit klæde laga av hår, ofte av *hagr*, n., hestetagl, eller som dei segjer mange stader på Vestlandet, *harg*. Etter ei melding frå Alversund vart harg der i gamle dagar spunne og vove på same måten som hamp.\*)

I *Christen Jenssøns* „Norske Dictionarium eller Glosebog“ frå 1646 (utgjeven å nyom av *Torleiv Hannaas* 1915) er det sagt at *hære* er eit å-klæde av hestehår 3 alen i kvar kant og vove som eit anna sengklæde.


Det vart lagt upp på nokre trespilor inne i stova og ovanpå det turka dei malt, rug og bygg. Jenssøns Dictionarium er ifrå Sunnfjord (Åskvoll). Aasen hev same tydinga (ein duk eller eit teppe laga av hår og nytta til kornturking).

Det som her er sagt gjeld noko endå, men elles er den vanlege hæra eller som dei og segjer *malthæra* (i ei oppgåva jamvel nemnd som *sælda*, f.) no jamnast laga til som ein kasse med ståltrådduk (netting) eller og raspejarnsblekk (kalla *grynplator*) i botnet.

Etter meldingane som hev kome inn, serskilt frå Nordhordland, ser det ut til at hæra fyrr var ein lekk i torn-turka som det er skrive um framum, og helst vart nytta som eit anna namn på tornplagget. Dette sistnemnde namnet hev truleg ikkje voro noko sers i bruk utanfor Voss. Tilhøvet vert då mykje samsvarande med det vi hev nemnt um tarren, som og er eit anna namn, kann henda jamvel meir: opphaveleg, på dei fjølene maltet vert lagt oppå i kylna.

Men likeins som tarren, er hæra og ei serskild turka og ho hev truleg vore det frå lang tid attende.


Når dei skal turka malt på hæra — til kornturking er ho ikkje nytta no det ein veit — so vert ho anten sett upp på turkehella, dersom det finst ei slik i garden, og det vert lagt nokre steinar eller trespilor under, soleis at det kjem fram som eit lite luftrom millom hæra og turkehella. Eller so hengjer dei ho upp i eit band yver turkehella. På



Bil. 83.  
Hæra av det moderne slaget med grynplator  
i botnet (1 × 1½ m).  
Frå Alversund i Hordaland.

\*) Hamp vart fyrr både avla, spunnen og voven heime på gårdane.

gardar der dei ikkje hev turkehella, vert hæra hengd upp i gruva eller sett på staurar eller spilor yver gruvevarmen. Som det er nemnt fyrr



Bil. 84.  
Hæra hengd upp yver bileggjarommen.  
Dalanes Folkemuseum, Egersund.

kallar dei slike oppbygg endå torn (*todn*) sume stader i Nordhordland, men noko retteleg torn etter gamal gjerd er dette likevel ikkje. I Dalane hev det vore vanleg å ha hæra hangande i band yver bileggjarommen som til dessar hev vore i bruk der. Banda er fest i tvo stokkar eller kjeppar dei hev under loftet og som vert kalla *slåne*.

Storleiken på hæra kann vera noko ymse. Ho er anten heilt firkanta (kvadratisk) eller rektangulær og oftast frå ein til halvannen meter lang og ein meter breid eller vel so det.

I Nordhordland hev dei frå gamalt den regelen at maltlaget i hæra ikkje skal vera tjukkare enn ei *løyvd* (*løvd*) d. v. s. breidda på handa utan

tumarsfingren. Dette vert rekna til 4 tumar, eller 10 cm. på lag. Medan maltet vert turka, må varmen ikkje vera sterkare enn at ein kann halda handa nedi maltet heilt nedpå hærebotnet. Det vert alltid beste maltet når det vert turka med liten varme. Dei gamle harghærone var difor rekna som sers gode til å turka malt på, av di folk var nøydde til å ha liten varme soleis at ikkje hæra skulde brenna upp. (Melding frå *A. Spjeldnæs*).

På ei vanleg hæra av det slaget vi hev nemnt her, kann dei turka på ein gong ikring ei tunna malt og turkinga tek frå eit halvt upp til eit heilt døger.

Til å elda med nyttar dei alltid lauvved, helst older eller selja. Det må ikkje eldast med furu og slett ikkje med torv. Det set usmak på ølet.

## 4. Harpa, f.

Nokre stader på Vestlandet er det likt til at dei hev havt, og kann henda endå hev, i bruk ei meir sjeldsynt korn- og maltturka som vert kalla *harpa*. Etter den oppgåva vi hev um denne turka (frå Samnanger) er ho likeins som hæra å sjå til, ein firkanta karm eller kasse, berre med den skilnaden at botnet her er *harpeduk* dei kallar, med trådar som er lagde jamnsides (parallelt) istaden for den vanlege duken i hæra.


Turkemåten er og den same som nemnd i stykket um hæra. Harpa vert sett på nokre steinar yver ei hella som dei eldar under når kornet eller maltet er havt uppi.

*Harpa*, som og er namn på det velkjende musikkinstrumentet, vert både i norske (*harpa*), svenske (*harpa*), engelske (*harp*) og nokre danske (*harpe*) målføre bruka som namn på eit slag stort såld til å reinska korn med. Namnet hev ho truleg fenge etter den likskapen trådleggjinga i botnet hev med strengverket i musikkinstrumentet. På gamalnorsk var namnet *harpa* f., likeins som i nynorsk.

Ein hev ikkje fenge noko bilæte av denne turka.

## 5. Hekka, f.

Nord i landet frå Namdalen heilt upp til Troms fylke hev dei ei kornturka som dei kallar *hekk*. I Namdalen er namnet *hekk'* (bunden form *hekk*, med dubbelt tone-lag) i Nordland *hekk* (bunden form likeins). Andre namn som no vert nytta um denne kornturka er *kornråma*, f., *turkekarm* m. og *turkegrind*, f., (*tørkgrind*). Det er



Bil. 85.  
Hekka frå Kulstad i Vefsn.  
No i Vefsn Bygdesamling.



Bil. 86.  
Hekka hengd upp under taket.  
Vefsn Bygdesamling.

ein kasse eller ei råma som er spikra i hop av 4 bord, tvo meter lang eller vel so det (i ei oppgåva er det sagt 4 alen) og ikring ein meter breid, og djupna er frå 4 til 6 tumar (10—15 cm. på lag). Botnet er vanleg laga av grov strige eller sekkety og med nokre spilor (2 til 4) under til å stydja tyet. Kornet eller maltet vert so tømt uppi og hekka hengd upp under loftet i kjøken eller i stova. I gamle dagar då dei ikkje hadde serskilt underloft, vart hekka sett upp på bord som vart lagt millom loftåsane. (Etter ei melding frå Overhalla).


Til å festa hekka upp i loftåsane hadde dei fyr *lokor* av tre (*loka* f. = lita slå), no vert oftast nytta jarnkrokar.

Ordet *hekk* er etter *Torp* „Nynorsk Etymologisk Ordbok“ eit frammandord, som hev kome inn frå lågtysk og hollandsk der det heiter *hek* og tyder spileverk, gitter, skipshekk, svensk *häck* dansk *hæk*. På Shetland hev dei og same ordet i forma *hekk* som tyder råma, grindverk.

## 6. Brya.

*Brya*, f. (eldre form *brydja*) eller *turkebrya* er ei kornturka som fyrr må ha vore mykje nytta på småbruk ikkje berre på Vestlandet, men i andre landsbolkar og. På Vestlandet hev slike turkor likevel halde seg lengst i bruk. Frå Hornindal er det meldt at nokre gardar der heldt fram med å turka korn i slike bryor heilt fram til siste hundradårskiftet. Det er elles kjend at turkebryor hev vore nytta i Sogn for ikkje so lang tid sidan, og like eins i sume fjellbygder t. d. bygdene kring Røros. Turkebryone var laga av tjukke trestokkar, oftast av furu, som vart hola ut. Dei hadde ei lengd frå ein halv upp til eit par meter dei største.

Når kornet skulde turkast, vart det havt upp i brya fyrst, og so kasta dei nedi varme steinar som var hita i elden på gruva. Det galdt då



Bil. 87.  
Turkebrya frå Sogn. No i De Heibergske Samlinger.

um snøggast dei vann å rota godt ikring med ei kara som var til dette bruk, soleis at kornet ikkje skulde verta svidd. Samstundes vart og turkevarmen frå steinane spreidd meir jamt utyver.

Det var berre korn som vart turka i brya, aldri malt, etter det ein veit då.


Ordet *brya* eller *brydja*, f., på gamalnorsk *brydja*, finst og i svenske målføre i forma *brya* eller *brøja*, men hev der ei tyding som er noko annaleis („grop som dei laga på marka til å samla i hop vatn til krøtura“).

Elles er brya mange stader her i landet nytta som mat- og vasstrog åt husdyra, og namnet er her halde uppe, endå dei no helst ikkje lagar ho av trestokkar lenger.

## 7. Gryta, f.

Som vi hev sagt fyrr, hev *gryta* heilt til den siste tida kann henda vore den mest ålgjengde kornturka på småe bruk yver heile landet. Men det er ikkje berre på småbruk dei hev havt grytor til dette bruk, jamvel på større gardar, der dei elles hadde andre kornturkor, var og er grytor endå mykje nytta serskilt til å turka havre til flatbrødbakning, av di folk tykkjer at flatbrødet då fær ein betre smak.

Grytone dei nyttar til kornturking er oftast dei same som er til anna bruk i huset. Men dei hev og sume stader havt eit slag *turkegrytor* som var serskild laga til å turka korn i. Desse turkegrytone var noko annaleis enn vanlege grytor elles, dei var vidare og hadde flatare



Bil. 88.

Turkegryta (med kara uppi). Voss Bygdemuseum, Mølster.

botn. På Voss er det sagt at slike turkegrytor var sers vanlege fyrr, og truleg hev dei vore det i andre Vestlandsbygder og. På gardar der dei hadde *storgrytor* eller *bugrytor* dei kallar (truleg av *bu*, n. som tyder fe, nautfe) vart og desse jamt nytta til å turka korn i. Slike bugrytor er helst mura inn attmed gruva, med serskilt ilegg, men med utgang til røyken gjennom same skorsteinspipa som er yver gruva.


Mindre grytor vert vanleg anten hengde upp yver elden i gruva eller sett på ein jarnfot upp i gruvevarmen. Når det skulde turkast korn i turkegrytone av det serskilde slaget vi hev nemt ovanfor, vart desse helst sette noko på sneid yver varmen og soleis at dei halda ut frå gruva, sjå bil. 88.

Elles galdt det mykje um når kornet vart turka i grytor, at varmen ikkje måtte vera for sterk, og at rotinga i kornet vart halde ved lag jamt og stendig. Til rotinga vart nytta ei *kara*.

Ordet *gryta*, gamalnorsk *grifla*, svensk *gryta*, dansk *gryde* er som vel kjent avleidd frå gamalnorsk (og nynorsk) *grjot*, n. stein, ofte bruka um kleberstein, som i nynorsk målføre er kalla *grøtstein*, *grytestein*. Dei eldste grytone vart laga av kleberstein.

## 8. Takka.

*Takka*, f. (på Åustlandet i ubunden form *takke*) er ei rund jarnplata av støypjarn (malmplata) til å steika brød på, serskilt flatbrød. Det er mest på Åustlandet og i Upplandsbygdene at ho hev dette namnet, men det er kjent, endå um det er lite nytta, på Sørlandet og Vestlandet og.



Bil. 89.  
Takka med brandfot. (Frå Trøndelag).

I sjøbygdene segjer dei til vanleg *baksterhella*, *baksterjarn* og i Trøndelag *baksthylla*, (ubunden form *baksthyll'*), i Nordland og Troms sume stader *brødjarn*. Denne siste nemninga er og kjend på Vestlandet.

Vi hev fyrr nemnt at takka sume tider kann vera noko stor og då ikkje so sjeldan er innmura attmed gruva i eldhuset. Men det mest vanlege er likevel at ho ikkje er fastbygd. Når dei skal baka vert ho då sett på ein jarnfot (i Trøndelag kalla *brandfot*) yver varmen inne i gruva. Foten er so høg at det er god plass til å elda under takka.

Slike takkor eller baksterhellor, helst dei største av deim, vert nokre stader nytta til kornturkor. Dei hev då ein karm eller ring av tre eller jarn sett på utmed kanten på hella, soleis at kornet ikkje ryd ned. Denne kanten kann dei taka burt når det skal steikast brød på takka.

*Takka* skal opphavleg vera komen hit tll landet frå Sverige, men hev no vore i bruk her i landet i heller lang tid. Alt i Christen Jenssøns ordbok frå Sunnfjord, prenta i 1646, er *bakstehelle* eller *brødjarn* nemnd, og det er her sagt at desse namna vart bruka um eit rundt flatjern, dei baka flatbrød på. Ho heiter i svenske målføre *tacka* og er i ordbøkene sagt å vera nemning på ei baksterhella eller peishella (gruehella). Kvar ho opphavelig er komen frå dit er visst ikkje heilt på det reine. *Torp* hev tenkt seg at ho kann vera frå Finland, der dei hev eit ord *takka*, som tyder peis, åre, og *takkakivi*, hella, peishella.

## 9. Banka, f.

Vi nemner her tilslutt at dei i Opdal og i bygdene som valdar imot på Nordmøre hev eit serskilt skale- og turkeverk dei kallar *banka* (trøndsk uttala *bank'*, bunden form *banka* med dubbelt tonelag) eller *gryntrøsk* m. Som namnet segjer, er dette helst eit grynmaleverk og er her i statistikken teke i hop med skalemaskinane. Men banka (som er det vanlege namnet på Nordmøre, i Opdal ser det ut til at dei oftast segjer gryntrøsk) vert og samstundes nytta som eit slag turkeverk, med di ho turkar kornet samstundes med at det vert skala. Det gjeld sjøvsagt berre bygg. Noko oppvarming er det ikkje til denne turka. Det er berre rotinga som gjev varmen. Det vert greidd meir ut um dette skaleverket sidan, når vi kjem til skalemaskinane.

#### D. ANDRE TURKEMÅTAR.

Korn vert og turka på ymse andre måtar enn dei vi hev nemnt framanfor.

Frå Nordland og Troms er det meldt, at dei mange stader plar leggja kornet (her bygg) ut til turk på eit flatt berg, nokre flate steinhellor eller på eit stort segl eller klæde, helst i eit bakkehall som vender mot sør. Dei gjer dette sjølvsagt berre på dagar då det er turt og klårt vêr og med solskinn. Denne turkemåten er elles kjend sume stader utanfor Nordlanda og.

Eit anna vis å turka korn på, som ikkje er so uvanleg i Nordland, er å hengja upp eit segl eller ein annan stor duk under loftet i stova eller kjøken, og so ha kornet uppi der og lata det liggja til det er turka av varmen inne i romet.

På gardar som hev bakaromn, vert denne fleire stader nytta til korn-turking. Anten set dei då kornet (i kassar) uppå omnen eller dei skuvar kassane med kornet inn i bakaromnen. I siste fall er kassane helst laga av jarn.

Etter ei melding frå Finskogen i Solør turkar dei der korn (bygg) som skal malast til kokemjøl (*skræmjøl* dei kallar) i røykornen i stova. Kornet vert lagt i eit trog og skuva inn i omnen um kvelden når han er gjort rein og hev vorte passeleg kald etter eldinga um morgonen. Inne i omnen velter dei so kornet ut or troget og spreider det yver omnsbotnet. Her ligg det til andre morgonen. Då vert det raka ut med ei *glodra* og etterpå vert resten sopa ut med ei *sopa* av furukvister.

Sume stader i landet, helst på småe bruk som ikkje hadde serskilde kornturkor, turka dei fyrr og kornet på den måten at dei breidde det ut på stoveloftet og let det liggja der til det vart turt av varmen som steig upp frå stova. Kann henda er denne turkemåten noko i bruk endå. Andre stader vert kornet breidd ut til turk på ein lem (uthusgolv) eller på fjøstrevet, men denne turkinga var oftast berre ei fyrebils turking, soleis at kornet etterpå kunde liggja i kornbingen utan å taka skade. Skulde det sidan malast, laut det helst ny eldturking til.

#### E. ROTEGREIDOR.

Fyrr vi tek til med å nemna upp dei nye turkeslaga, lyt vi segja nokre ord um rotegreidone som var nytta til gamleturkone. Når ein då tek undan bankone som helst er eit skaleverk, vart det her alltid rota med handmakt og dei hadde serskilde tregreidor til dette. Desse var noko ulike til dei ymse turkeslaga, men skiilnaden var likevel ikkje

so sers stor. Det var oftast ei lita fjøl, på skapnad som ein halvmåne, og sett fast på eine enden av ei tre-stong. Summe stader bruka dei til roting i småe grytor berre fjøla utan nokor stong. Det vanlege gamle namnet på slike rotarar er *kora*, f. eller *kara*, f. Den vestlandske forma er helst *kora*, (noko brigda etter målføra, sume stader jamvel uttala med trong o), i sjøbygdene i Trøndelag *kara*. I Innherad segjer dei mest *kuru* og i trøndske bygder elles *kårå* eller *koro*. Andre namn på denne reidskapen er *rørkall*, m., *turkespjeld*, n., som baa er gjevne upp frå Nord-Trøndelag, sistnemnde frå Stjørdal (*tørkspil*), og *turketre*, n., som er vanlegt namn på Jæren og i Dalane.

På Austlandet og Upplanda nyttar dei mykje ordet *roka* f. eller *raka* f (*rake*).

Nyare namn er *rotar* og *rørar* eller *røra*, sumtid og *turkerøra*. Men dei vert helst nytta um røreverket i dei nye maskinturkone.



Bil. 90.  
Karor til å rota i kornet under turkinga.  
De Heibergske Samlinger.

## Turkor av nyare slag.

Etter at vi no hev teke ei yversyn yver dei gamle turkeslaga, lyt vi og segja nokre ord um dei moderne turkone. Dei kann skiljast i tvo hovudslag: A) Turkor med beinveges verming og B) Varmluftturkor. I dei sist nemnde vert kornet turka med varm luft, som er hita upp til dette endemålet.


### A. TURKOR MED BEINVEGES VERMING.

Av desse er det ikkje funne meir enn tvo slag i bruk her i landet. Det eine slaget er *plateturka* som er den mest vanlege av alle dei nye turkone vi no hev, og det andre *trummelturka*. Ho er mykje meir sjeldsynt.

#### 1. Plateturka.

*Plateturka* eller *turkepanna*, er den mest ålgjengde kornturka i bygda-mylnone no og er ikkje so lite i bruk i gardskvernane heller. Det er denne turka folk flest plar tenkja på når dei talar um *maskinturkor*. Ho er

rund, laga til av jarnplator som ei panna eller ei flat gryta og er mura upp på ein steinomn med ilegg under sjølve turkepanna. Jamnast hev ho eit tvermål (diameter) på millom ein og tvo meter. Nede i turkeskåla er det ein rotar til å røra i kornet soleis at det ikkje skal verta



Bil. 91.  
Modern plateturka.

brent. Rotaren vert driven anten med eit serskilt drivverk eller med det same som er til mylna (eller kverna) elles. Som vi hev nemnt framum, vert denne turka no på Jæren kalla *tossa* (tussa) og på Austlandet og Upplanda ofte *takke*. Andre stader er ho nemnt som *turkepanna* (sers vanleg) og *turkeplata*, i Trøndelag stundom som *tørkhylla*. Den siste nemninga er, som vi veit, det gamle trøndske namnet på turkehella og er soleis likeins som tussa og takka og eit gammalt namn dei hev lagt yver på den nye turka. Namnet *plate-turka* er ikkje so mykje i bruk

utyver landet. Det er helst berre eit handelsnamn og vert truleg mest nytta i skrivemålet (platetørke), serskilt av dei fabrikkane som lager til slike turkor.



Bil. 92.  
Plateturkor av eldre slag. Versland mølle, Gjestal i Rogaland.

## 2. Trummelturka.

Turketrummelen er ein sylinder laga til av jarnplator og oftast noko lang (3 meter eller meir). Han er uppsett lite på skjøns og hev elding under. Dei tømmer kornet inn i trummelen i øvste enden, og let so denne gå rundt med turkinga varer, soleis at trummelveggen vert varm all igjennom. Kornet vert då samstundes rota ikring. Etter at turkinga er slutt, tek dei det turre kornet ut i nedste enden på trummelen.

## B. VARMLUFTTURKOR.

Det finst ymse slag av desse. Sume likjest mykje på plateturkone og hev roteverk likesom deim. Andre turkar på den måten at kornet fell ned gjennom eit ope rom med varm luft, eller det kann vera so at kornet ligg i ro på hyllor i romet medan den varme lufta gjeng igjennom det. Vi reknar upp her berre dei varmluftturkone som er mest nytta hjå oss.

### 1. Patentturka.

Denne turka ser utanpå ikkje ut so mykje annaleis enn ei vanleg plateturka. Ho hev og same slag roteverk. Men eldinga vert her nytta til å laga varm luft, som so vert førd gjennom kornet og turkar det. Patentturka kann på same tida turka mykje meir korn enn plateturkone kann gjera, og hev difor kome ikkje so lite i bruk, serskilt i dei mest tidhøvelege bygdamylnone på Austlandet og Upplanda. Namnet skriv seg frå det at ho er bygd etter eit system som det er teke patent på (Hammerens patent).

### 2. Kolonneturkor.

I handelsmynnone, der kornet ofte vert vaska fyre malinga, i dei moderne kornlagerhusa og i sume store bryggeri, nyttar dei nokre serskilte kornturkeverk som vanleg vert kalla *kolonneturkor*. Desse er bygde som ei firkanta sjakt eller ei røyr, og gjeng ofte gjennom fleire høgder i huset. Kornet kjem inn øvst uppe og fell smått nedigjennom. Det vert so turka i den varme lufta som er i sjakta og som anten vert blåsen eller (helst) sogen inn dit. Elles gjeld det um desse turkone at dei kann vera bygde på ymse måtar, og systemet dei verkar etter er og mykje ymisleg.


Det finst og mindre slag av desse turkone. Eit av desse er *koks-turka* dei kallar. Her er det røykgasen frå kokseldinga som vert nytta til turkevarme. Sjølve turkeromet der kornet ligg, er då bygd upp som ei sula eller ein pilar, og turkevarmen vert sogen inn i pilaren nedanifrå og gjeng ut øvst uppe.

### 3. Turkeskåp.


I dei siste 10—20 åra er det teke i bruk på sume gardar nokre varmluftturkor, som er bygde på lag som eit skåp og oftast vert vernde med elektrisitet, *turkeskåp* dei kallar. Um eit par av desse turkeskåp er det kome inn oppskrifter som syner korleis dei er laga. Men elles er det truleg at det finst fleire slag av deim og at dei er skipa til på ymse vis.

Etter dei nemnde oppskriftene var det sett upp i skåpa malmhyllor som kornet var lagt på. I den eine oppskrifta er det sagt at det var ti slike hyllor, med 15 cm. millom kvar hylla. Turkeskåpet var her i kjellaren, bygt upp attmed skorsteinen. Frå toppen på skåpet gjekk det ei røyr upp i skorsteinen og gjennom ho vart govet drege ut. Som sagt ovanfor er det oftast nytta elektrisk varme til turkinga.

Det var berre i lag med gardskvernar at det fanst slike turkor og talet på deim var ikkje stort heller.



Bil. 93.  
Kolonneturka.



Bil. 94.  
Kondisjonør.

#### 4. Kondisjonørar.

Umframnt kolonneturkone, som vi alt hev nemnt, hev handelsmylnone, men berre dei som mel kveite til matmjøl, eit anna slag turkor, som vanleg vert kalla *kondisjonørar*. Vi tek desse med her, endå um det kann henda ikkje er heilt rett å segja at kondisjonøren helst er eit turkeverk. Han er i røynda ein fyrebuingsmaskin, som vert nytta til å jamna ut vætemengda og hardleiken i kveitekorntet fyre malinga. Sume kveiteslag er harde og glaslike, andre er blautare. Båe desse er ofte blanda i hop i ein kveitelast, og dei lyt då handsamast på ein slik måte at dei vert so jamne som råd er, til dess malinga skal byrja. Kornet vert då fyrst vaska eller væta (fukta), og so gjeng det gjenom kondisjonøren som er laga mesta som ei turkesula. Men han er likevel noko annaleis enn ein vanleg turkekolonne og det syner seg serskilt i måten oppvarminga er skipa til på. I kondisjonøren kjem turkevarmen frå rekkjor med radiatorar, som det gjeng varmt vatn igjenom. Temperaturen kann i kvart laget nedigjenom sula måtast til soleis som det høver best, og likeins kann og lufttilførsla nedst i sula, som verkar til å gjera kornet kaldare når det kjem neddyr, aukast eller minkast etter som det trengst. Det tek ein time på lag frå kornet kjem inn i fyrebuaren til det gjeng ut nedantil. Øvst uppe i toppen på sula er det ei vifta til å suga ut luft, gov, dust og skalstykke, som samlar seg i sileverket (filtret) der.

Vi vil etter desse utgreidingane sjå på dei oppgåvone som stend i tabellane um talet på dei ulike slag turkor. Det er skilt millom varmluftturkor, plateturkor, helleturkor og badstovor og dil. (gamle turkehus), og i kvar av desse rubrikkane er det då teke med alle turkor som er nemnde framum under dei same yverskriftene, og som det fanst meldingar um i mylne- og kvernoppgåvone. Millom plateturkone er då og rekna med eit par trummelturkor, og millom helleturkone dei takkone som er fastbygde, og som dei hev gjeve upp i skjemone vart nytta til kornturkor. I rubrikken til varmluftturkor er likevel ikkje kolonneturkor og kondisjonørar tekne med.

Dei som vil nytta tala i tabellverket, lyt og ansa på det som er sagt fyrr, at det sjølvsagt er mange fleire, i minsto av gamleturkor, i landet enn dei som er i samband med mylnor og kvernar, og som vi hev fenge med her i statistikken. Det er og ein annan ting som ein bør merka seg. I skjemone var det berre spurt etter um det fanst turka til kverna eller mylna, og kva slag. Ein lyt då gå ut frå at dei fyrst og fremst hev gjeve upp um dei hadde *kornturka*, og ifall dei hadde fleire slike turkor, den mest tidhøvelege av desse. Fanst det t. d. badstova på garden, og attåt denne ei plateturka, hev dei sjølvsagt gjeve upp berre den sistnemnde. Likeins um det fanst både ei helleturka og ei anna gamal

turka frå eldre tid, so er det truleg at helleturka som den mest tidhøvelege hev kome med i oppgåva, og ikkje den andre. Dei gamlaste turkeslaga er soleis i visso gjevne upp berre når dei ikkje hadde andre turkor, og det same lyt gjelda um maltturka. Ho er visst ikkje komen med, anna enn i slike høve då ho var einaste turka på garden. Den same regelen som er nemnd her, er og nytta når det i skjemone beint fram var sagt frå at det fanst fleire slag gamleturkor på garden. I tabellane hev vi soleis ikkje med heile talet på *turkor* av desse slaga, men berre talet på *bruka* som hadde slike turkor.

Det bilætet tabelluppgåvone gjev um kornturkone, vert difor noko skjeivt, med di vi hev fenge fleire oppgåvor etter måten um dei mest tid-svarande turkone enn av dei som er frå gamal tid.

Og endå ein ting til skal her nemnast. Ikkje alle svara som fanst i fyrerita var so beint fram etter vegen, at det var greidt å sjå med ein gong kva slag turka det vart tala um. Det gjeld serskilt um gardsturkone på Vestlandet og noko um dei som var i Trøndelag og Nordlanda og. Ein tykte difor det var best å røkja noko meir etter um turkeslaga som var nytta i desse tri landsbolkane, og dei gamle oppgåvone vart då retta i samsvar med desse tilleggs meldingane, so vidt som dette let seg gjera. Men det kann likevel vera at det finst sume mistak. Tvilsmålet gjeld mest talet på helleturkone.

I det store og heile skulde likevel tabelluppgåvone vera noko so nær rette. Men i sume av landskapa er det kann henda eit eller anna tal som ikkje er so heilt pålitande, og oppgåvone um turkeslaga i dei tri nemnde landsbolkane lyt difor nyttast med eit grand var-semd.

I dei andre landsbolkane tykkjest det derimot ikkje å vera nokor slik mistyding.

Um turkone i bygdamylnone var det gjort serskilt etterrøkjing alt ifrå fyrsten, og her skulde det soleis ikkje vera nokon tvil.

Vi tek fyrst talet på bruk med og utan turkor og oppgåvone um kor turkone var innsette. (Sjå tabellen næste sida).

Det syner seg at talet på bruk utan turkor er ikkje so lite større enn talet på dei som hev slike. Det er berre millom bygdamylnone at fleirtalet av bruka hev turkeverk av noko slag. Av dei store hovudflokkane er det handelsmylnone som hev minst med turkor etter måten. Men det er her serskild stor skilnad på bruka med ymse slag maleverksemd. Av havre-



Bil. 95.  
Badstova på Breen i Opdal. (Sor-Trøndelag).

	Bruk		Prosent- tal bruk <i>med</i> turkor	Rette tal			Prosenttal		
	utan turkor	med turkor		Turkone var innsette i					
				Same huset som mylna eller kverna eller i tilbygg	Serskilt hus til turka	Andre hus	Same huset som mylna eller kverna eller i tilbygg	Serskilt hus til turka	Andre hus
Handelsmylnor . . . . .	39	24	38,1	20	4	—	83,3	16,7	—
Bygdamylnor . . . . .	373	630	62,8	486	143	1	77,1	22,7	0,2
Gardskvernar . . . . .	5712	4148	42,1	381	2151	1616	9,2	51,9	38,9
<b>Alle bruk . . . . .</b>	<b>6124</b>	<b>4802</b>	<b>44,0</b>	<b>887</b>	<b>2298</b>	<b>1617</b>	<b>18,5</b>	<b>47,8</b>	<b>33,7</b>
Av desse fall på:									
Valsemylnor . . . . .	27	203	88,3	169	34	—	83,3	16,7	—
Andre mylnor . . . . .	64	276	81,2	220	54	2	79,7	19,6	0,7
<b>Mylnor i alt . . . . .</b>	<b>91</b>	<b>479</b>	<b>84,0</b>	<b>389</b>	<b>88</b>	<b>2</b>	<b>81,2</b>	<b>18,4</b>	<b>0,4</b>
Kallkvernar, . . . . .	3242	3692	53,2	353	1920	1419	9,5	52,0	38,5
Grøypekvernar . . . . .	2618	439	14,4	58	225	156	13,2	51,4	35,4
Andre kvernar . . . . .	173	192	52,3	87	65	40	45,3	33,9	20,8
<b>Kvernar i alt . . . . .</b>	<b>6033</b>	<b>4323</b>	<b>41,7</b>	<b>498</b>	<b>2210</b>	<b>1615</b>	<b>11,5</b>	<b>51,1</b>	<b>37,4</b>

grynsmylnone hev alle turkor, men av maismylnone er det berre tvo av 29 som hev turkeverk. Av brødkornmylnone hev 5 turkor og 12 ikkje. Her lyt ein då hugsa på at kolonneturkone som desse mylnone hev til å turka kornet etter vaskinga, ikkje er tekne med, og ikkje kondisjonørane heller.

Millom gardskvernane er det og fleire bruk som ikkje hev turkor, enn dei som hev. I tabellane er som vi veit med berre dei fastbygde turkone. Men serskilt til gardskvernane vert det mykje nytta lause turkegreidor, helst der havren er det vanlege kornslaget, og då oftast grytor. Var desse lause turkegreidone komne med, er det truleg at gardskvernane vilde synt seg å ha det høgste prosenttalet bruk *med* turkor.

Skil vi bruka etter tekniske linor, ser vi at mylnone hev ein høg prosent (yver 80) med turkeverk. Millom kallkvernane og andre fastbygde kvernar hadde vel so helvta av bruka fastbygde turkor. Men millom grøypekvernane berre 14 prosent. Desse kvernar var mykje nytta til maismaling og attåt det til råmaling dei kallar. Dei treng soleis ikkje til å ha kornet turka fyre malinga.

I same tabellen ovanfor er det og greidd ut um kvar turkone er innsette. Det mest tidhøvelege er at turka er i same huset som mylneverket eller i eit tilbygg til mylne- eller kvernhuset. Å ha turkone i eldfaste *tilbygg* er sers vanleg av di brandfåren vert mindre, soleis at eigarane ikkje tarv betala so mykje i trygdepengar. I tabellen viser fjorde rubrikken talet på bruk med turkor, anten i sjølve mylne-(kvern)huset eller i slike tilbygg som her er nemnde. I tabellverket finst det elles serskilde opp-

gåvor um dette frå handelsmylnor og bygdamylnor, men ikkje frå gardskvernane.

Det var 506 bruk millom handelsmylnone og bygdamylnone der turka stod i sjølve mylne- eller kvernhuset eller i tilbygg til dette. 352 av deim (18 handelsmylnor og 334 bygdamylnor) hadde turka i same huset som mylna eller kverna og 154 (2 handelsmylnor og 152 bygdamylnor) i tilbygg. Det var *mylnone* og av desse helst *valsemylnone* som hadde serskilt tilbygg til å ha turka i. Millom kvernane var dette ikkje so vanleg.

Med turkor i *serstilke turkehus* finn vi den høgste prosentten millom kalkkvernane soleis som ventande var. So kjem med prosenttar som fell nedetter, grøypekvernar, andre kvernar, andre mylnor og valsemylnor, der prosentten med slike turkehus er lægst. Det gjeng heilt etter den lina vi elles er vane med å sjå. Og det same gjeld og um prosenttalet på turkor i andre hus (smidjor, eldhus og dil.) berre det at prosentane her er lægre alle stader og inga slik turka fanst som høyrde til ei valsemylna.

Talet på bruk med og utan turkor var i dei ulike landsbolkanne:

Landsbolkar	Bygdamylnor			Gardskvernar			Alle bruk (handelsmylnor medrekna)		
	Bruk		Prosent bruk med turkor	Bruk		Prosent bruk med turkor	Bruk		Prosent bruk med turkor
	utan turkor	med turkor		utan turkor	med turkor		utan turkor	med turkor	
Austlandet . . . . .	13	145	91,8	1126	106	8,6	1151	253	18,0
Upplanda . . . . .	19	143	88,3	795	219	23,9	815	393	32,5
Sørlandet . . . . .	64	58	47,5	727	648	47,1	797	707	47,0
Vestlandet . . . . .	92	164	64,1	1801	2537	58,5	1910	2718	58,7
Trøndelag . . . . .	136	109	40,4	768	565	42,4	907	677	42,7
Nordlanda . . . . .	49	11	18,3	495	43	8,0	544	54	9,0
<b>I alt</b>	<b>373</b>	<b>630</b>	<b>62,8</b>	<b>5712</b>	<b>4148</b>	<b>42,1</b>	<b>6124</b>	<b>4802</b>	<b>44,0</b>


Det er ikkje so liten skilnad på prosenttala av bruk med turkor frå landsbolke til landsbolke. Av bygdamylnone på Austlandet hev yver 90 prosent turkor og so fell talet heller jamt — berre med eit avvik på Vestlandet — til 18,3 pst. med turkor i Nordlanda.

Heilt ut annaleis er prosenttala som gjeld gardskvernane. Den lægste prosentten hev her Austlandet, berre 8,6. Dette låge talet kjem seg mest frå den store mengda med grøypekvernar til råmaling dei hev i denne landsbolken. Prosenttalet stig so, når vi kjem nedover i talrekke, alt til Vestlandet, der burtimot 60 pst. av gardskvernane hev turkor. Derifrå fell talet å nyo til 8,0 i Nordlanda, mesta same prosenttalet som på Austlandet. Rekna med alle bruk, hev Vestlandet det høgste talet med turkor og Nordlanda det minste.

Talet på bruk med turkor av ulike slag var.

	Rette tal					Prosenttal			
	Bruk med turkor i alt	Av desse bruka hadde				Av bruka hadde			
		Varm-luft-turkor, turkeskåp med-rekna	Plate-turkor	Helle-turkor	Bad-stove-turkor og dil.	Varm-luft-turkor turkeskåp med-rekna %/o	Plate-turkor %/o	Helle-turkor %/o	Bad-stove-turkor og dil. %/o
Handelsmylnor . . .	24	16	12	—	—	66,7	50,0	—	—
Bygdamylnor . . .	630	62	533	24	20	9,8	84,3	3,8	3,2
Gardskvernar . . .	4148	10	473	2104	1561	0,2	11,4	50,7	37,7
<b>Alle bruk . . .</b>	<b>4802</b>	<b>88</b>	<b>1018</b>	<b>2128</b>	<b>1581</b>	<b>1,8</b>	<b>21,2</b>	<b>44,3</b>	<b>32,9</b>
Det fall på:									
Valsemylnor . . .	203	43	168	—	—	21,2	82,7	—	—
Andre mylnor . . .	276	35	239	3	4	12,7	86,6	1,1	1,4
<b>Mylnor i alt . . .</b>	<b>479</b>	<b>78</b>	<b>407</b>	<b>3</b>	<b>4</b>	<b>16,3</b>	<b>85,0</b>	<b>0,6</b>	<b>0,8</b>
Kallkvernar . . .	3692	1	381	1924	1386	0,0	10,3	52,1	37,6
Grøypekvernar . . .	439	5	132	152	150	1,1	30,1	34,6	34,2
Andre kvernar . . .	192	4	98	49	41	2,1	51,1	25,5	21,3
<b>Kvernar i alt . . .</b>	<b>4323</b>	<b>10</b>	<b>611</b>	<b>2125</b>	<b>1577</b>	<b>0,2</b>	<b>14,1</b>	<b>49,2</b>	<b>36,5</b>

Handelsmylnone hev ikkje andre turkor enn moderne varmluft- og plateturkor, og det same gjeld og med nokre undantak um bygdamylnone. Men turkone som vert nytta til gardskvernane, er enno mest av det gamle slaget. Det var berre vel so 11 pst. av gardskvernane, som hadde moderne turkeverk mot på lag 93 pst. av bygdamylnone. Av *mylnebruka* hadde burtimot 99 pst. moderne varmluft- eller plateturkor og noko meir enn 1 pst. gamle helleturkor, badstoveturkor og dil.. Millom kvernbruka er det ikkje so liten skilnad etter kvernslaget. Av „andre kvernar“ hadde 53 pst. varmluft- og plateturkor og av grøypekvernane 31 pst., men millom kallkvernbruka var det berre 10 pst. som hadde slike turkor. Tek vi alle dei moderne turkeslaga (varmluft- og plateturkor) i hop, ser vi at prosenten fell jamt frå 100 pst. i valsemylnone til 10,3 pst. i kallkvernane og samstundes stig prosenttalet på gamleturkor frå 0 i valsemylnone til 89,7 i kallbruka. Det lyt her gjerast ein liten merknad i samsvar med det som er sagt fyrr. I tabellane er det teke med berre eit slag gamleturkor når det fanst fleire slag av desse, og likeins er berre dei moderne turkone tekne med når det var gamle og nye turkor til



Bil. 96.  
Gamal badstova i Bykle (Setesdal).

same bruket. Men fanst det fleire slag moderne turkor i mylna eller kverna, er alle desse rekna med og ein kann difor sjå at talet på bruk med ulike slag turkor ihoplagt vert noko større enn talet på bruk som i det heile hev turkor i same flokken. Til dømes millom handelsmylnone var det 16 bruk som hadde varmluftturkor og 12 hadde plateturkor, men det var berre 24 bruk i alt med turkor, 4 bruk hadde soleis både varmluft- og plateturkor. Prosenttala er her rekna ut berre etter bruk som i det heile hev turkor.

Vi set upp ein tabell som syner kor stort talet på bruk med ymse slag turkor er i kvar landsbolken.


Landsbolkar	Rette tal					Prosenttal			
	Bruk med turkor i alt	Av desse bruka hadde				Av bruka hadde			
		Varm-luft-turkor (turkeskåp medrekna)	Plate-turkor	Helle-turkor	Bad-stove-turkor og dil.	Varm-luft-turkor (turkeskåp medrekna)	Plate-turkor	Helle-turkor	Bad-stove-turkor og dil.
Austlandet . . . . .	253	16	157	5	77	6,3	62,1	2,0	30,4
Upplanda . . . . .	393	44	145	5	204	11,2	36,9	2,3	51,9
Sørlandet . . . . .	707	6	69	3	629	0,8	9,8	0,4	89,0
Vestlandet . . . . .	2718	15	434	1812	461	0,6	16,0	66,7	17,0
Trøndelag . . . . .	677	7	201	281	190	1,0	29,7	41,5	28,1
Nordlanda . . . . .	54	—	12	22	20	—	22,2	40,8	37,0
<b>Heile landet . . . . .</b>	<b>4802</b>	<b>88</b>	<b>1018</b>	<b>2128</b>	<b>1581</b>	<b>1,8</b>	<b>21,2</b>	<b>41,3</b>	<b>32,9</b>

Halvparten av alle varmluftturkone fanst på Upplanda og storparten av deim var patentturkor vi kallar. At talet er so stort her, kjem seg kann henda av at fabrikkene som fyrst laga slike turkor (Ådals Bruk), ligg i denne landsbolken. Dei høgste tala med plateturkor hadde Vestlandet og Trøndelag, men rekna i prosenter kom Austlandet og Upplanda fyrst. Av helleturkor var det berre nokre fåe i landsbolkanen aust og sør i landet. Det er Vestlandet som hev mengda av desse turkone. Men jamvel i Trøndelag og Nordlanda vert dei nytta ikkje so lite.

I siste rubrikken „badstoveturkor og dil.“ kjem Sørlandet høgst upp og so Upplanda og Nordlanda når ein ser etter prosenttala. Det lægste prosenttalet hev Vestlandet. Men reknar vi med dei rette tala, kjem Vestlandet etter Sørlandet.

Uppgåvone gjev di verre ikkje høve til å skilja ut heilt visst kor mange det var med av ulike slag gamleturkor i dei nye rubrikkane der desse turkeslaga er sette upp. I rubrikken til helleturkor er i visso storparten vanlege *firkanthellor* og helst med malmplator til botn, men ein slump er og av det eldre slaget som hev steinhellor i botnet (oftast kleberstein). Av *fastbygde takkor* (runde malmplator) er det ikkje med sers mange, flestalle ser det ut til i Trøndelag. I rubrikken til „badstoveturkor og dil.“ gjeld noko det same som er sagt um helleturkone. Men vi hev likevel

eit grand betre greida på tala her. Skilnaden millom dei ulike slag turkor som kjem inn under denne rubrikknemninga, er og større, soleis at det er lettare å halda dei ut frå kvarandre. Frå nokre landskap er fulla oppgåvone so ugreide at det ikkje er råd å skilja ut talet på kvart slaget, men dette gjeld berre um 13 pst. på lag av alle dei som var oppgjevne, og held vi desse utanfor, kann vi gjera eit serskilt oppset som tek med alle dei som vi hev oppgåvor um turkeslaget frå.



Bil. 97.  
Kjona frå Kalsrud i Våle (Vestfold)  
no på Folkemuseet, Bygdøy.

Etter fråsegner som finst i merknadrubrikken i 2. og 3. tabellen attmed oppgåvone frå kvart fylke og landskap, var det talt opp:


<i>Badstovor</i> . . . . .	917
Av desse var:	
På Austlandet . . . . .	64
„  Opplanda . . . . .	18
„  Sørlandet . . . . .	629
„  Vestlandet . . . . .	75
I Trøndelag . . . . .	121
„  Nordlanda . . . . .	10
<i>Turkestovor</i> . . . . .	386
Av desse var:	
På Opplanda . . . . .	180
„  Vestlandet . . . . .	163
I Trøndelag . . . . .	43
<i>Makinnor</i> . . . . .	10
Alle i Nordlanda.	
<i>Kjonor</i> . . . . .	18
Av desse var:	
På Austlandet . . . . .	12
„  Opplanda . . . . .	6
<i>Kylnor</i> . . . . .	17
Av desse var:	
På Vestlandet . . . . .	16
I Trøndelag . . . . .	1

Til yverføring 1348

	Yverført	1348
<i>Tarrehus</i> . . . . .	2	
Båe på Vestlandet (Rogaland)		
<i>Sonn</i> . . . . .	25	
Alle i Trøndelag.		
<i>Torn</i> . . . . .	1	
På Vestlandet (Hordaland).		
	Ihoplagt . . .	1376
Til dette kjem. . . . .		205

som meldingane er uklære um, soleis at det er uråd å segja heilt visst kor mange er badstovor (eller turkestovor) og kor mange kylnor. Det er likevel truleg at største talet av desse sistnemnde var turkestovor (på Sunnmøre). Det finst ikkje i oppgåvone nokor melding um at *ryor* var nytta til å turka korn i, og det er og truleg at slike turkehus ikkje er i bruk lenger.

Etter det som er greid ut framum, veit vi um gamleturkone berre



Bil. 98.

Badstova på garden Tunnsjø i Nordli (Nord-Trøndelag).

Fot. ark. H. Vreim.

talet på bruka som hev slike turkor, men ikkje talet på sjølve turkone. Derimot var det gjeve gode og heilslege oppgåvor um talet på moderne varmluft- og plateturkor, og vi skal nedanfor taka med eit tabelluppsat, som syner kor mange slike turkor det fanst i alt i 1927—29, og kor mange bruk det var, som hadde ei eller fleire turkor. Vi reknar då med i tabellen berre plateturkone. Um

varmluftturkone som det i alt var 92 av i heile landet (i 88 bruk) gjeld det, at det berre var 4 bruk som hadde *tvø* turkor (3 handelsmylnor og 1 bygdamylna). Ingen av dei andre 84 bruka hadde meir enn ei varmluftturka.

Tabellen um plateturkone stend på neste sida.

Vi ser her at høgste talet med plateturkor i eitt bruk var 7, tri hadde 6 og ei 5 turkor. Alle desse var valsemylnor. Umframnt desse 5 valsemylnone var det inga mylna eller kvern som hadde meir enn 4 turkor. Det var elles ikkje sers mange bruk med fleire enn ei eller tvø turkor, berre 53 i alt i heile landet, og yver  $\frac{3}{4}$  av desse var i landsbolkane frå og med Vestlandet og nordetter. Det er eit serkje for Vestlandet at dei der

	Talet på plateturkor i kvart bruket							Ihoplagt	
	1 turka Bruk	2 turkor Bruk	3 turkor Bruk	4 turkor Bruk	5 turkor Bruk	6 turkor Bruk	7 turkor Bruk	Bruk	Turkor
Handelsmylnor . . . .	2	3	2	4	—	1	—	12	36
Bygdamylnor . . . .	321	167	19	22	1	2	1	533	824
Gardskvernar . . . .	469	3	1	—	—	—	—	473	478
I alt:									
Austland, Uppland, Sørland . . . . .	274	85	8	3	—	1	—	371	486
Vestland, Trøndelag, Nordlanda . . . . .	518	88	14	23	1	2	1	647	852
<b>Alle bruk . . . . .</b>	<b>792</b>	<b>173</b>	<b>22</b>	<b>26</b>	<b>1</b>	<b>3</b>	<b>1</b>	<b>1018</b>	<b>1338</b>
Det fall på:									
Valsemylnor . . . .	86	57	7	13	1	3	1	168	303
Andre mylnor . . . .	137	80	12	10	—	—	—	239	373
<b>Mylnor i alt . . . .</b>	<b>223</b>	<b>137</b>	<b>19</b>	<b>23</b>	<b>1</b>	<b>3</b>	<b>1</b>	<b>407</b>	<b>676</b>
Kalkkvernar . . . .	357	20	2	2	—	—	—	381	411
Grøypekvernar . . . .	130	2	—	—	—	—	—	132	134
Andre kvernar . . . .	82	14	1	1	—	—	—	98	117
<b>Kvernar i alt . . . .</b>	<b>569</b>	<b>36</b>	<b>3</b>	<b>3</b>	<b>—</b>	<b>—</b>	<b>—</b>	<b>611</b>	<b>662</b>
<b>Turkor i alt . . . .</b>	<b>792</b>	<b>346</b>	<b>66</b>	<b>104</b>	<b>5</b>	<b>18</b>	<b>7</b>	<b>1018</b>	<b>1338</b>

hev fleire, men samstundes smærre turkor i kvart bruket. På Austlandet og Upplanda er det eit lite mindretal som hev meir enn ei turka, men so er turkone der jamnast større. Eit anna drag kann vi leggja merke til og, det er at dei plar setja upp turkone par um par, dersom det er so at dei



Bil. 99.  
Plateturkor av nyare slag.  
Orkland kommunale mølle, Sør-Trøndelag.

treng ha fleire. Vi kann sjå at bruka med 4 og 6 turkor merkjer seg ut med høgare tal enn dei som hev 3 og 5.

Medeltalet med plateturkor i dei bruka som hadde slike turkor, var i handelsmylnone 3,00, i bygdamylnone 1,57 og i gardskvernane 1,01, og rekna etter tekniske skiljeliner, i valsemylnone 1,80, i andre mylnor 1,56, i kallkvernane 1,08, i grøypekvernane 1,02 og i andre kvernar 1,19. Ihoplagt var medeltalet med plateturkor i mylnebruka 1,66 og i kvernbruka 1,08. og tek vi alle mylne- og kvernbruk i saman, var det i heile landet eit medeltal på 1,31 plateturkor i kvart bruket som hadde turkor av dette slaget.

Hjå handelsmylnone og bygdamylnone var det spurt serskilt um kva slag *brensel* dei nytta til å elda upp turkone med. Eit samandrag av svara på desse spurnadene er sett upp her.

	Turkor i alt	Rette tal			Prosenttal		
		Turkone vart vermdede			Turkone vart vermdede		
		med elektri- sitet	med kol eller koks	med ved eller torv	med elektri- sitet	med kol eller koks	med ved eller torv
Handelsmylnor . . . . .	55	2	48	5	3,6	87,3	9,1
Bygdamylnor . . . . .	931	26	129	776	2,8	13,8	83,4
<b>I alt . . . . .</b>	<b>986</b>	<b>28</b>	<b>177</b>	<b>781</b>	<b>2,8</b>	<b>18,0</b>	<b>79,2</b>
Det fall på:							
Valsemylnor . . . . .	346	19	113	214	5,5	32,7	61,8
Andre mylnor . . . . .	391	8	34	349	2,0	8,7	89,3
<b>Mylnor i alt . . . . .</b>	<b>737</b>	<b>27</b>	<b>147</b>	<b>563</b>	<b>3,7</b>	<b>19,9</b>	<b>76,4</b>
Kallkvernar . . . . .	163	—	20	143	—	12,3	87,7
Grøypekvernar . . . . .	27	—	1	26	—	3,7	96,3
Andre kvernar . . . . .	59	1	9	49	1,7	15,3	83,0
<b>Kvernbruk i alt . . . . .</b>	<b>249</b>	<b>1</b>	<b>30</b>	<b>218</b>	<b>0,4</b>	<b>12,0</b>	<b>87,6</b>

Det var ei mylna som nytta gas til å elda upp turkone, og nokre som vermdede med eim (damp). Alle desse er både her og i tabellverket rekna som vermdede med kol, med di ein kann sjå at dette er det opphavlege brensel.

Elektrisitet til verming var det mesta berre mylnone som hadde, og av desse tok valsemylnone upp det største talet.

Det var likeins mest mylnor som elda turkone med kol eller koks. Men det gjeld likevel og um nokre kvernar. Dei låg alle so nær som tvo på Vestlandet.

Dei gamle nasjonale brenselaga ved og torv var sjølvsagt i stor yvervekt, men berre hjå bygdamylnone. Av handelsmylnone var det ikkje fleire enn tvo bruk som nytta slikt brensel (til 5 turkor).

### III. Reinskeverk.

Med reinskeverket kjem vi yver til det som ein kann kalla sjøve mylneverket. Ein lyt helst rekna til dette reinskeverk, maleverk og sikteverk. Skiljelinone millom desse deildene er likevel ikkje skarpe og det kann vera ymse meiningar um kva det er rettast å taka med i den eine eller den andre deilda. Serskilt kann det vera vandt å draga ei greid lina millom reinskeverk og maleverk. I tabellverket attum er det skilt på ein måte som kann henda er noko annaleis enn den som vanleg vert nytta av kunnige mylnemenn. Til reinskeverket er her rekna berre slike maskinar som reinskar frå rusk og andre iblandingar eller som skil frå kvarandre korn av ymse slag eller storleik. Alle maskinar som knasar i sund kornet eller skalar noko av det, er tekne med i maleverket, endå um dei etter den vanlege målbruken helst vert kalla reinskemaskinar.

I samsvar med dette er alle slag spisse- og skalemaskinar og alle gryn- og skalkvernar her førde upp under maleverket.


Tabellane hev elles berre med maskinar som er meir ålgjengde. Reinskemaskinar som er av serskilt slag og ikkje vert nytta anna enn i fåe mylnor (mest handelsmylnor), er soleis ikkje med.

Uppgåvor um reinskemaskinar er sette upp berre frå handelsmylnor og bygdamylnor, ikkje frå gardskverner. Det var fulla gjeve upp nokre reinskemaskinar frå desse sistnemnde og, men det er rekna med at dei hørde til garden og ikkje serskilt til kverna.

Maskinar til å reinska kornet med fyre malinga hev ikkje vore i bruk i so sers lang tid.

I gamle dagar vart kornet reinska på gardane etter at det var treskja, og når dei so kom med det til mylna (eller kverna), vart det male der utan serskild etterreinsking. Reinskemåtane dei nytta då, var helst sælding, kasting og dryfting og sume stader held dei fram med å reinska kornet likeins enno.\*)

Til å treskja hadde dei eit serskilt handyvle som vart kalla *sloga*, f. i Trøndelag og i Nordlanda (brigda etter målføra *sloga* i Nordland, *slua*, *slugu* og



Bil. 100.  
Hærsåld. (Frå Samnanger i Hordaland)

\*) Utgreidinga som her kjem um treskje- og reinskemåtane dei nytta fyrr og um nauna på greidone dei hadde til å treskja og reinska med, er sett upp etter fråsegner sanka i hop frå ymse kantar i landet. Mykje av rettleidinga um dette er elles frå amanuensis H. Stigum, Folkemuseet, Bygdøy.

*slogo* i Trøndelag), *slegel*, m. i flatbygdene på Austlandet og Upplanda (brigda til *sliel*, *sliul*, *slire* og *sløre*), *tust*, f. på Vestlandet og i flestalle av dei dalføra på Austlandet og Upplanda som valdar mot Vestlandet, og *flygel* m. i mestaparten av Telemark og Agderfylka. (Sjå bilæte s. 95).

Alle desse, både *sloga*, *slegel*, *tust* og *flygel* var å sjå til mesta likeins og laga til av trestokkar, ein heller stutt stokk, som på flestalle stader var kalla *slagvolen*, i Trøndelag sume stader *dettvolen* og i Solør *slørdumpen*. Andre namn var nytta og. Han var fest, jamnast med reimar av åleskinn, til ein annan noko lengere og grannare stokk, oftast nemnd *handvolen*, på Vestlandet *tustavolen* og på Austlandet nokre stader *skaffet*. Istaden for åleskinn nytta dei mange stader oksesin til feste millom slagvolen og handvolen. Frå Telemark er det meldt at dei der bruka skinnnet frå saubein, av di dette var sers mjukt og samstundes sterkt. Dette feste millom slagvolen og handvolen nemnde dei på Vestlandet *tustaband*, n. og på Sørlandet og Austlandet ofte *kurre* m. eller *kurra* f. I Trøndelag var nemninga *slureim* f.

Når dei skulde treskja, vart kornbanda lagde ut yver låvegolv og so slog dei med *sloga* so lenge til kornet kom laust frå aksa. Etter dette tok dei undan halmen og so vart kornet *tina*, likeins med *sloga*. Tininga var til å få burt snerp og agnbust som fanst på kornet, og det var helst bygg dette vert gjort med.

Rug vart ofte treskt på ein serskild måte dei kallar å *skryfta* (*skrøfte* eller *skrefte*). Dei slo kornbanda mot låvegolv, mot ein trekam på veggen eller mot ein knakk soleis at kornet fall ut. Fekk dei ikkje alt kornet laust med dette, kunde dei treskja resten ut etterpå.

Nokre stader på Vestlandet banka dei kornet ut av aksa med ei flat spila som dei kalla *skjedda* f. og som hadde taggar på sidone. Det vart gjort både med rug og anna korn.

Når dei var ferdige med tresking og tining tok dei til med sjølve kornreinskinga.

Fyrst vart *drosen* (det ålgjengde austlandske namnet på ureinska korn, på Vestlandet vert helst sagt *viste*, m.) sælda på eit grovt såld (*hær-såld* eller *skaksåld*) som tok burt halmstubb og dil., og so *kasta*, oftast på eit låvegolv. Til kastinga vart nytta ein spade eller ei skovl, nemnd som *kastespjeld*, n. i Trøndelag og Nordlanda og *kasteskovl*, f. sørfor. (Bil. s. 104). Sume stader t. d. i fjordbygdene på Vestlandet, kasta dei med hand.

Dei tok dette arbeidet helst på ein dag då det var eit lite vinddrag, og sette då upp lukone til romet dei kasta i. Under kastinga fór det tunge og gode kornet lengst, men agner og lett-korn vart seinka av luftmotstandet og fall ned i utkanten på kornhaugen, der det so kunde takast frå. Det var elles vanleg å skilja kornet etter kastinga i tri slag. Det beste som låg attmed veggen og som dei kalla *veggranda*, *bestekorn* eller *tungjen*, vart teke til serskilt bruk, anten som godt matkorn eller og

sumtid som såkorn. Det som låg i midten der kornhaugen var høgst, vart kalla *millomkorn* eller *midkorn* (*mekonn*), og det som vart nærast kastaren, *letten* eller *lettekorn*. Det siste var berre til fôr (beistemat). Det vart skilt millom desse slaga etter eit skyn. Skulde reinskinga gjerast sers vel, kunde det jamvel henda at dei kasta fleire gonger. Når kastinga var gjort undan, rekna dei at drosen hadde vorte til korn.


Det beste kornet og midkornet vart so sælda å nyo med eit finare såld kalla *meldsåld*, n. (av *meld*, n. eller *melde*, n. smått fræ av ugras), sume stader *kornsåld*, eller og med ei *kornharpa*, f. Ugrasfræ, sand og åndre småe iblandingar fall då ut. Og til slutt vart kornet *dryfta* (kasta upp i lufta), med eit lite trog dei hadde til dette bruket, kalla *drøfting*, f. i Nordland og likeins i Trøndelag, på Vestlandet, *dryftetrog*, n. eller *dryptrog*, n. Med dryftinga fekk dei burt det som endå kunde vera att av agner, rusk og bos. (Sjå bil. 106. sida).

Ikkje alle stader gjekk det heilt etter denne regelen. I nokre bygder kunde dei ta sældinga med meldsåld eller på kornharpa etter dryftinga og det kunde og henda at kornet fyrst vart sælda på meldsåld etter at det var turka og nett fyrr det skulde malast. Det var og sume stader dei tok dryftinga etter at kornet var turka.\*)

Etter at kornet var reinska, vart det ofte havt i *tunnor* (vanleg i Trøndelag) eller i *hit* (sekk av sau- eller kalvskinn) eller *hæra* (hårduksekk, nytta i Sogn). Sekker av det slaget vi no kjenner, var ikkje nytta i gamal tid til å ha korn i. På gardar med stor kornavling var det elles mykje bruka å ha kornet liggjande laust på eit kornbur eller eit kornloft.

Den framgangsmåten det her er gjeve uppskrift um, hev vore den vanlege i Nordland, Trøndelag og noko på Vestlandet, serskilt i fjordbygdene.

Andre stader vart ikkje heile denne reinskemåten nytta. Soleis bruka dei på Austlandet og Upplanda helst berre kasting og sælding, sumtid og harping. Dryfting er her mesta ukjend. På den andre sida ser det ut til




1                      2                      3                      4  
Bil. 101  
Treskestavar (sloga, tust, slegel eller flygjel).  
Nr. 1 frå Korgen, 2 frå Lunner, 3 frå Ogdal,  
4 frå Meldal. Folkemuseet, Bygdøy.

\*) Soleis var det i *Stod* i Innherad etter *O. Nordgaard*: *Stod* i Fortid og Nutid.

at dei i sjøbygdene på Vestlandet hev liten kjennskap til kasting, der berre dryfta og sælda dei kornet. Likeins som vi hev nemnt under kastinga, kunde dei og dryfta fleire gonger um kornet skulde reinskast sers godt.

All kornreinsking gjekk fyrr med handmakt og tok heller lang tid, med di det eine arbeidet måtte gjerast etter det andre. Det var difor ein stor lette då det kom ein maskin som kunde gjera heile reinske-arbeidet samstundes. Denne maskinen er *kastmaskinen* eller *blikta*. Han



Bil. 102.  
Kinesisk kastmaskin (eller blikta).  
Etter *Gosta Berg* i festskrifta til C. W. von Sydow.

kom i bruk meir ålment i siste halvta av fyrre hundradåret og er den eldste av dei reinskemaskinane som finst i mylnone og kvernane våre. Men elles er han ikkje nokon serskild mylnemaskin. Han er mykje nytta til gardsbruk og er i røynda den mest vanlege kornreinskemaskinen dei hev på gardane no. Storparten av alle bliktor eller kastemaskinar vi hev i landet, er i visso slike som er esla til bruk berre på den einskilde garden.


Um denne reinskemaskinen vert det elles skrive meir nedanfor i stykket um agn- og skalblåsarane.

Umframt blikta hadde dei i 1927—29 i nokre fåe mylnor endå ein annan reinskemaskin med eit serskilt norsk namn. Det er *tinaren*. Han er til å taka snerpet frå kornet og finst jamt innsett i moderne treskeverk. Som serskild maskin er han lite nytta og då mest ikkje anna enn i havregrynsmylnone, der dei stundom hev ein tinar til å taka burt snerp på havren og skilja frå kvarandre dubbelkorn. Alle dei tinarane som det kom melding um under uppteljinga i 1927—29, var i havregrynsmylnor, men talet var i det heile so lite at det ikkje er teke med i tabelluppgåvone.

Ordet *tinar* må koma frå gjerningsordet (verbet) *tina*, som vi hev nemnt framum. Det tyder etter ordbøkene (Åasen og Ross) millom anna å „reinska agner (og agnbust eller snerp) frå kornet“. På gamalnorsk, islandsk og færøysk vert ordet *tina* skrive likeins som på nynorsk og tydinga er den same. I Østfold nyttar dei elles eit anna ord *kyrna* (*kynne*) um dette, og same nemninga i forma *kørna* eller *kørne* hev dei og på svensk og dansk.

Tinaren er likevel ikkje nokon gamal maskin her i landet. Han er tvertum heller ny. Dei hadde ikkje fyrr i tida serskilde greidor som dei tina med. Dette arbeidet vart — som sagt framanfor — gjort med ei vanleg sloga (slegel eller tust) i samband med treskinga.

Vi tek dinæst ei stutt yversyn yver dei ymse slag reinskemaskinar



Bil. 103.  
Gamal heimelaga kastmaskin frå Namsskogan.  
Landbruksmuseet på Bygdøy.

som er med i tabellverket. Sidan vil vi so greida ut um kor *mange* slike maskinar det etter tabellane fanst i landet av kvart slaget i 1927—29.

Vi nemner då fyrst agn- og skalblåsarane og so dei andre reinskemaskinane i den rekkjefylgja dei stend i tabellane.

### 1. Agn- og Skalblåsarar.


I tabellverket er under denne rubrikken rekna med alle slag reinskemaskinar som hev noko slag blåse- eller sugeverk til å reinska kornet med, og dette gjeld og um det — soleis som i bliktone — kann vera anna reinskeverk attåt i same maskinen. Umframnt til korn vert blåseverk av ymse slag nytta til å reinska gryn (bygg-, havre- og risgryn). Desse er likeins rekna med her.

Flestalle av dei maskinane vi hev med under denne rubrikken er *kastemaskinane* eller *bliktone* vi hev nemnt fyrr. Dei reinskar på den

måten at drosen vert rista gjennom nokre såld og samstundes blåsen rein for agner og lettkorn med ei vift som er innsett i maskinen. Sålda reinskar og frå ugrasfræ og smårusk.

Det er mange ulike fabrikkat av desse bliktone. I dei mest tidhøvelege kann det umframnt vifta vera upp til 7 eller 8 såld, og desse er då til vanleg i tvo sett til å byta um, etter som det trengst. Det eine settet er helst til grovreinsking, og det andre vert nytta når kornet skal reinskast meir fint. Slike moderne kastemaskinar reinskar sers godt, og dei vert mykje nytta jamvel til såkorn-reinsking.

Kva tid denne maskinen kom i bruk her i landet er ikkje so godt å segja. Men meir enn hundrad år kann det knapt vera. Etter dei nyaste granskingane\*) skal maskinen opphavleg vera ei kinesisk oppfinning, og han hev truleg vore kjend i lang tid i dei austasiatiske landa



Bil. 104.  
Modern norsk fabrikk laga kastmaskin.

Kina og Japan. Dei reknar med tvo hovudslag av slike maskinar i Kina. Det eine slaget i Nord-Kina og det andre lenger sør. Dei nord-kinesiske bliktone er det sagt skal vera sers einfeld laga, og berre med blåseverk, men inkje såld. Dei som finst i Sør-Kina, er meir fullkomlege.

Desse kinesiske bliktor eller kastemaskinar kom til Europa truleg fyrst på syttanhundradtalet, kann henda alt i slutten på sekstanhundrad-åra. Det finst jamvel tidender um at maskinar av dette slaget hev vore førde inn til Sverige beinveges frå Kina alt i syttanhundrad-åra. På ein

\*) Sjå um desse eit oppsett av *Gosta Berg*. „Den svenska sädesharpan och den kinesiska“ i Nordiskt Folkminne. Studier tillägnade C. W. von Sydow. Stockholm 1928. Magister *Stigum* hev gjeve tilvisning til dette verket.

gard i Halland hadde dei soleis i 1773 ein slik maskin som var kjøpt inn frå Kanton i Sør-Kina.\*)

Etter 1760 byrja dei å laga same slag maskinar i England, og desse engelske kastemaskinane er det helst som nærast hev vore mynster til dei som no er nytta i flestalle europeiske land. Men meir ålgjengd vart ikkje maskinen hjå bønderne fyrr i attanhundrad-åra. I Sverige er det sagt at dei vart tekne i vanleg bruk fyrst etter 1850-åra, og vi kann visst gå ut ifrå at det same gjeld her i landet og. Truleg er dei komne hit noko seinare enn til Sverige.

Dei bliktone som vart nytta på gardane her i den fyrste tida, var heimelaga. Fabrikklaga bliktor ser det ikkje ut til at det hev vore kjøpt noko større av fyrr i 1870—80-åra.

Storparten av gardsbliktone er tilskipa til handdraging. Soleis hev det vore fyrr og soleis er det enno. Det er helst i mylnone vi finn bliktor med mekanisk drivkraft. Men lite med kvart kjem likevel slike maskinar i bruk på gardane og, helst der det er lett å tinga elektrisk kraft.


Som vi kann sjå av det som er skrive ovanfor, hev maskinen ulike namn utyver i landet. Den vanlege nemninga i dalbygdene på Upplanda og på Austlandet er *blikta*, f. eller *blekta*, stundom og i ei sterk form *blikt*, f. Same nemninga er og kjend i Trøndelag, der ordet elles er brigda lite grand til *bløkt*. I Solør skal namneforma etter fråsegn i ei mylneskjema vera *bleks*.

Namneordet *blikta* lyder og vert skrive eins med gjerningsordet (verbet) *blikta* som m. a. tyder „vifta“ eller „reinska med vifting“. Nordanfjells lyder dette ordet *bløkta*, som og er den svenske forma (i ymse målføre).

Elles hev maskinen og andre namn på Austlandet. Soleis i Østfold *vift*, f. eller *vifte*, f. og i bygdene kring Oslo vert mykje sagt *blåsar* (*blåsær*), m. eller *blåse-maskin*.

På Vestlandet vert han oftast kalla *dryftemaskin* og i Nordland (Rana) *drøftar*, m. Det namnet som gjeng vidast er likevel *kastemaskin* eller *kastmaskin*. Det

er kjent mesta yver heile landet og er likeins nytta i Sverige. Kann henda er det og opphavleg kome derifrå og hit. Det hev elles vore i




Bil. 105.  
Modern aspirator.

\*) Nemnd i same oppsetet åt *Gosta Berg* i „Nordiskt Folkminne“.

bruk i skriftmålet og dette er truleg grunnen til at det gjeng so vidt ikring. No er maskinen i skrivemålet (katalogar og dil.) sers ofte nemnd berre som kornrensemaskin.

Ei anna serskild nemning på denne maskinen er *tarar*. Dette er eit utlendskt (helst fransk) namn som det ser ut til her i landet mest



Bil. 106.  
Kli- og mergskiljemaskin.  
(Gris- og dunstpussemaskin).

hev vore bruka av mylnefolk um *kastmaskinar* som vart nytta i mylnone, og som truleg var til å driva med mekanisk kraft. Vanlege gards-bliktor med handdraging hev visst ikkje vore nemnde med dette namnet.

Ein maskin av same slaget som kjem inn under denne rubrikken, er *aspiratøren*. Han er i røynda ein kastemaskin, berre det at han oftast er noko større og meir fullkomleg laga.


Attåt desse *kornreinskemaskinane* kann og nemnast sume blåseverk som er til å reinska *gryn* og som likeins er med i tabellane, soleis *pusskassar* i havremylnone og *skalblåsarar* til byggrynkvvernane.

Derimot er ikkje med sugeverk (aspirasjonsverk) cyklonar og dil., som dei moderne mylnone ofte hev, noko til å taka burt damb og mjøldust frå reinske- og maleverket, og noko til å svala kvarnar og valsestolar, soleis at desse ikkje vert for varme. Slike aspirasjons- eller sugeverk er ofte eit stort system med røyrpipor og luftkanalar som gjeng yver heile mylna og dei held lufta der like rein som i ei stova eller på eit kontor.

Eit serskilt slag blåsemaskinar som jamnast vert kalla *gris-* og *dunstpussemaskinar* (*kli-* og *mergskiljemaskinar* kunde vi visst segja på norsk), nyttar dei i nokre av handelsmylnone (brødkornmylnor) til å skilja kliet og kornmergen frå kvarandre. Desse maskinane er ikkje med i tabellverket.

## 2. Magnetar.

Etter agn- og skalblåsarar tek magnetane upp det største talet millom reinskemaskinane. Dei er esla til å reinska frå jarnstykke av ymse slag (spikar, strengbetar o. a.) som kann vera i kornet, og som vilde skada maskinane dersom dei ikkje vart tekne burt. Magnetane vert sette inn anten i reinskeverket eller i maleverket, og då helst soleis at kornet gjeng




Bil. 107.  
Magnet (permanent).

yver eller framum ein magnet fyrr det kjem på triør, kvern, skalemaskin eller valsestol.

Båe dei tvo slag magnetar som finst, varige eller permanente magnetar og elektromagnetar, vert nytta, men det ser ut til at dei fyrstnemnde råder fleirtalet. Det er elles ikkje røkt etter særskilt um dette.

### 3. Triørar.

Triøren er ein kornskiljemaskin som hev namnet sitt frå fransk *trieur*, m. etter gjerningsordet *trier* som tyder „skilja ut“. Han er den beste




Bil. 108.  
Triørtrummel på jarnføter.

og mest fullkomne kornreinskemaskinen som vi kjenner, og reinskar kornet etter at dette hev vore på blikta eller aspiratøren. Det gjeng so — i moderne mylnebruk — fyrst yver ein magnet og kjem etter dette på triøren. Denne er ein trummel som er sett noko på skjøns og som kornet lyt igjenom. I trummelveggen på innsida er det ei mengd med lummor. I desse lummane som er so småe at heilt korn ikkje gjeng ned i deim, vert småkorn, kornbrot, rusk og andre iblandingar liggjande med trummelen gjeng rundt og dett ut når lummane kjem so høgt upp, at det som er i deim, kann trilla ut. Iblandingane fell inni trum-



Bil. 109.  
Tverskurd av triørtrummel med store lummor til å taka burt heilkoruet frå iblandingane.


melen ned på ein fast skjerm og vert so førde burt med ein skruv gang. I dei mest tidhøvelege mylnone let dei oftast kornet gå gjennom fleire slike triørar. Store iblandingar som er større enn kornet, vert tekne ut



Bil. 110.  
Skivetriør (cartermaskin).

med triørar der lummoner er so store at dei riv med seg kornet, men ikkje iblandingane.

Triøren hev vorte mykje betra etter krigen, serskilt i Amerika. Attåt dei gamle trummeltriørane er det og kome upp eit nytt slag som dei plar kalla *cartermaskinar* (Patent Carter) eller *skivetriørar* og som hev skivor til å reinska frå iblandingane. Skivone hev lummor likeins som trummelen til dei vanlege triørane. Båe desse triørslaga er med i tabellane. Cartermaskinar var det elles ikkje andre enn handelsmylnone som hadde.



Bil. 111.  
Vindetriør.

#### 4. Andre korn- og grynskiljarar.

I denne flokken kjem alle andre slag reinskemaskinar som skil millom ymse kornslag eller skil kornet etter storleik og kvalitet elles, men ikkje nyttar noko slag blåseverk til skiljinga. Det er og med her slike maskinar som reinskar gryn på same måten. I samsvar med dette er soleis alle sylindrar som ikkje er triørar, rekna hit, likeins *plansåld* som er til å skilja ut ser-skilde kornslag, og *vindetriørar* (*Schneckentrieure*) som tek burt erter og vikkor frå kornet. Her kjem og med ymse slag grynskiljarar slike som *paddymaskinane* dei brukar i ris- og havremylnone o. dil.


Talet på dei ulike slag reinskemaskinar og på bruk som hadde slike maskinar, var i 1927—29 i handels- og bygdamylnone:

	Talet på bruk i alt	Magnetar		Triørar		Andre korn- og grynskiljarar (utan blåseverk)		Agn- og skalblåsarar (bliktor og aspiratørar)	
		Bruk	Magnetar	Bruk	Triørar	Bruk	Maskinar	Bruk	Maskinar
Handelsmylnor . . . . .	63	49	137	37	192	34	149	37	170
Bygdamylnor . . . . .	1003	202	333	134	159	71	82	376	416
<b>I alt . . . . .</b>	<b>1066</b>	<b>251</b>	<b>470</b>	<b>171</b>	<b>351</b>	<b>105</b>	<b>231</b>	<b>413</b>	<b>586</b>
Det fall på:									
Valsemylnor . . . . .	227	186	353	129	308	78	204	134	288
Andre mylnor . . . . .	310	54	103	38	39	21	21	181	199
<b>Mylnor i alt . . . . .</b>	<b>537</b>	<b>240</b>	<b>456</b>	<b>167</b>	<b>347</b>	<b>99</b>	<b>225</b>	<b>315</b>	<b>487</b>
Kalkkvernar . . . . .	347	1	2	3	3	2	2	63	64
Grøypekvernar . . . . .	102	8	9	—	—	1	1	15	15
Andre kvernar . . . . .	80	2	3	1	1	3	3	20	20
<b>Kvernar i alt . . . . .</b>	<b>529</b>	<b>11</b>	<b>14</b>	<b>4</b>	<b>4</b>	<b>6</b>	<b>6</b>	<b>98</b>	<b>99</b>

Det fanst soleis i handels- og bygdamylnone alt i alt: 470 magnetar, 351 triørar, 231 andre korn og grynskiljarar utan blåseverk og 586 agn- og skalblåsarar.

Ihoplagt vert dette 1638 ymse slag reinskemaskinar. Av desse fall 648 på dei 63 handelsmylnone og 990 på bygdamylnone som var 1003 i tal. I medeltal vert det snaudt ein reinskemaskin på kvar bygdamylna, men yver 10 på kvar handelsmylna, alle bruka tekne med. Granskar vi oppgåvone frå handelsmylnone meir grant, ser vi at det kom på dei 17 brødkornmylnone 374 av dei reinskemaskinar som her er nemnde, på dei 17 havre- og rismylnone 228 og på dei 29 maismylnone 46. I alt fanst det i *mylnebruka* 1515 slike reinskemaskinar som vi her talar um og av desse 1153 i valsemylnone og 362 i andre mylnor. I dei 529 *kvernbruka* kom talet på reinskemaskinar ikkje upp til meir enn 123 i alt, og av desse var 99 bliktor.

Tabellen nedanfor viser prosenttalet av bruk som hadde reinskemaskinar, og medeltalet av reinskemaskinar i dei bruka som hadde slike.



Bil. 112.  
Plansåld.

	Samanlikningstal							
	Prosent av bruka med				Medeltal maskinar på kvart bruket som hadde			
	Mag-netar o/o	Tri- orar o/o	Andre korn- og gryn- skiljarar o/o	Agn- og skal- blasarar o/o	Mag- netar	Tri- orar	Andre korn- og gryn- skiljarar o/o	Agn- og skal- blasarar o/o
Handelsmylnor . . . . .	77,8	58,7	54,0	58,7	2,8	5,2	4,4	4,6
Bygdamylnor . . . . .	20,1	13,4	7,1	37,5	1,6	1,2	1,2	1,1
<b>Ihoplagt . . . . .</b>	<b>23,5</b>	<b>16,1</b>	<b>9,8</b>	<b>38,7</b>	<b>1,9</b>	<b>2,1</b>	<b>2,2</b>	<b>1,4</b>
Det fall på:								
Valsmylnor . . . . .	81,9	56,8	34,4	59,0	1,9	2,4	2,6	2,1
Andre mylnor . . . . .	17,4	12,3	6,8	58,4	1,9	1,0	1,0	1,1
<b>Mylnor i alt . . . . .</b>	<b>44,7</b>	<b>31,1</b>	<b>18,4</b>	<b>58,7</b>	<b>1,9</b>	<b>2,1</b>	<b>2,3</b>	<b>1,5</b>
<b>Kvernar i alt . . . . .</b>	<b>2,1</b>	<b>0,8</b>	<b>1,1</b>	<b>18,5</b>	<b>1,3</b>	<b>1,0</b>	<b>1,0</b>	<b>1,0</b>

Det kjem her sers klårt fram at kvernane mesta alle so å segja vanta moderne reinskemaskinar. Einast bliktor var det nokre kvernbruk som hadde (millom  $\frac{1}{5}$  og  $\frac{1}{6}$  av alle).

Medeltalet av reinskemaskinar på kvart bruket som hadde maskinar av det slaget talet gjeld, var elles som vanleg høgst millom handelsmylnone, og det fanst serskilt eit stort tal med triørar i desse mylnone. I dei 37 handelsmylnor som hadde triørar (og cartermaskinar) var talet på slike maskinar i alt 192 eller i medeltal 5,2 på kvart bruket. Men jamvel medeltala av andre korn- og grynskiljarar og av agn- og skalblasarar kom i handelsmylnone yver 4. Bygdamylnone hadde ikkje av nokon slik maskin eit medeltal som var så høgt som 2 eller yver det.



Bil. 113.  
Kastespjeld.  
Frå samlingane på  
Folkemuseet, Bygdøy.


Det er ikkje so liten skilnad på korleis mylnone er innreide og tilskipa med reinskeverk i dei ulike landsbolkane. Dette kann vi sjå av oppgåvone nedanfor, der elles berre bygdamylnone, og av dei ikkje andre enn mylnebruka er tekne med.

Bygdamylnor (berre mylnor)	Talet på mylnor i alt	Rette tal				Samanlikningstal			
		Talet på bruk som hadde				Prosent av bruka med			
		Mag- netar	Tri- orar	Andre korn- og gryn- skiljarar	Agn- og skal- blasarar	Mag- netar o/o	Tri- orar o/o	Andre korn- og gryn- skiljarar o/o	Agn- og skal- blasarar o/o
Austlandet . . . . .	148	102	61	21	67	68,9	41,2	14,2	45,3
Upplanda . . . . .	135	37	28	16	77	27,4	20,7	11,9	57,0
Sørlandet, . . . . .	51	21	12	3	32	41,2	23,5	5,9	62,7
Vestlandet . . . . .	66	19	21	21	34	28,8	31,8	31,8	51,5
Trøndelag . . . . .	76	17	8	2	58	22,4	10,5	2,6	76,3
Nordlanda . . . . .	16	3	-	2	10	18,8	-	12,5	62,5
<b>Ihoplagt . . . . .</b>	<b>492</b>	<b>199</b>	<b>130</b>	<b>65</b>	<b>278</b>	<b>40,4</b>	<b>26,4</b>	<b>13,2</b>	<b>56,5</b>

Det er Austlandet som hev dei mest tidhøvelege og fullkomne mylnone når det gjeld reinskeverket, og prosenten av bruk med reinskemaskinar av dei ymse slag vert jamt mindre med kvart vi kjem burt frå denne landsbolken. Vi ser dette klårast i rubrikkane til magnetar og triørar. Vestlandet hev og ein høg prosent av bruk med triørar, og samstundes den høgste prosenten som finst millom landsbolkanane, av bruk med „andre korn- og grynskiljarar“. Dette heng ihop med at ikkje so fåe av bruka her hev serskilde verk til havregrynsmling. Agn- og skalblåsarar som helst vert nytta i dei bruka der reinskeverket ikkje er so heilt upp modernt, kann vi sjå hev ei prosenttrekkja som er mesta motsett den vi såg i triørrubrikken. Her er prosenttalet lægst på Austlandet og Vestlandet og høgst i Trøndelag, som hev lite med triørar i mylnebruka.

Når det er tale um reinskeverket i bygdamylnone, lyt ein og samstundes ansa på at det serskilt på Austlandet og Upplanda er ikkje so heilt fåe av desse som hev såkorn- og fræreinskeverk attåt mylnebruket, og sume av reinskemaskinane som er tekne med i oppgåvone, er kann henda helst esla til fræreinsking.

Som det er sagt hev tabellane ikkje med alle reinskemaskinar som finst i mylnone. Dei som er meir sjeldsynte, er ikkje sette upp. Av slike serskilde maskinar kann nemnast kli- og mergskiljarar (gris- og dunstpussemaskinar). Talet på desse i 1927—29 var i handelsmylnone (berre i brødkornmylnone) i alt 52 i 10 bruk, 23 maskiner i 5 bruk på Austlandet og Sørlandet og 29 maskinar i 5 bruk på Vestlandet og i Trøndelag. Dubbelmaskinar er rekna som tvo maskinar. Slike maskinar var det ikkje i andre mylnor enn handelsmylnone.



Bil. 114.  
Kornvaskeverk.

Som reinskeverk lyt ein fulla og rekna vaskeverka som sume av handelsmylnone hadde. Det var i alt 8 mylnor (alle brødkornmylnor) som hadde tilskippingar til å vaska kornet, med ihoplagt 11 vaskeverk, 4 mylnor med 5 vaskeverk på Austlandet og Sørlandet og likeins 4 mylnor med 6 verk på Vestlandet og i Trøndelag.


Attåt vaskeverka fell det og laglegst å nemna her dei væteverk (fugteanlegg) som brødkornmylnone hev. Men desse verka er sjølvsagt ikkje reinskemaskinar. Det utlendske kornet er ofte sers turt, og væten kann og vera ujamn i same kornlasten. Væteverka vert difor nytta til å gjeva kornet ein større og jamnare våtleik etter som det fell mest høvelegt når det skal malast. Væteverk fanst det i alt i 16 brødkornmylnor, men ikkje i andre bruk. 8 av desse låg på Austlandet og Sør-

landet og 8 på Vestlandet og i Trøndelag. Talet på verk (væteverk var 15 på Austlandet og Sørlandet og 18 på Vestlandet og i Trøndelag, i alt soleis 33 væteverk.

Av reinskemaskinar i *gardskvernane* var det berre gjeve upp i skjemone nokre fåe, 26 i alt i like mange bruk. 25 av desse var bliktor eller kastmaskinar og dei fanst: 2 i valsemylnor, 12 i andre mylnor, 3 i kallkvarnar, 6 i grøypekvarnar og 2 i andre kvarnar.

Umframt desse bliktone var det ei gardsmylna (valsemylna) på Vestlandet som hadde ein kornskiljar (til grynhave).

Ein viser elles til det som er sagt fyrr um at det ikkje kann leggjast nokor sers vekt på desse tala frå gardskvernane.



Bil. 115.  
Melsåld (1) og dryftetrog (2).  
Frå samlingane på Folkemuseet, Bygdøy.

## IV. Maleverk.

Vi kjem so til maleverket som ein fulla kann segja er den viktugaste lekken i alle mylneverk, og i kvernane er det jamnast og det einaste verket som finst, attåt drivverket og i sume bruk maskinturkone.

Det er sagt frå fyrr at det i tabellane her er gjenge fram etter ei lina som er eit grand annaleis enn den som mylnefolk elles nyttar, med di spissemaskinar, grynkvarnar og skaleverk av ymse slag her er tekne med under maleverket. Men desse maskinane er alle stader førde upp serskilt, soleis at det ikkje vil vera vandt å skilja dei ut og slå dei ihop med renskeverket, dersom nokon tykkjer at dette er rettast.

Upphavleg hadde som vi veit korkje mylnone eller kvernbruka her i landet anna maleverk enn mjølkvarnar, og berre kvarnar med stein frå norske og sume stader svenske steinbrot. Frå fyrst på attanhundradtalet og upp til den tida då valsestolen kom i bruk (ikring 1880), nytta dei


mylnone som var meir tidhøvelege, mykje innførde tyske eller franske steinar til finmalinga, jamsides med dei gamle lokale kvernsteinane. Det var helst handelsmylnone og dei store bygdamylne som hadde slike kvernar av utanlandske steinslag. Men elles var handelsmylnor, slike som vi no tenkjer på når vi nemner dette namnet, ikkje kjende her i landet fyre 1840-åra.

### A. Skaleverk (pølkvernar, bankor og skale- og spissemaskinar).

Umframnt mjølkvernane hadde mylnone alt frå sisten på syttanhundradtalet og kann henda fyrr og, skalkvernar og grynvernar. Desse var mest laga av engelske og tyske steinar.


Skalkvernane hadde på Austlandet eit serskilt namn. Dei vart kalla *pelkvernar*, og steinane dei var laga av, *pelsteinar*. Ein slump slike kvernar fanst att endå i 1927—29. Fyrste lekken i dette ordet *pelstein* kjem frå gjerningsordet *pila* (på Austlandet vert vanleg sagt *pela* eller *pella*) som tyder „skala, taka burt skal eller hams“ (svensk *pela*, dansk *pille*). Ordet som opphавеleg er latinsk (frå *pilare*, plukka ut hår), er truleg kome til oss i millomalderen frå England, der det no hev formene *pill* og *pell*. Etter det ein kann sjå er flestalle av desse pelsteinar engelske, og det kann då henda at namnet på desse hev fylgt med sjøve kvernsteinane då desse fyrst vart førde inn hit til landet, truleg ein gong på syttanhundradtalet, og ordet må då ha vorte fest til kvernane på denne tida.

Steinane som vert nytta til gryn- og skalkvernar, serskilt dei som



Bil. 116.  
Grynkværn med vassbein ås

skalar-bygg, er helst sandstein av ymse slag. Dei vanlegaste pelsteinane er frå Newcastle-stroket i England.




Krossen (bankatreet).

Banka.

Bil. 117.

Banka (gryntrøsk) frå Opdal, Sør-Trøndelag.

Gryn- og skalkvernane er jamnast tillaga soleis at steinen gjeng rundt inne i ein *kip* (eller ei *kipa*), ein trummel der og kornet er, og skalet vert so slipt burt noko på steinen og noko på kipveggen som mest er laga av jarnblekk av det slaget dei brukar til raspor (rivjarn) og med taggar innnyver.



Bil. 118.

Skjematisk rit som viser banka oppsett til bruk.

Eit anna gammalt skaleverk, som det *ikkje* vert nytta steinar til, hev dei i mylnone og kvernbruka i Opdal (i Sør-Trøndelag) og i Indre Nordmøre. Det er *banka* eller *gryntrøsken*, som vi alt hev nemnt fyrr millom turkone. Den vanlege trøndeske uttala er *bank'* i ubunden og *banka* i bunden form. Å *banka* korn eller bygg er elles ei gamal nemning på byggrynmaling jamvel i dei andre norderlanda.

I meldingane som er kome inn frå 1927—29, er det oppgjeve at bankor fanst i desse bygdene: Opdal i Sør-Trøndelag, Tingvoll, Øksendal, Ålvundeid, Sunndal, Stangvik, Åsskard og Surnadal i Møre. Utanum

dette stroket er det ikkje sagt frå um slike skaleverk, men det kann likevel vera at dei hev vore spreidde eit grand vidare fyrr. Det største talet med bankor fanst i Sunndalen i Møre fylke og derifrå er det sendt inn eit rit med oppskrift um korleis dei er tillaga og vert nytta. Med di ein viser til ritet (bil. 118) som og er prenta her, tek ein inn mestaparten av den nemnde oppskrifta nedanfor:

Banka er ein trekopp laga som ein avskoren så med jarnband kring stavane og eit hol i botnet. Når banka skal brukast, tek dei fyrst yversteinen av på kverna, og banka vert so kvelvd yver understeinen. Eit jarnskodd trestykkje vert sett på spennolen (drivaksla som gjeng frå kvernkallen upp gjennom grotten i understeinen og til vanleg er fest i sigle som driv yversteinen), og treet sviv då rundt inne i banka medan kvernkallen gjeng. Kornet slær dei nedi gjennom holet i toppen (botnet i banka). Under rotinga tek kornet noko varme, soleis at det turkar samstundes som det vert skala. Folk i bygdene der dette skaleverket vert nytta, tykkjer at skaling og turking i banka er det beste når det gjeld korn til matmjøl. Men det gjeng heller seint. Det lyt gå i minsto 3 timar til kornet er både turka og skala. Dei kann då ha uppi frå 50 til 80 og sumtid upp til 100 kg. i senn.


I andre bygder t. d. i Opdal hev dei mykje jarnblekk til veggjer i banka (eller *gryntrøsken* som dei mest segjer der) istadenfor trestavar. Men dette er truleg meir nytt. I Opdal er elles banketreet eller *krøssen*, som det vert kalla, ikkje jarnskodd, men det er sett ein liten stein i kvar enden.

Um dei andre *skalemaskinane*

er å segja, at dei mest er av same slaget i dei norske mylneverka som i mylnone i utlanda. Maskinane frå tida fyre krigen var mest tyske. No kjem storparten av dei som vert nytta her i landet, frå Sverige. Jamnast er dei samstundes både spisse- og skalemaskinar, og nokre hev og bostar og skalblåst bygde ihop med maskinen.

I tabellen på 110. sida som gjev talet på spisse- og skalemaskinar og gryntrøskar eller bankor i 1927—29, er som ein ser grynkvernane ikkje med, av di desse helst lyt takast i lag med dei andre steinkvernane.

Spissemaskinar eller skalemaskinar hadde på lag helvta av handelsmylnone, burtimot tridjeparten av bygdamylnone, men ikkje so mykje som ein pro mille av gardskvernane. Bankor (gryntrøskar) derimot fanst



Bil. 119.  
Spisse- og skalemaskin.

	Spisse- og eller skale- maskinar		Gryntrøskar eller bankor Bruk og bankor	I alt	
	Bruk	Maskinar		Bruk	Maskinar og bankor
Handelsmylnor . . . . .	31	131	---	31	131
Bygdamylnor . . . . .	292	317	11	303	328
Gardskvernar . . . . .	8	8	77	85	85
<b>I alt . . . . .</b>	<b>331</b>	<b>456</b>	<b>88</b>	<b>419</b>	<b>544</b>
Det fall på:					
Valsemylnor . . . . .	187	309	—	187	309
Andre mylnor . . . . .	119	122	2	121	124
<b>Mylnor i alt . . . . .</b>	<b>306</b>	<b>431</b>	<b>2</b>	<b>308</b>	<b>433</b>
Kalkkvernar . . . . .	4	4	79	83	83
Grøypekvernar . . . . .	12	12	2	14	14
Andre kvernar . . . . .	9	9	5	14	14
<b>Kvernar i alt . . . . .</b>	<b>25</b>	<b>25</b>	<b>86</b>	<b>111</b>	<b>111</b>
Skilde etter landsbolkar:					
Austlandet, Upplanda, Sørlandet	239	294	—	239	294
Vestlandet, Trøndelag, Nordlanda	92	162	88	180	250

det ikkje i handelsmylnone, men i vel so ein prosent av bygdamylnone og likeins i knapt ein prosent av gardskvernane.

Vi ser og at mylnone hev 95 pst. av alle skale- og spissmaskinar og kvernane berre 5 pct. Men so hev desse sistnemnde mesta alle gryntrøskane, berre 2 bankor i alt fanst i mylnor.

Som det er nemnt fyrr var alle gryntrøskane i Trøndelag, ingen andre stader.

## B. Bostemaskinar, slipemaskinar, grynknasasar og oppløysemaskinar.

*Bostemaskinar*, slike som er serskilte verk, er i tabellane, like eins som skalemaskinane, førde upp under maleverket. Rettast vilde det kann henda ha vore å taka desse med millom reinskemaskinane. Men dei er oftast sette inn som ein lekk i mylneverket etter skalinga eller fyreknasinga, og ein hev difor meint det var laglegast å rekna dei med i maleverket, sameleis som slipemaskinane som dei hev mykje til liks med. Uppgåvor um bostemaskinar er berre prenta frå handelsmylnone. I bygdamylnone var talet på dei ikkje so stort at ein tykte det var grunn til å setja det

upp i tabellverket. Men i tabellsamandraget her nedanfor vil ein likevel taka med oppgåvor um deim etter grunntabellane.


Det som er sagt um bostemaskinane, gjeld i det store og heile um *slipemaskinane* og um *polérmaskinane* (*blenkjemaskinane*) og. Slike maskinar fanst det elles ikkje i andre bruk enn handelsmylnone og her serskilt i ris- og havremylnone.

Båe dei sistnemnde maskinane (slipe- og polérmaskinar) er til gryn-maling, og det same gjeld og um endå ein maskin som det finst nokre av jamvel i bygdamylnone. Det er *grynknasaren* (på svensk kalla *grynkross*, på dansk *grynbrækker*). Det er ein maskin som vert nytta til å knasa i sund byggryn frå heilgryn til smågryn. Det er helst i dei landsbolkane der byggavlen etter måten er størst, at mylnone hev den her nemnde knasemaskinen. Han finst difor mesta ikkje på Vestlandet og Sørlandet. Flestalle av dei maskinane vi hev i landet av dette slaget, ser ut til å vera kjøpte i Sverige.

Nedanfor er det sett upp eit tabellsamandrag som syner kor stort talet er på desse ulike slag maskinar.

	Bostemaskinar		Grynknasarar Bruk og maskinar	Slipemaskinar		Polérmaskinar	
	Bruk	Maskinar		Bruk	Maskinar	Bruk	Maskinar
Handelsmylnor . . . . .	18	50	7	4	12	11	18
Bygdamylnor . . . . .	30	30	37	—	—	—	—
<b>I alt . . . . .</b>	<b>48</b>	<b>80</b>	<b>44</b>	<b>4</b>	<b>12</b>	<b>11</b>	<b>18</b>
Det fall på :							
Valsemylnor . . . . .	42	74	20	4	12	11	18
Andre mylnor . . . . .	6	6	23	—	—	—	—
<b>Mylnor i alt . . . . .</b>	<b>48</b>	<b>80</b>	<b>43</b>	<b>4</b>	<b>12</b>	<b>11</b>	<b>18</b>
<b>I kvernbruk (kallkvern) . . . . .</b>	—	—	1	—	—	—	—
Og skilde etter landsbolkar :							
Austlandet, Upplanda, Sørlandet	35	49	21	2	6	3	8
Vestlandet, Trøndelag, Nordlanda	13	31	23	2	6	8	10


*Boste-* eller *kostemaskinar* som serskilte verk var det i alt 80 av i 48 bruk, mestaparten, 50 maskinar, i handelsmylnone og der mest i brødkornmylnone (15 bruk med 46 maskinar). I bygdamylnone var talet 30 i like mange bruk. Det er helst bygdamylnor med eldre slag av skaleverk som hev slike maskinar, vi her talar um. I dei moderne spisse- og skalemaskinane finst det ofte kosteverk bygt i hop med maskinen, og



Bil. 120.  
Bostemaskin.

maskinar i saman. Alle desse mylnone dreiv havre- eller risgryn- maling. Og likeins var og mestaparten av *polér- maskinane* i havre- og rismylnone.


Eit serskilt slag maskinar som det er heller mange av, men som berre vert nytta i brødkornmylnor, er *detasjørane* (frå fransk *detacher*, skilja eller løysa upp). På norskt mål kann ein helst kalla deim *uppløysemaskinar*.



Bil. 122.  
Uppløysemaskin.

slike bostar er sjølv- sagt ikkje førde upp i tabellane.

Talet på *gryn- knasarar* var 44 i heile landet i like mange bruk. 7 var i handelsmylnor, 37 i bygdamylnor. Dei var alle so nær som ein i mylnor, og meir enn tridjepar- ten (15 i alt) fanst i Trøndelag. *Sli- pemaskinar* hadde 4 mylnor med 12



Bil. 121.  
Grynknsar.

Dei er like eins som kli- og mergskiljeverka (gris- og dunstpussemaskinane) vi hev skrive om fyrr, sette inn i myl- neverket etter malinga og er esla til å løysa upp eller riva sund mjøflak som hev kome upp under malinga på valse- stolen. Med di dei ikkje fanst anna enn i ein einaste flokk millom handelsmylnone, er dei ikkje tekne inn i tabellverket. Men ein vil nemna upp talet her.

Det var i alt 9 brødkorn- mylnor som hadde slike maski-

nar og talet på maskinane var 118. Men av dei var 5 duble, og reknar ein desse som tvo kvar, vert heile landstalet med maskinar av dette slaget 123. 4 bruk med 61 maskinar låg på Åustlandet og Sørlandet og 5 bruk med 52 einskilde og 5 duble detasjerar, i alt 62 maskinar, på Vestlandet og i Trøndelag.

### C. Kvernar.

Ordet *kvern* er heilt ut norsk og var i dei andre teutonske (eller germanske) landa nytta i eldgamal tid um handkvernar av stein. Etter ordbøkene skal det koma frå eit indoeuropeisk rotord som tyder å knasa sund. Ordet hev kome burt i Tyskland, men halde seg i Norderlanda, England og Holland. I dei tvo sistnemnde landa tyder det no handkvern, og i Danmark vert det helst nytta berre um sjølve kvernsteinane. I Norig og dei andre norrøne landa hev ordet kvern no like eins som i svensken ei dubbel tyding, med di det både er nytta um det einskilde maleverket og um heile bruket, men det vert likevel ikkje i norsk mål, soleis som på svensk, sagt um bruk som er so store at dei kann kallast mylnor. Um skilnaden millom mylna og kvern er det greidt ut i fyrste bolken. Her skal vi segja nokre ord um maleverket kvern.

Det er ymse slag stein som kann havast til kvernar. Det det gjeld um er at steinen er noko hard, so han ikkje vert for mykje nedsliten under malinga. Attåt det lyt han og vera eit grand seig, soleis at han kann hoggast til og skjerpast, og av eit slikt steinslag at det kjem fram ei rubben yta med skarpe kantar etter hogginga.

Både yversteinen (mange stader i landet kalla *påstein*) og understeinen (ofte kalla *pundstein*) kann vera anten heile, hogne til av ein einaste steinblokk, som vanleg er med norske, svenske, tyske og engelske kvernar, eller sette ihop av fleire stykke som dei franske flintsteinane. Ein lyt her likevel gjera den merknaden at *understeinen*, serskilt i selbukvernane, ofte er laga av 2 eller 3 stykke som då vert haldne ihop med jarnband. Det *kann* og vera slik med yversteinen, men det er sjeldsynt.

Dei vanlegaste steinslaga i kvernsteinane er *flint* (kvarter), *lava* (basalt og trakyt), *kvarterporfyr*, *sandstein* og *glimeskiffer* (glimmerskifer). Dei norske kvernsteinane er alle av glimeskiffer.

Når det er tale um kvernar og kvernsteinar, er det vanleg å nemna desse anten etter det emnet dei er laga av (flintestein, sandstein, støypestein o. s. b.), eller etter plassen eller landet dei hev kome ifrå (selbusteinar, franske steinar, rinske steinar o. s. b.), eller og etter maleverksemda dei er esla til (siktekvernar, grøypekvernar, grynkvernar o. dil.). Alle desse skiljemåtane er nytta i tabellane, men det er likevel ikkje gjort nokor serskild skiljing etter steinslaga millom natursteinane.

Mylnefolk hev elles frå gamal tid og sett skil millom kvernane etter andre linor. Dei hev rekna med tri slag etter skjerpinga soleis:

1. Kvernar som under malinga skjerper eller kvesser seg sjølv og som alltid vil gjera dette. Slike kvernar vert kalla *sjølvskjerpande*. Dei tyske kvernsteinane frå Rinlanda er av dette slaget.
2. Kvernar som lyt skjerpast med sandmaling. Her kjeim t. d. selbukvernane.
3. Kvernar som lyt hoggast upp dersom dei skal verta brukande. I bygder der slike kvernar var vanlege, hadde dei i gamle dagar ei serskild øks til dette, som vart kalla *prikkøks*.


Umframnt det som her er sagt um skjerpinga, lyt ein og hugsa på, at kvernane til vanleg lyt ha riflor på malesidone. Desse riffone lyt hoggast upp tid um anna.

Det fell laglegast i utgreidinga her like eins som gjort i tabellverket, fyrst å skilja kvernane i desse tvo hovudflokkane: *I. Grøypekvernar*, som er til å flytja, og *II. Fastbygde kvernar*.

### I. GRØYPEKVERNAR.

*Grøypekvernane* er det yngste kvernslaget vi hev, og dei er mest nytta som gardskvernar, særskilt der dei gamle fastbygde kallkvernane er komne burt.

Det ser ut til at dei fyrste kvernane av dette slaget kom i bruk her i landet nokre år etter siste hundradårskiftet, for 20 til 25 år sidan på lag (rekna frå 1927—29). Dei var laga i Tyskland eller England og hadde jarnvalsar eller stålskivor til å knasa kornet med. Det vart truleg ikkje ført inn so stort tal av desse. Frå tida nett fyre krigen, under denne og i åra etter hev vi derimot fenge inn i landet ei heil mengd særskilt med danske og svenske grøypekvernar, storparten i dei fyrste åra etter krigen. Sjøelve kverna er her oftast av støypestein og dei ser mykje ut som vanlege kvernar, berre




Bil. 123.  
Grøypekvern.

med den skilnaden at dei er til å flytja. Av slike kvernar finst det og ein liten flokk som er norske, nokre av deim er *maskinkvernar*, laga til på fabrikkar like eins som dei utlendske, men andre er det ein kann kalle *heimegjorde*, mest selbusteinar eller andre gamle natursteinar som er sette upp på ein fot eller eit stativ, soleis at dei kann flytjast.

Det gjeld um alle slike kvernar som kjem frå fabrikkane, at dei er fullferdige til bruk med reimskivor og alle andre greidor som trengst, når det skal malast på deim.

Eit serskilt slag grøypekvernar er *slagkvernane* dei kallar, (tysk *Schlagkreuzmühlen*, *Perplexmühlen*), som helst vert bruka til maismaling og noko til klimaling. Dei hev ikkje steinar, men stålknottar eller stålkniavar til malinga. Slike slagkvernar er det flest av i handelsmylnone, men det finst ei og anna i bygdamylnone og. Som gardskvernar er dei mest ikkje nytta.



Bil. 121.  
Slagkvern.

## II. FASTBYGDE KVERNAR.

Den andre hovudflokken av kvernane er dei vi kann nemna som *fastbygde*. Av desse kann vi segja at det finst tri slag:

- a. Kvernar av gamle lokale steinslag som hev vore nytta frå den eldste tida. Steinslaget her var alltid naturstein.
- b. Kvernar av innførde natursteinar. Desse var sers vanlege i handelsmylnor og i sume av dei største bygdamylnone i fyrre hundradåret (på attanhundradtalet).
- c. Kvernar av støypestein. Det sistnemnde kvernslaget hev truleg kome i bruk fyrst etter siste hundradårskiftet.

Attåt dei vanlege sammale- og siktekvernane som bae hev *to* kvernsteinar (yverstein og understein) og vert nytta til å mala mjøl på, hev ein og teke med her gryn- og skalkkvernane som berre hev *ein* stein, oftast sett inn i ein kip av raspjarnsblekk. Som det er nemnt ovanfor, er grynkvernane rekna med i maleverket, av di dette er den laglegaste måten når ein vil få ei yversyn yver heile talet på stein-kvernane, kor mange av deim er av naturstein, kor mange av støypestein og kvar dei ulike steinslaga er komne ifrå.

### a. Gamle lokale steinslag.

Vi tek fyrst ei stutt utgreiding um dei gamle lokale kvernsлага.

Under uppteljinga i 1927—29 vart det røkt godt etter um desse, og det var serskilt lagt stor vinn på å få fram kva slag kvernsteinar folk nytta til vanleg i dei ymse landsлага i gamla dagar, fyre den tida då dei tok til med å rå seg kvernar av utlendske steinslag eller av støypestein. Etter det ein kann skyna, hev stormengda av bygdamylnone og mest alle gardskvernane halde fast på dei gamle kvernsлага heilt upp til siste hundradårskiftet, i minsto til sammaling, endå um dei kann henda hadde utlendske kvernslag til siktemaling. Det hev difor ikkje vore nokon sers vanske med å greida ut i store drag kva slag steinar dei jamnast hadde til kvernane kringum i bygdene i siste helvta av fyrre hundradårtalet, då dei gamle skikkane enno var lite brigda.

I eit kartogram attanfor er det vist kva slag kvernsteinar dei nytta til vanleg i dei ulike landsbolkane på denne tida. Kartogrammet er laga etter oppgåvone som finst i 1. tabellen i fyrste bolken av denne statistikken, men det er berre teke med oppgåvor som gjeld dei gamle lokale steinsлага, ikkje innførde steinar frå nyare tid og ikkje støypesteinar eller grøpekvernar heller.

Mesta alle desse gamle kvernane er som vi kann sjå frå innanlandske steinbrot. Men det er likevel *eitt* innført kvernslag, som er teke med i kartogrammet. Det er svenskesteinane som var nytta i grensestroka på Austlandet og sørst på Upplanda, men elles fanst noko lenger ut yver i desse landsbolkane og. Dei lyt reknast ihop med dei andre gamle lokale steinsлага vi hev i landet. I den nemnde tabellen i fyrste bolken er desse svenskekvernane som ein kann sjå, skilde ut i rubrikken som gjeld dei utlendske steinsлага, og sette i klomber attmed hovudtalet på utlendske steinar i alt. Men sjølv sagt er dei og med i hovudtalet.

Vi reknar upp nedanfor dei ulike steinsлага vi hev å gjera med.

#### 1. *Selbustein.*

Kvernsteinane av dette slaget er frå Selbu i Sør-Trøndelag. Det er truleg at det hev vore brote kvernar her alt i millomalderen, og sidan var kvernbrytinga i lange tider eit hovudyrke i bygda og til stor økonomisk hjelp for bygdafolket. Endå sist i fyrre hundradåret, i 1870—1880-åra, er det sagt at den største innkoma bygda hadde, var frå kvernhogginga. Verksemda vart halden uppe til tida nett fyre krigen, men er no lagd ned. Steinslaget i selbusteinen er glimeskiffer innsett med granatar eller staurolit, *tytor* som dei segjer i Selbu, på Vestlandet er dei mykje kalla *kyrning* (*kjydning*). Det er tytone som knasar kornet og riv det sund til mjøl og det ligg difor mykje lag på korleis desse er.

Tytor som er granatar, nemner dei i Selbu *bruntytor* og tytor av staurolit *ståltytor*. Mestaparten av selbukvernane ser det ut til hev havt ståltytor.

Det finst og eit tridje slag dei kallar *kvittytor*. Desse tytone (både granatar og staurolit) hev blad av talk (eller talkum) ikring og sit difor ikkje so fast i steinen. Stein med slike tytor er ikkje brukande til kvernar.

Grunntoet i kvernsteinane, det som tytone sit fast i, kallar selbyggen *tæl* n. og bergslag som er høveleg til å hogga kvernar av, *grøt* n. (grjot).

Kvernar av selbustein var fyrr rekna som dei beste norske kvernane som fanst, og dei var nytta mesta yver heile landet. Jamvel til utlandet vart det sendt ikkje so fåe i syttanhundradåra og i fyrste helvta av attanhundradtalet. Sverike tok storparten og dinæst Danmark. Nokre kvernar gjekk og til Nord-Russland og sume andre land. Ein kann difor ikkje segja heilt med retten, at selbusteinen berre var eit reint lokalt kvernslag.

Kvernbrota i Selbu, som kvernsteinane vart hogne i, låg heller langt frå bygda — 2 til 3 mil upp i fjellet, *kvernfjellet*, dei kalla — og det var store vanskar med å få kvernane førde ned frå hoggeplassen, fyrst ned i bygda og sidan til Trondheim, der stormengda av deim vart selde. Her hadde og kvernhandlarane sine lager. Dei nemnde vanskane med framføringa til marknadsplassen var fulla hovudgrunnen til at kvernbygginga vart lagd ned. Men attåt desse vanskane kom so i dei siste 10—20 åra



Bil. 125.  
Kalkkvern med selbusteinar.  
På Mølslett i Åfjord (Sør-Trøndelag).


fyre krigen tevlinga (konkurransen) med kvernar som var laga av støypestein. Alt dette gjorde det til slut for lite lønt å halda fram med det gamle kvernarbeidet i fjellet.

Etter ei utgreiding frå *P. Birch* i Selbu, som er den mest kunnige mannen i landet um alt som gjeld selbukvernane, var det fyrst ikring 1840 at kjøpmennene tok til å handla med kvernsteinar. Fyre den tida vart dei mest selde på marknadene. Hoggarane førde då sjølve steinane fram til marknadsplassen og handla dei burt der. Betalinga var anten

pengar eller andre varor som kvernhoggarane trengde til. I nokon mun heldt beinvegeshandelen seg etter den nemnde tida og, men det vart mindre av den med kvart.

*Birch* hev rekna ut at dei 10 handlarane som hadde den største handelen med selbukvernar, i tida frå 1850 på lag til 1914 hev selt ikring 14 600 steinpar i alt. Til dette talet lyt då leggjast dei kvernane som er selde av mindre kvernhandlarar, og dei som hoggarane hev handla burt beinveges. Alt i alt vert det truleg ein slump dette og, men talet er ikkje kjent.

Prisane på selbukvernar heldt seg i lange tider på mesta same stoda. Jamtyver kann ein fulla segja at prisen i den tida det her er tale um, gjekk frå 70 kronor paret for småe kvernar upp til 270 kro-



Bil. 126.  
Kalkkvern med selbusteinar.  
På Vinje i Sokndal (Rogaland).

nor for dei største, og storleiken var då frå 30 til 53 tumar rekna i tverrmål. Elles var måten prisane vart fastsette på, ikkje so lite innfløkt og er ikkje so greid å skyna, dersom ein ikkje hev sett seg serskilt inn i det.

Selbusteinen var som sagt kjend og nytta yver heile landet og han er nemnd med ulike namn i dei ulike bygdelaga, soleis som vi kann sjå det av oppgåvone. I Trøndelag er nemninga *selbustein* eller (og det vel so ofte) *selbyggstein*. På Austlandet og Upplanda vert han kalla *trondhjemstein* etter handelsplassen og likeins på Vestlandet frå Sunnmøre til Hordaland. Summe stader her, der namnet er fest til steinslaget i sers

gamal tid, segjer folk *tranneimstein* (eller *trannemstein*) som er ein av dei (ikkje mange) nemningar som hev halde fast på bynamnet i den opphavlege forma (ikkje frå skrivemålet). På Jæren, i Dalane og i Agderfylka er den vanlege nemninga *trøndske* steinar og *trønderstein*, eller og som i Setesdalen *trøndskor* (um kvernane).\*)

## 2. Åfjordstein.

Nærast etter selbusteinene i tal av gamle kvernsteinar kom i 1927—29 *åfjordsteinen* frå Åfjord i Hyllestad herad i Ytre Sogn. Kvernar av dette steinslaget fanst i heile Sogn og Sunnfjord og i nokre av bygdene i Nordhordland og Voss. Dei fanst og øvst i Valdres. Dit er dei komne frå Lærdal.

I sume av bygdene i Sunnfjord og ylst i Sogn var åfjordsteinen heilt einrådig. Her var ikkje nytta anna steinslag. I dei andre bygdene, der han fanst, gjekk han jamsides med selbusteinene. Den vanlege nemninga er i Sunnfjord og Ytre Sogn *åfyrdske* steinar. Utanfor desse stroka segjer dei, der han er kjend, mest *åfjordstein* eller og *hyllestadstein*. Sume gonger vart steinane og nemnde etter dei einskilde steinbrota dei er komne frå.

Steinbrota i Åfjorden er ikkje so lite gamle. Vi veit med visso at dei var i drift alt på syttanhundratalet, men elles finst det lite skrive um deim.

## 3. Nordlandsteinar.

I Nordland og Troms fylka er det ei heil mengd med kvernberg som det både i gamal og ny tid hev vore hogge kvernsteinar i. Men når ein tek undan dei største av desse brota, i Brønnøy herad i Nordland, er det ikkje frå nokon av deim sendt kvernar utanum fylkesgrensa. Det vil vera greidast å rekna alle desse brota ihop og kalla steinane frå deim *nordlandstein*.

Vi gjev ei oppskrift yver dei steinbrota som det fanst kvernsteinar frå i mylnone og kvernane i 1927—29, rekna frå sørst i Nordland fylke. Men det lyt segjast fyrst, at oppgåvone yver kvernsлага ikkje var so greide frå alle bygder i Nordlanda som oppgåvone frå landet elles, og det kann difor godt vera at ikkje alle kvernar av nordlandstein er komne med i tabellen i fyrste bolken. Truleg er ein og annan slik stein gjeven upp som selbustein frå sume bygder. Men nokon sers stor skilnad frå det rette kann det likevel ikkje verta. Nordlandsteinen er ikkje no soleis som

\*) Etter melding frå jordstyreformannen i Byggland. Frå Valle er oppgjeve som gammalt namn *trensko* som visseleg er det same i ei anna uttaleform,

åfjordsteinen, einrådige i noko strom. Han vert alle stader nytta jamsides med selbustein. I same bygda kann det i nokre kvernar vera nordlandstein og i andre selbustein. Den siste hev i visso vore rekna som den beste.

a. *Sømnastein.*

Dei største kvernbrotta i fylket er som sagt dei som fanst i Brønnøy. Kvernsteinar vart her hogne på gardane *Skille, Eidet* og *Skomo*. Den vanlege nemninga på steinane frå alle desse brotta er *sømnastein* etter bygdanamnet *Sømna* som det gamle Brønnøy prestegjeld\*) endå vert kalla til dagleg i folkemålet. Kvernsteinane herifrå vert og mykje nemnde etter dei einskilde brotta, som *Skomo-stein* og *Skille-stein* eller *Skillebotn-stein*. Det var mest småe kvernsteinar som kom herifrå. Men det var likevel ikkje so fåe av deim som vart selde ut or bygda både søryver ned til Flatanger i Nord-Trøndelag og nordyver alt til Salta. I tida kring 1800 vart sømnasteinar sende heilt til Bergen med nordlandsjektene og selde der. Denne handelen heldt dei fram med til nokre år etter 1850. Kvernsteinar frå Sømna som er kjøpte i denne tida, finst endå i bruk i bygdene kring Bergen. Dei vert her kalla nordlandstein, og folk hev god greida på skilnaden millom desse steinar og selbustein (eller trondhjemsteinen som dei til vanleg segjer der).

β. *Ranværingstein.*

Gjeng vi so nordetter finn vi eit kvernberg i *Rana* ved garden *Seljeli* i Elsfjorden. Det er truleg at kvernsteinane av det slaget som vert kalla *ranværingstein*, hev kome herifrå. Elsfjordstein vilde elles vore rettaste namnet. I ei melding frå Nesna er dei nemnde som *Gamlelisteinar*. Det var ikkje so mange slike kvernar i bruk i 1927—29.

γ. *Saltværingstein.*

I bygdene kring *Saltfjorden* og *Foldfjordane* finst heller mange kvernsteinbrot spreidde utyver i bygdene Saltdal, Fauske, Sørfold, Nordfold og Hamarøy. Vi kann helst kalla kvernane frå alle brotta her med eit sams namn *saltværingstein*. Sume av kvernbrotta her er svært gamle. Eit kvernberg i Saltdal attmed garden *Setså*, som det og i oppgåvone no fanst eit par kvernsteinar frå, hev vi greida på var i drift alt i millomalderen, fyre 1440. I jordeboka til erkebispem i Nidaros på denne tida, Aslak Bolt, er det nemnt at erkestolen åtte ein lut av „Kvernberget ved Setså“.

\*) Prestegjeldet er elles no skilt i tvo gjeld, Brønnøy (Nordsømn) og Vik (Sørsømn).

#### δ. *Sørreisastein.*

Lenger nord i Nordland er det ikkje meldt um noko kvernberg. Men kjem vi yver til Troms fylke, hev vi nokre brot i *Sørreisa* og i bygdene i kring, frå Tranøy i nord til Skånland og Bardu i sør. Steinane herifrå er i tabellen i fyrste bolken alle nemnde som *sørreisastein*. Men nemninga er som vi kann skyna av dette ikkje sers råkande. Dei fanst ikkje utanfor Troms fylke.

#### 4. *Tolstadstein.*

I Vågå i Gudbrandsdalen hev det frå gamal tid vore eit kvernbrot i berget oppmed garden *Tolstad*. Og likeins hev det vore hogge kvernsteinar i sume andre av bygdene i Nord-Gudbrandsdal, t. d. i Mosebakkberget i Heidal. Det fanst under uppteljinga i 1927—29 nokre kvernar frå båe desse kvernberga. Dei er i tabellane alle nemnde som *tolstadstein*. Det hadde kann henda vore rettare å kalla dei gudbrandsdalstein, men det er likevel so at storparten av deim i 1927—29 var frå Tolstadberget, og ein tykte då at det var greidast å nytta dette namnet um alle, av di det er best kjent utyver dalen elles. I eldre tider er det truleg at steinar av dette slaget hev vore mykje nytta i heile Gudbrandsdalen, med di kvernar frå andre stader — og helst var det då fulla tale um selbusteinar — måtte førast fram på lange og vande veger. Sidan hev likevel selbusteinene teke luven frå dette lokale kvernslaget, soleis at det i 1927—29 berre var 17 kvernar att av tolstadkvernar i bygdene Vågå og Heidal.



Bil. 127.

Kvernfellstova („kvennfelstuggu“) frå Selbu, no på Selbu Bygdemuseum.

### 5. *Lugnåsstein (svensk stein).*

Lugnåssteinen er eit svensk kverns slag frå kvernbrota i Lugnås i Skaraborg len i Sverige (millom Venern og Vettern). Steinslaget er her ein uppsmuldra gneis, som sidan hev fenge kvarts- og feltspattkorna kitta i hop til eit skarpkornut bergslag. Lugnåssteinen finst her i landet spreidd yver eit stort strok på Austlandet og Upplanda. I 1927—29 var soleis dette steinslaget nytta yver heile Østfold, Akershus og Vestfold og noko i Buskerud, Opland og Hedmark, i det siste fylket heilt upp til Trysil og i Opland so langt vestyver som til Land. Han rakk og so vidt inn i Telemark fylke. I desse stroka var og selbustein i bruk og Lugnåssteinen var difor ingenstad heilt einrådig. Men det ser etter oppgåvone likevel ut til at dette ikkje var langt undan i sume av grensebygdene, serskilt Vinger og Eidskogen og sørste luten av Solør. Her var selbustein lite kjend. Derimot var det i den vestre luten av det nemnde stroket mest selbustein og det slong berre ein og annan lugnåsstein. Det er audsynt at denne kvernsteinen var mest nytta der det var lettare å få tak i han enn i selbustein.

Umframnt dei nemnde stroka på Aust- og Upplanda finst lugnåssteinen og i grensebygdene Sørli og Nordli i Nord-Trøndelag. Det gjeld her som nemnt ovanfor, at det truleg mange gonger hev vore greidare å få steinane frå Sverige enn frå Selbu.

Det vanlege namnet på dette kvernslaget er her i Norig i dei bygdene der han er kjend, *lugnåsstein* eller *svensk stein*.\*)

Lugnåssteinen er sjølvskjerpande (i Østfold kalla sjølvhakkstein).

### 6. *Russisk stein.*

I Kvæfjord i Troms fylke var det i 1927—29 gjeve upp ei steinkvern, som var komen frå Russland. I same meldinga er det og nemnd at slike russiske kvernar ikkje var uvanlege fyrr. Dei var jamnast førde inn berre råhogne og vart maksla ut meir fint her i landet. Dersom dette er so, — som det fulla er truleg — hev vi her eit gamalt lokalt kverns slag som vart nytta serskilt i Troms og Finnmark. Dei må helst vera innførde med dei russiske fiskekjøparane (pomorane) og dei hev då sjølv sagt ikkje vore selde utanum dei landskapa der desse før. Det vil segja heile Finnmark og heile Troms fylke og so Vesterålen i Nordland fylke. Mesteparten av dei gamle kvernane i desse landskapa er no lagde ned og det hev ikkje vore høve til å røkja etter um dette meir grant. Men i visso var denne russesteinen ikkje einrådig i noko landskap her. Han lyt ha vore nytta jamsides med selbustein og dei andre lokale steinslaga som fanst

\*) Det var i oppgåvone stundom skrivne *ljugnåsstein*, men det er fulla berre eit mistak. I svenske skrifter er kvernberget kalla Lugnås. I ei kvernskjema er han kalla *Håkanåsstein*, kann henda ei forvending for *Hokanås* som det ser ut til er eit anna kvernberg ikkje langt undan Lugnåsberget.

i Nordland og Troms og som er nemnde ovanfor. Selbusteinene gjekk elles heilt inn i Russland og. Det er gjeve upp (av *P. Birch*, Selbu) at norske kvernhandlarar (t. d. *Fr. Birch* i Selbu) hadde lager av Selbustein i Arkangel, og det lyt då i Nord-Russland ha vore ei blanding med selbustein og lokale steinslag i kvernane der, like eins som i dei stroka i Norig som grensa innåt.

### 7. Andre lokale steinslag.

Umframnt dei kvernsлага som er nemnde ovanfor, finst det kringum i landet nokre fåe kvernar som er hogne i den bygda dei er i bruk. Desse er ikkje frå vanlege kvernberg, men folk hev truleg teke til desse når andre ikkje var å få fatt i.

#### b. Innførde natursteinar.

Ovanfor hev vi rekna upp dei lokale kvernsлага som var nytta her i landet i 1927—29. Attåt desse fanst det ein slump kvernar, laga av naturstein, som var førd inn frå utlandet. Dei svenske (og russiske) steinane som det er skrivne um ovanfor og som er tekne som lokale steinslag, er då ikkje rekna med. Vi set upp nedanfor ei stutt utgreiding um dei kvernsлага av utanlandsk naturstein (umframnt svenske og russiske) vi hadde i mylnone og kvernbruka våre på den tida statistikken vart teken upp.

#### 1. Tyske steinar.

Desse er frå gamalt nytta i dei danske mylnone og det er truleg at ein og annan slik stein kann vera komen inn her i Norig og heller tidleg, helst i mylnor på Austlandet og Sørlandet. Det fanst i 1927—29 tvo slag tyske steinar i bruk her i landet. Det eine slaget var dei vanlege *rinske* kvernane som mest vart nytta til å mala kveite og rug (siktekvernar). Steinslaget i desse er *basallava*. Attåt desse *rinske* steinane var det og nokre tyske kvernsteinar av *porfyr* frå Sør-Tyskland. Dei er og helst rekna som siktsteinar.

Det andre slaget vi hadde av tyske kvernar var *sandsteinar*. Dei var mest bruka til skaling og til grynmalning.

Millom dei tyske steinane er og tekne med nokre som var særskilt nytta til råmaling og som var komne frå *Slesia*. Summe av desse var truleg tyske (frå den tyske sida av grensa), men andre, og det var dei beste, kom frå den luten av *Slesia* som no høyrer til Tsjekoslovakia, men var austerrisk fyrr. Etter oppgåvone hev det ikkje vore høve til å skilja ut særskilt dei kvernane som var tsjekoslovakiske frå dei som var tyske,


og ein lyt difor taka alle desse i hop. Det var berre 3 kvernar i alt i heile landet som ein kann skyna noko so nær visst var komne frå Tsjekoslovakiske kvernbrot.

### 2. Engelske steinar og skotske.

Desse er mesta alle sandsteinar (flestalle frå landet kring byen Newcastle) og vert mykje nytta serskilt til grynkvernar og til å skala bygg med. Det er desse engelske kvernsteinane som på Austlandet og Upplanda vart nemnde som *pelsteinar* fyrr.

### 3. Franske steinar.

Steinslaget i desse er *flint* (ferskvatnkvarst). Dei franske steinane var i tida fyrr valsestolen kom i bruk, dei beste og mest tidhøvelege



Bil. 128.  
Franske kvernsteinar.

kvernsteinane som fanst, og var mykje nytta i dei store handelsmylnone, helst når det skulde lagast serskilt fint og godt mjøl. Desse kvernane er ikkje som flestalle andre steinkvernar hogne ut av ei blokk, men sette i hop av fleire stykke. Dei var og difor sers kostesame. Dei beste kvernane kom frå kvernbrot som låg ikkje langt frå Paris. I sume kvernbrot her laga dei helst yversteinar og i andre understeinar, av di det vart sett serskilde krav til kvar av desse når det galdt steinslaget.


### 4. Andre innførde natursteinar.

Utum desse fanst det i 1927—29 i alt berre 2 kvernar som var frå andre land og baa desse var gjevne upp som *hollandske*. Ein vil helst tru at denne meldinga er eit mistak av di det ikkje er kjent at det finst kvernbrot i Holland, i minsto ikkje slike som sender kvernsteinar til ut-

landet. Anten var dei då tyske steinar kjøpte i Holland, men det er lite truleg, serskilt fordi desse tvo kvernane fanst i bygder der tyske kvernsteinar er heller vanlege. Eller dei lyt vera komne frå andre land, og då er det mest rimeleg at dei er *belgiske*. Attmed byen Hennegau i Belgia finst det fleire kvernbrot som og sender kvernar til utlandet, og steinslaget her likjest på det som er i dei rinske steinane (lava).

### c. Støypestein.

Etter det ein kan skyna må kvernar av støypestein vera komne i bruk her i landet etter siste hundradårsskiftet. I minsto fanst det under



Bil. 129.  
Moderne norske støypesteinar.

uppteljinga i 1927—29 inga slik kvern som skreiv seg frå tida fyre året 1900. Dei fyrste kvernane av dette slaget var laga i utlandet og flestalle av deim var truleg tyske. Men det gjekk ikkje lang tid, fyrr norske fabrikkar og verkstader tok til med å laga slike kvernsteinar og. I tida under og etter krigen hev dei norske steinane vorte mesta einrådige og det fanst i 1927—29, som vi kann sjå av tabellane attanfor, berre få utanlandske støypesteinar i mylnone våre. I kvernbruka var talet jamvel so lite at det beintfram ikkje er nemnande.

Det fyrste norske kvernstøyperiet vart skipa i Oslo, og det var ein kvernhandlar der som gjekk i gang med dette ikring åra 1903—1904. Denne kvernsteinsfabrikken finst enno og hev laga eit stort tal av dei kvernane som vart talde upp i 1927—29. Sidan, kom det fleire fabrikkar til — flestalle i krigstida — soleis at det i 1927 var i alt 6 fabrikkar i

landet som laga kvernar av støypestein. Attåt desse var det sume av mylnone som støypte kvernane sine sjølve, og tvo-tri av desse hev og jamvel laga nokre slike steinar som dei hev seld.

Av dei nemnde 6 kvernsteinfabrikkane var det tvo som mest dreiv med anna steinstøyping (file- og slipeskivor, treslipesteinar). 3 av fabrikkane låg på Austlandet og av deim tvo i Oslo, 1 på Upplanda, 1 på Sørlandet (Porsgrunn) og 1 på Vestlandet (Bergen). Den eine av Oslo-fabrikkane og den i Bergen er sidan lagde ned, soleis at det no (i 1935) er 4 fabrikkar att.

Støypesteinane vert laga av flint og smergel, og bindeemnet er oftast magnesitt. Flinten er anten fransk eller dansk. Den sistnemnde — vanleg kalla baltisk flint — vert rekna som den beste, og det er i røynda berre den som no vert nytta av kvernsteinsfabrikkane her i landet. Smergelen kjem mest frå øya Naxos i Greklandshavet, men vert innkjøpt hit frå andre land, stormengda frå Holland, Frankrike, Tyskland og England.

Støypekvernane er alle sjølvskjerpande og fabrikkane legg mykje vinn på å gjera dei so gode i den leida som råd er.


Av fastbygde kvernar med utlenske støypesteinar var i 1927—29 flestalle frå Sverige og so nokre frå Danmark. Men tek vi med steinane i grøypekvernane og, kjem dei danske støypesteinane øvst i talet og so dei svenske. Av tyske støypesteinar var det i 1927—29 berre fåe att.

Vi tek so til med eit yversyn yver talet på dei ymse slag kvernar som fanst i landet i 1927—29 og vil fyrst greida ut um kor mange det var av grøypekvernar og av fastbygde kvernar, og millom desse sistnemnde set vi upp serskilt talet på sammale- og siktekvernar og på gryn- og skalkvernar.

Um skiljinga millom *sammalekvernar* og *siktekvernar* er elles å segja, at det på Vestlandet, i Trøndelag og i Nordlanda ikkje er sers vanlegt å ha serskilte kvernar til siktemaling. Dei nyttar mykje godt dei same kvernane til bae slag maling. Det er helst på Austlandet og like eins på Upplanda og på Sørlandet at det vert nytta ulike slag kvernar til kvar av desse malemåtene.

Det som er sagt her gjeld mest *bygdamylnone*. I *gardskvernane* er det eit hende at det finst ei siktevern. Mesta alle kvernar i desse bruka er til sammaling. Dersom dei på gardar med slike kvernar skal ha male siktamjøl, plar dei oftast senda kornet til ei bygdamylna.

I handelsmylnone vert ikkje kvernane heller, etter det ein kan skyna, nytta til siktemaling. Alle steinkvernar i desse mylnone er melde inn som sammale- eller grynkvernar. Men elles er stormengda av deim slike



Bil. 130.  
Modern støypesteinskvern. Skjematisk rit.

kvernar som bygdamylnane helst nyttar til siktemaling (franske steinar). Til all finmaling og mykje til sammaling og, nyttar handelsmylnane valsestolar.

Millom handelsmylnane fanst det i 1927—29 og eit bruk som ikkje hadde noko slag kvern i det heile, berre valsestolar og andre moderne malemaskinar. I tabellverket er det ikkje sett upp serskilte tal på siktekvernar anna enn i tabellen som gjeld bygdamylnane.

Talet på bruk med ulike slag kvernar og på kvernane i desse bruka var. (Sjå tabellen neste sida).

Talet på grøpekvernar, kvernar til å flytja, var soleis 3143 i heile landet, og av desse var 3072 i dei serskilte grøpekvernbruka. Av fastbygde kvernar fanst det 9599 og av dei 7210 i kallkvernbruk. Sammale-

	Grøypekvernar		Fastbygde kvernar					
			Sammale- og siktekvernar		Gryn- og skal-kvernar (pelsteinar)		Ihoplagt fastbygde kvernar	
	Bruk	Kvernar	Bruk	Kvernar	Bruk	Kvernar	Bruk	Kvernar
Handelsmylnor . . . . .	29	44	43	158	17	35	45	193
Bygdamylnor . . . . .	129	142	915	1997	372	399	918	2396
Gardskvernar . . . . .	2957	2957	6905	6996	14	14	6906	7010
<b>I alt . . . . .</b>	<b>3115</b>	<b>3143</b>	<b>7863</b>	<b>9151</b>	<b>403</b>	<b>448</b>	<b>7869</b>	<b>9599</b>
Det fall på :								
Valsemylnor . . . . .	24	36	224	730	168	197	226	927
Andre mylnor . . . . .	25	26	340	858	181	197	340	1055
<b>Mylnor i alt . . . . .</b>	<b>49</b>	<b>62</b>	<b>564</b>	<b>1588</b>	<b>349</b>	<b>394</b>	<b>566</b>	<b>1982</b>
Kalkkvernar . . . . .	3	3	6934	7167	43	43	6934	7210
Grøypekvernar . . . . .	3057	3072	—	—	4	4	4	4
Andre kvernar . . . . .	6	6	365	396	7	7	365	403
<b>Kvernar i alt . . . . .</b>	<b>3066</b>	<b>3081</b>	<b>7299</b>	<b>7563</b>	<b>54</b>	<b>54</b>	<b>7303</b>	<b>7617</b>

og siktekvernane var 9151 og grynkvornane 448. Slær vi grøypekvernar og fastbygde kvernar i hop, kjem vi til det, at handelsmylnone i alt hadde 237 kvernar, bygdamylnone 2538 og gardskvernane 9967 kvernar. Talet på alle kvernar i landet, grøypekvernar og fastbygde kvernar rekna i hop, var 12742.

I medeltal rekna ut etter 100 bruk i kvar flokken vert dette:

I handelsmylnone . . . . .	376	kvernar.
I bygdamylnone . . . . .	253	„
I gardskvernane . . . . .	101	„

Alle bruk medtekne fall det 117 kvernar i medeltal på 100 bruk, på mylnone 359 kvernar, på kvernbruka 103.

Imillem gardskvernane ser vi at talet på bruk med *grøypekvernar* og på kvernane i desse bruka er det same. Vi lyt her minna um det som er nemnt i fyrste bolken av denne statistikken, at kvar gards-grøypekvern er rekna som eit bruk. Men elles var talet på gardar som hadde fleire grøypekvernar enn ei, berre 36 i heile landet, vel so ein prosent av alle grøypekvernbruk, og desse hadde alle tvo kvernar. Ingen gard hadde *meir* enn tvo. Nokon sers skilnad vert det soleis ikkje anten ein reknar på den eine eller den andre måten.

I tabellen som gjeld bygdamylnone er det skilt millom sammalekvernar og siktekvernar. Talet på dei tvo kvernsлага var etter denne tabellen. (Sjå tabellen neste sida).


Grøypekvern-bruka er her ikkje med. Dei hadde ikkje kvernar av dette slaget, nokon av deim.

Bygdamylnor	Sammalekvernar		Siktevernar		Sammale- og sikte- kvernar i alt	
	Bruk	Kvernar	Bruk	Kvernar	Bruk	Kvernar
Valsemynlor . . . . .	182	512	52	61	182	573
Andre mylnor . . . . .	309	685	114	128	309	813
<b>Mylnor i alt . . . . .</b>	<b>491</b>	<b>1197</b>	<b>166</b>	<b>189</b>	<b>491</b>	<b>1386</b>
Kalkkvernar . . . . .	346	494	12	13	346	507
Andre kvernar . . . . .	78	104	—	—	78	104
<b>Kvernbruk i alt . . . . .</b>	<b>424</b>	<b>598</b>	<b>12</b>	<b>13</b>	<b>424</b>	<b>611</b>
<b>Alle bruk . . . . .</b>	<b>915</b>	<b>1795</b>	<b>178</b>	<b>202</b>	<b>915</b>	<b>1997</b>

Vi ser at det mesta berre var i mylnone det fanst siktevernar. Millom kvernbruka var det ikkje fleire enn 12 kalkkvernbruk som hadde slike kvernar, og talet på kvernane var 13. Når det ikkje var fleire kvernar av dette slaget i kvernbruka, lyt ein sjå dette i samanheng med utgreidinga fyrr (i fyrste bolken) um korleis det er skilt millom mylnor og kvernar i statistikken. Alle bruk der det fanst heilt mylneverk med turkor og fastbygde sikte- kvernar (med siktor), er rekna som mylnor, so nær som dei serskilde kalkkvernbruka. Etter denne skiljemåten kann det då ikkje verta tale um siktevernar i bruk som er kalla grøype- kvernar eller „andre kvernar“.

Spursmålet um *talet på kvernar* som finst i eit bruk, plar vera mykje åtgådd, anten det so gjeld mylne- eller kvern- bruk, av di folk mykje tek dette talet som eit mål på maledugleiken. Det er difor røkt noko meir etter um dette.

I tvo tabelluppsett nedanfor er det greidd ut um kor mange bruk vi hadde i landet i 1927—29 med ulike tall kvernar, grøypekvernar og fastbygde kvernar slegne i hop. Fyrste tabellen greider ut um korleis tilhøvet er serskilt i handelsmynlor, i bygdamylnor og i gardskvernar og likeins når vi tek alle desse bruka i hop.



Bil. 131.  
Modern kvern, set utanifrå.

	Handelsmylnor		Bygdamylnor		Gardskvernar		Alle bruk	
	Bruk	Kvernar	Bruk	Kvernar	Bruk	Kvernar	Bruk	Kvernar
Bruk med :								
1 kvern . . . . .	20	20	359	359	9771	9771	10150	10150
2 kvernar . . . . .	16	32	190	380	77	154	233	566
3 " . . . . .	10	30	192	576	8	24	210	630
4 " . . . . .	2	8	157	628	2	8	161	644
5 " . . . . .	2	10	67	335	2	10	71	355
6 " . . . . .	1	6	24	144	—	—	25	150
7 " . . . . .	2	14	8	56	—	—	10	70
8 " . . . . .	1	8	3	24	—	—	4	32
9 " og fleire . . . .	8	109	3	36	—	—	11	145
<b>I alt . . . . .</b>	<b>62</b>	<b>237</b>	<b>1003</b>	<b>2538</b>	<b>9860</b>	<b>9967</b>	<b>10925</b>	<b>12742</b>

Dei allerfleste av bruka — og det gjeld serskilt um gardskvernane — hev berre ei kvern, i alt 93 pst. på lag. Og so gjeng talet på bruka ned di større talet på kvernane vert i kvart bruket. Men nedgangen er ikkje so jamn som ein kunde venta. Grunnen til dette er mest at tilhøvet i dei større bruka, mylnone, som vi skal sjå nedanfor, er so heilt annaleis enn i kvernbruka.

Talet på alle mylne- og kvernbruk i landet var 10 926, men det var ei handelsmylna som ikkje hadde nokor kvern i det heile, soleis at vi her fær å gjera med 10 925 bruk.

Høgste talet på kvernar i noko bruk var 27. Det var ei handelsmylna som hadde so stort kverntal. Høgmålet i bygdamylnone var 14. Elles fanst det ei mylna med 9 kvernar (ei bygdamylna), tvo med 10 (båe handelsmylnor), ei med 11 (handelsmylna), tvo med 12 (båe handelsmylnor), tvo med 13 (ei handelsmylna og ei bygdamylna) og tvo med 14 (ei handelsmylna og ei bygdamylna). I alt var det 11 bruk, 8 handelsmylnor og 3 bygdamylnor som hadde meir enn 8 kvernar.

Dette gjeld som nemnt alle kvernar, både grøypekvernar og fastbygde kvernar rekna i hop. Men elles er det sjølvsgagt dei fastbygde kvernane som råder mest, og helst i flokkane med høge kverntal i kvart bruket. Høgste talet med grøypekvernar i noko bruk var 4, og so var det og nokre som hadde 3 og ein slump med tvo, men jamlikna med dei fastbygde kvernane var det etter måten berre fåe bruk som hadde meir enn ei grøypekvern.

Den andre tabellen (på 131. sida) syner korleis tilhøvet er i dei teknisk ulike slag mylnor og kvernbruk. Her hev vi mykje jamnare tal enn i den fyrste tabellen der mylnor og kvernbruk var slegne ihop. Det syner seg at mylnone hadde høgste talet på bruk med 3 kvernar, og di-næst kom bruk med 4 kvernar. So fall tala tolleg jamt nedover på båe sidone. I kvernbruka hadde yver 97 pst. av bruka berre *ei* kvern og det

	Valsemylnor		Andre mylnor		Kalkkvernar		Grøypekvernar		Andre kvernar		I alt mylnor		I alt kvernbruk	
	Bruk	Kvernar	Bruk	Kvernar	Bruk	Kvernar	Bruk	Kvernar	Bruk	Kvernar	Bruk	Kvernar	Bruk	Kvernar
Bruk med :														
1 kvern . . . . .	8	8	40	40	6735	6735	3038	3038	329	329	48	48	10102	10102
2 kvernar . . . . .	27	54	67	134	142	284	19	38	28	56	94	188	189	378
3 " . . . . .	65	195	97	291	40	120	—	—	8	24	162	486	48	144
4 " . . . . .	58	232	90	360	13	52	—	—	—	—	148	592	13	52
5 " . . . . .	39	195	29	145	3	15	—	—	—	—	68	340	3	15
6 " . . . . .	14	84	11	66	—	—	—	—	—	—	25	150	—	—
7 " og fleire . . . . .	18	195	6	45	1	7	—	—	—	—	24	240	1	7
<b>I alt . . .</b>	<b>229</b>	<b>963</b>	<b>340</b>	<b>1081</b>	<b>6934</b>	<b>7213</b>	<b>3057</b>	<b>3076</b>	<b>365</b>	<b>409</b>	<b>569</b>	<b>2044</b>	<b>10356</b>	<b>10698</b>
Medeltal kvernar på kvart bruk . .		4,2		3,2		1,0		1,0		1,1		3,6		1,0


var ikkje meir enn 17 kvernbruk i alt (alle kallkvernar) som hadde meir enn 3 kvernar.

I dei ulike landsbolkanane var talet på grøypekvernar og fastbygde kvernar og på bruka der dei fanst.

Landsbolkar	Grøypekvernar		Fastbygde kvernar (sammale- sikte- og grynkvernar)		I alt		
	Bruk	Kvernar	Bruk	Kvernar	Bruk	Kvernar	Kvernar i medeltal på kvart bruket
Austlandet . . . . .	1162	1166	252	748	1403	1914	1,4
Upplanda . . . . .	816	819	402	797	1208	1616	1,3
Sørlandet . . . . .	277	281	1237	1434	1504	1715	1,1
Vestlandet . . . . .	224	233	4417	4721	4628	4954	1,1
Trøndelag . . . . .	583	591	1014	1310	1584	1901	1,2
Nordlanda . . . . .	53	53	547	589	598	642	1,1
<b>I alt . . . . .</b>	<b>3115</b>	<b>3143</b>	<b>7869</b>	<b>9599</b>	<b>10925</b>	<b>12742</b>	
I medeltal på kvart bruk		1,0		1,2		1,2	1,2

Rekna etter medeltal med kvernar i kvart bruket var det Austlandet og Upplanda som kom fyrst og dinæst Trøndelag. Men rekkjefylgja vert ei heilt anna, dersom vi ser på heile talet som fanst med kvernar i kvar landsbolken. Då syner det seg at Vestlandet tok upp fremste romet av di det der var so stor ei mengd med kallkvernar. Burtimot 40 prosent av heile landstalet med kvernar og ikkje langt ifrå helvta av alle dei som er fastbygde, fanst på Vestlandet. Ingen annan landsbolke hev nær so mange.

Av grøypekvernar var det Austlandet som hadde mestaparten, yver 37 pst. Det er serskilt i denne landsbolken og noko på Upplanda og i



Bil. 132.

Modern støypesteinskvernar.

(Bil. frå Norheimsund Mølle, Hardanger, fyre branden 1932).

Trøndelag at folk hev rådd seg slike kvernar til gardskvernar. Vestlandet kom her langt ned, på næstsiste plassen. Berre Nordlanda hadde eit mindre tal med grøypekvernar enn Vestlandet.

Vi hev no fenge ei yversyn yver talet på kvernar skilt etter maleverksemda og skal so ta med nokre samandrag av tabelluppgåvone, som viser kor mange kvernar det var i landet i 1927—29 med ulike *steinslag*. Fyrste tabellsamandraget syner talet på kvernar med naturstein og på dei som hev støypestein. Natursteinane er skilde etter som dei var av gamle lokale slag eller var komne frå utlandet i nyare tid. Samandraget gjeld berre dei fastbygde kvernane. Grøypekvernane er ikkje med her av di alle desse — når vi tek undan sume av dei norske — anten ikkje hadde anna enn støypestein eller var laga utan noko slag steinkvern i det heile, soleis som dei gamle grøypekvernane frå England og Tyskland og dei moderne slagkvernane.

	Fastbygde kvernar i alt i 1927—29	Av desse hadde			Prosenttal			
		Naturstein		Støype- stein	Naturstein			Ihop- lagt
		Gamle lo- kale stein- slag (sven- ske og russiske medrekna)	Nyare innførde steinar		Gamle lokale steinslag	Nyare inn- førde steinar	Støype- stein	
Kvernar	Kvernar	Kvernar	Kvernar	%	%	%	%	
Handelsmylnor . . . . .	193	3	49	141	1,6	25,4	73,0	100,0
Bygdamylnor . . . . .	2396	593	373	1430	24,7	15,6	59,7	100,0
Gardskvernar . . . . .	7010	6892	27	91	98,3	0,4	1,3	100,0
<b>I alt . . . . .</b>	<b>9599</b>	<b>7488</b>	<b>449</b>	<b>1662</b>	<b>78,0</b>	<b>4,7</b>	<b>17,3</b>	<b>100,0</b>
Det fanst i :								
Valsemylnor . . . . .	927	23	203	701	2,5	21,9	75,6	100,0
Andre mylnor . . . . .	1055	181	184	690	17,2	17,4	65,4	100,0
<b>I mylnebruka i alt . . . . .</b>	<b>1982</b>	<b>204</b>	<b>387</b>	<b>1391</b>	<b>10,3</b>	<b>19,5</b>	<b>70,2</b>	<b>100,0</b>
Kallkvernar . . . . .	7210	6990	52	168	97,0	0,7	2,3	100,0
Grøypekvernar . . . . .	4	—	4	—	—	100,0	—	100,0
Andre kvernar . . . . .	403	294	6	103	72,9	1,5	25,6	100,0
<b>I kvernbruka i alt . . . . .</b>	<b>7617</b>	<b>7284</b>	<b>62</b>	<b>271</b>	<b>95,6</b>	<b>0,8</b>	<b>3,6</b>	<b>100,0</b>

Vi kann lesa i denne tabellen at det er gardskvernane som best hev halde på dei gamle lokale kvernsлага. Til desse er då rekna og dei svenske natursteinane i grensestroka og den russiske kverna i Troms. I bygdamylnone fanst det endå i 1927—29 ein slump slike kvernar, men støypesteinen hadde då teke luven, og i handelsmylnone var det berre att 3 gamle kvernar i alt som ei minning um det som hev vore fyrr.

Kvernar med naturstein av nyare slag var det, rekna i prosent, mest av i handelsmylnone, noko mindre i bygdamylnone og berre 0,4 pst. i gardskvernane. Det er dei engelske, tyske og franske kvernane som kjem inn under denne rubrikken. Likeins er tekne med her kvernar, som i tabellane attum er nemnde upp som utlendske, men utan serskilt fråsegn um opphavslandet. Det var helst gryn- og skalkkvernane som det vanta slike meldingar um.

Støypekvernane som meir og meir fær yvervekta serskilt i mylnebruka, hev høgste prosenttalet hjå handelsmylnone, 73 pst. av alle fastbygde kvernar som var der, og lægste prosenten hjå gardskvernane, berre 1,3 pst. av heile kverntalet, og prosenttrekkja er her motsett den som gjeld dei gamle lokale natursteinane. Bygdamylnone med ikring 60 pst. støypesteinskvernar tek i denne rubrikken like eins som i dei andre upp ein millomplass millom handelsmylnone og gardskvernane.

Ser vi so på korleis tala fell hjå dei *teknisk* ulike slag mylnor og kvernbruk, syner det seg at vi her hev den same prosentfylgja som vi elles er vane med å sjå. Det lægste prosenttalet med gamlekvernar hadde valsemylnone og det høgste kalkkvernane (97 pst. av alle kvernar som fanst i desse). Men prosenttrekkja vert snudd heilt um når vi kjem til kvernar med naturstein av nyare slag og til støypekvernane. Her stod valsemylnone høgst og kalkkvernane lægst. Vi ser då heilt burt frå grøypekvernbruka som berre hadde 4 fastbygde kvernar i alt, og desse var gryn-kvernar med naturstein (engelske steinar). Alt i alt var det naturstein i 30 pst. på lag av dei fastbygde kvernane i mylnebruka, men i meir enn 96 pst. i kvernbruka. Av kvernar med støypestein var prosenttalet i mylnebruka yver 70, i kvernbruka 3,6. I heile landet var det i 1927—29 alt i alt 7929 fastbygde kvernar med naturstein i bruk, og av desse var 7488 gamlekvernar og 449 med utlendske steinar av nyare slag. Av fastbygde støypesteins-kvernar var landstalet 1662.

Vi gjer og eit samandrag yver talet på dei ulike slag kvernar skilt etter landsbolkar.

	Fastbygde kvernar i alt i 1927—29	Av desse hadde			Prosenttal			
		Naturstein		Støypestein	Naturstein		Støypestein	Ihoplagt
		Gamle lokale steinslag (svenske og russiske medtekne)	Nyare innførde steinar		Gamle lokale steinslag	Nyare innførde steinar		
Kvernar	Kvernar	Kvernar	Kvernar	%	%	%	%	
I. Austlandet . . .	748	109	159	480	14,6	21,2	64,2	100,0
II. Upplanda . . .	797	297	95	405	37,3	11,9	50,8	100,0
III. Sørlandet . . .	1434	1222	68	144	85,3	4,7	10,0	100,0
IV. Vestlandet . . .	4721	4346	71	304	92,1	1,5	6,4	100,0
V. Trøndelag . . .	1310	962	50	298	73,4	3,8	22,8	100,0
VI. Nordlanda . . .	589	552	6	31	93,7	1,0	5,3	100,0
<b>I alt . . .</b>	<b>9599</b>	<b>7488</b>	<b>449</b>	<b>1662</b>	<b>78,0</b>	<b>4,7</b>	<b>17,3</b>	<b>100,0</b>

Det var Vestlandet som hadde det største talet med kvernar av det gamle slaget, som ventande var, men reknar vi etter prosenttalet, kjem Nordlanda likevel eit grand høgare. Her hadde burtimot 94 pst. av kvernane steinar av gamle lokale slag. Austlandet stod lægst med berre 109 gamlekvernar i alt, 14,6 pst. av alle fastbygde kvernar som fanst i denne landsbolken. I rubrikken til kvernar med innførde natursteinar av nyare slag og likeins i støypestein-rubrikken hadde Austlandet det høgste talet. Det same ser vi i prosenttal-rubrikkane som gjeld desse kvernsлага. So kom i baa rubrikkane Upplanda med dei næst-høgste tal og prosentar. Nordlanda hadde dei lægste tal i dei same rubrikkane.

I oppgåveskjemone var det som nemnt og spurt um kor kvernane opphavleg var komne frå. Um dei som var i handels- og bygdamylnone hev eigarane gjeve svar på spurnaden og um gardskvernane — nær som grøypekvernane — hev jordstyra frett etter um dette og sendt inn fråsegner. Oppgåvor um gardsgrøypekvernane er sende inn beinveges frå kvar ein-skild kverneigar. Det var sendt til eigarane eit serskilt rundskriv um dette der det og samstundes var spurt um ymse andre ting, som galdt kvernane deira. Svar kom inn frå 75 pst. på lag av dei som var spurde og det vantar soleis meldingar um opphavslandet frå ikring 25 pst. Det er ikkje nokon serskilt grunn til å tru at desse 25 pst. skil seg millom landa på annan måte enn dei andre 75 prosent som det finst oppgåvor um.

Annaleis med dei fastbygde kvernane som det vantar slike meldingar frå. Dette gjeld helst um gryn- og skalkkvernar med utlendsk naturstein som fanst i bygdamylnone. Når eigarane her ikkje hev svara på spurnaden, kom det fulla helst av det at dei ikkje visste kor steinane var frå. Men etter det vi elles veit, kann vi med visso gå ut frå at storparten av desse var engelske og nokre tyske. Talet på kvernar (i dette høvet pelsteinar) komne frå England (og Tyskland) vert soleis noko for lågt i statistikken.

Tala nedanfor syner kva land kvernane er komne frå, både dei fastbygde og grøypekvernane. (Sjå tabellen neste sida).

Av grøypekvernane var, som vi ser, berre vel so 5 pst. laga til her i landet. Meir enn halvparten av heile talet var danske (54 pst.) og yver tridjeparten svenske (34 pst.). Frå England var vel 4 pst. av desse kvernane og frå Tyskland 2 pst. Av dei tyske grøypekvernane var ein stor part slagkvernar. Umframnt dei nemnde fanst det nokre amerikanske kvernar (frå U. S. A.) og eit par tsjekoslovakiske. Prosentane er då rekna ut etter talet på deim som hev gjeve melding um dette. Tabellen syner at vel so 24 prosent av alle ikkje hev meldt frå um opphavslandet.

Grøypekvernane frå utlandet var alle det ein kann kalla *maskinkvernar*. Dei var laga til i kvernfabrikkar og selde frå fabrikkane fullferdige til bruk med reimskivor og alle tilhøyrslor som elles er turvande. Det er skrive upp etter oppgåveskjemone namn på i alt 18 danske, 10 svenske, 8 engelske, 6 tyske og 4 amerikanske fabrikkar som hev seld grøype-

Alle mylne- og kvern- bruk i landet	Rette tal				Prosenttal			
	Grøype- kvernar	Fastbygde kvernar		I alt kvernar	Grøype- kvernar	Fastbygde kvernar		I alt
		Natur- stein	Støype- stein			Natur- stein	Støype- stein	
<b>Kvernslag:</b>					Pst. av kvernar med oppgåvor:			
Norske . . . . .	125	7124	1544	9093	5,2	95,8	92,9	77,1
Svenske . . . . .	809	63	73	945	34,0	0,8	4,4	8,0
Danske . . . . .	1288	—	28	1316	54,1	—	1,7	11,2
Engelske . . . . .	97	90	—	187	4,1	1,2	—	1,6
Tyske . . . . .	50	51	17	118	2,1	0,7	1,0	1,0
Tsjekoslovakiske . . . . .	2	3	—	5	0,1	0,0	—	0,0
Franske . . . . .	—	119	—	119	—	1,5	—	1,0
Amerikanske . . . . .	11	—	—	11	0,4	—	—	0,1
Andre . . . . .	—	3	—	3	—	0,0	—	0,0
<b>Ihoplagt . . . . .</b>	<b>2382</b>	<b>7753</b>	<b>1662</b>	<b>11797</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>
					Pst. av alle kvernar:			
Ikkje oppgjeve . . . . .	761	184	—	945	24,2	2,3	—	7,4
<b>Heile kverntalet . . . . .</b>	<b>3143</b>	<b>7937</b>	<b>1662</b>	<b>12742</b>	<b>24,7</b>	<b>62,3</b>	<b>13,0</b>	<b>100,0</b>

kvernar her i landet. Men det kann sjølvstøtt vera fleire enn desse med di ikkje alle hev gjeve upp merket eller fabrikknamnet. Av norske grøypekvernfabrikkar hev det til dessar vore berre tvo, som bae er lagde ned no. Den største av desse, som låg på Gjøvik, hev laga 52 av dei kvernane som det fanst oppgåvor um i skjemone. 4 av desse var nytta i bygdamylnor og ei i ei handelsmylna. Resten (47) var gardskvernar.

Av alle *fastbygde kvernar*, tok dei norske upp mykje yver 90 prosent, burtimot 96 prosent av natursteinane og ikkring 93 prosent av støypekvernane. Nærast etter i tal kjem etter tabellen fransksteinane med 1,5 pst. av kvernar som det er gjeve oppgåvor um. Likevel er det som sagt fyrr, truleg at talet på engelske grynkvernar er noko høgare, med di ein stor slump av kvernane utan oppgåva um opphavslend lyt vera av dette slaget. Like eins er talet på tyske kvernar med naturstein noko for lågt av same grunnen.

Um vanskane med å skilja millom tyske og tsjekoslovakiske (i gamle dagar austerriske) kvernsteinar er det skrive fyrr. I tabellane ovanfor er førd upp som tsjekoslovakiske berre slike kvernar som ein etter fråsegnene kunde vera noko so nær viss um var frå den tsjekoslovakiske sida av grensa. Men det kann godt henda at nokre av dei 51 tyske kvernane og er frå Tsjekoslovakia. Det talet vi hev på tsjekoslovakiske kvernar er soleis eit minstetal. Men sers stort kann likevel talet på slike kvernar ikkje ha vore. Av dei tri kvernane som er førde upp som „andre“ var den eine russisk (i Troms fylke) og dei tvo andre var oppgjevne som hollandske. Etter det som er nemnt fyrr skulde det vera mest truleg at desse tvo var belgiske. Men noko heilt visst um dette er det sjølvstøtt uråd å segja.

Det er grunn til å sjå noko meir grant på tala som gjeld dei *norske* kvernane.

Vi nemner fyrst *grøypekvernane*. Etter tabelluppsettet ovanfor var det i 1927—29 i alt 125 *grøypekvernar* som ein kann segja var laga her i landet. Av desse var:

Maskinkvernar (frå tvo fabrikkar) . . .	58
Heimlaga, med selbustein . . .	55
— „ — , „ tolstadstein . . .	1
— „ — , „ åfjordstein . . .	1
— „ — , „ naturstein i alt . . .	57
— „ — , „ støypestein . . .	10
I alt heimlaga . . . . .	67
	Alt i alt 125

Kvernane som her er kalla „heimlaga“, er ikkje alle sette istand av eigarane sjølve. Det fanst sume stader bygdemekanikarar som dreiv lite med slikt arbeid. Kvernane som dei hev laga til, er helst av gamle natursteinar, mest selbustein.

Kjem vi so til dei *fastbygde kvernane*, fell det laglegast fyrst å segja nokre ord um dei som var av *støypestein*. Tabellen viser at det i alt var 1662 slike kvernar i landet på uppteljingstida og av deim 1544 norske eller 93 pst. på lag. Talet på bruka som hadde norske støypesteinskvernar var 709 (29 handelsmylnor med 121 kvernar, 592 bygdamylnor med 1335 kvernar og 88 gards-kvernbruk med same tal kvernar). Av kvernane var 84 i 55 bruk det ein kann kalla heimlaga, dei var støypte av mylnone sjølve, og nokre fåe slike kvernar var jamvel selde til andre bruk. Um 36 kvernar (i 33 bruk), er det ikkje gjeve upp kor dei var laga. Vi veit berre at dei var laga her i landet. Det vert etter dette ialt 1424 kvernar som dei 6 kvernsteinfabrikkane vi hadde i landet i 1927 hev støypt. Tvo av desse fabrikkane er sidan lagde ned og ein driv kvernstøypinga berre som eit lite umfram-arbeid. Dei tri fabrikkane som då stend att, hadde etter oppgåvone frå 1927—29 laga i alt 1232 *støypekvernar* eller 80 prosent av alle norske kvernar av dette slaget.

Dette var um kvernane med støypestein. Stormengda — ikkje langt frå 80 pst. — av alle fastbygde kvernar som var i bruk i 1927—29, hadde likevel *norske natursteinar*. Vi skal granska noko meir oppgåvone um desse.

Tabellen på 138. sida segjer frå um talet på kvernar med norsk naturstein, skilt etter som dei fanst i ymse slag mylne- og kvernbruk.

Kvernar med norske natursteinar	Selbustein	Åfjordstein	Nordlandsteinar				Tolstadstein	Andre lokale steinslag	Kvernar med norske natursteinar i alt
	Kvernar	Kvernar	Sømnastein	Ranværingstein	Saltværingstein	Sørreisastein	Kvernar	Kvernar	
Handelsmylnor . . .	3	—	—	—	—	—	—	—	3
Bygdamylnor . . .	514	20	6	—	3	10	—	—	553
Gardskvernar . . .	6088	570	88	14	64	23	17	4	6868
<b>I alt . . .</b>	<b>6605</b>	<b>590</b>	<b>94</b>	<b>14</b>	<b>67</b>	<b>33</b>	<b>17</b>	<b>4</b>	<b>7424</b>
Det fall på :									
Valsemylnor . . .	13	—	—	—	—	—	—	—	13
Andre mylnor . . .	135	—	3	—	2	1	—	—	141
<b>I mylnebruka i alt</b>	<b>148</b>	<b>—</b>	<b>3</b>	<b>—</b>	<b>2</b>	<b>1</b>	<b>—</b>	<b>—</b>	<b>154</b>
Kalkkvernar . . .	6188	581	88	14	64	32	13	3	6983
Andre kvernar . . .	269	9	3	—	1	—	4	1	287
<b>I kvernbruka i alt</b>	<b>6457</b>	<b>590</b>	<b>91</b>	<b>14</b>	<b>65</b>	<b>32</b>	<b>17</b>	<b>4</b>	<b>7270</b>

I prosenttal hadde av alle fastbygde kvernar i landet med norske natursteinar:

89,0 pst. selbustein	0,4 pst. sørreisastein
8,0 „ åfjordstein	0,2 „ tolstadstein
1,2 „ sømnastein	0,2 „ ranværingstein
0,9 „ saltværingstein	0,1 „ andre steinslag

Burtimot 90 prosent av alle kvernar med norske natursteinar hadde soleis selbustein, 8 pst. hadde åfjordstein og av dei ulike slag nordlandsteinar fanst det, alle slegne ihop, vel so 2,5 pst. Vi ser soleis at selbustein tek upp det største råderomet, og han var, kann ein segja, heilt einrådige alle stader, der det ikkje var serskilt lett å få tak i andre kvernsteinar til ein lågare pris.

Det lyt her ansast på det som er nemnt fyrr, at talet på selbustein er vorte lite høgare enn rett skulde vera, og talet på andre kvernslag, serskilt då nordlandsteinar, eit grand for lågt.

Kvernar med åfjordstein fanst det 590 av i alt. I lag med åfjordstein er både her og i tabellverket attum og like eins i fyrste bolken av denne statistikken rekna 3 kvernar som var hogne i Viskedalen i Førde. Rettast vilde det kann henda ha vore å setja desse upp millom dei andre lokale kvernsлага. Dei andre 587 åfjordskvernane var etter det ein kann sjå alle hogne i Åfjorden i Hyllestad herad (Sogn og Fjordane fylke).

Det var ialt 218 kvernar med „nordlandsteinar“ av ymse slag. Av desse var 94 kvernar frå kvernbrota på Sømna sørst i fylket. Flestalle av desse kvernane ser ut til å vera hogne på gardane Skomo og Skille i Brønnøy og var etter hoggeplassen ofte nemnde som skomostein og skille- eller skillebotnstein.

Lenger nord i fylket hev vi kvernbrota i Elsfjorden. Kvernane herifrå som vert nemnde ranværingsteinar kom ikkje høgare upp i talet enn 14.

Av kvernar med saltværingstein var det 67. Det er steinar frå ei heil mengd med kvernbrot som finst i bygene ifrå Hamarøy i nord til Junkerdalen i Saltdal i sør, og som her er slegne i hop under denne nemninga. Det ser ut til at størsteparten er hogne i Saltdal, Fauske og Sørfold.

Av det lokale kvernslaget i Troms fylke, nemnt som sørreisastein, var talet 33.

Av tabellen nedanfor kann vi sjå det klårare kva slag kvernar dei nytta i kvar einskild landsbolk.

	Selbu- stein Kvernar	Åfjord- stein Kvernar	Nordlandstein		Tol- stad- stein Kvernar	Andre kvern- slag Kvernar	I alt Kvernar
			Sømna- stein Kvernar	Andre nordland- steinar Kvernar			
Austlandet . . . . .	86	—	—	—	—	1	87
Opplanda . . . . .	234	6	—	—	17	3	260
Sørlandet . . . . .	1220	1	—	—	—	—	1221
Vestlandet . . . . .	3740	583	23	—	—	—	4346
Trøndelag . . . . .	955	—	4	—	—	—	959
Nordlanda . . . . .	370	—	67	114	—	—	551
<b>Ihoplagt . . .</b>	<b>6605</b>	<b>590</b>	<b>94</b>	<b>114</b>	<b>17</b>	<b>4</b>	<b>7424</b>

Det vert utifrå denne tabellen sers audsynt, at det berre er selbu-steinen som gjeng yver heile landet. Alle dei andre kvernsloga som er nemnde, er reint lokale og rekk ikkje so langt utyver landskapet der dei er hogne. Det einaste undantaket er sømnasteinen som i gamle dagar og vart send til Bergen med nordlandsjektene og derifrå seld noko utyver bygdene ikring byen. Prisen på kvernar av dette slaget var, ser det ut til, ikkje so lite lægre enn den folk jamnast laut betala for selbukvernar. Det hev sjølvsgagt vore mange fleire sømnasteinar i bruk fyrr på Bergenskanten, men dei er slitne ut med kvart, og dei som fanst att i 1927—29 er truleg kvernar som det hev vore lite male på oppgjenom åra.

Både dei norske og utlendske kvernane av naturstein er elles sers varige, og serskilt er det sagt um selbukvernane at dei kunde nyttast gjennom mannsaldrar. Det var i fyrerita (i skjemone) spurt um alderen på kvernane, men desse oppgåvone vart ikkje tekne med i siste tabell-uppskrivinga. I tabellane som fyrst var arbeidde ut, fyrr alle oppgåvone var komne inn, var det med rubrikkar um dette og, men dei galdt berre gardskvernane (kallkvernar og „andre kvernar“). Vi gjer likevel eit samandrag av tala frå desse fyrste grunntabellane. Ein fær av deim ei tolleg god yversyn yver alderen på ein stor lut av gardskvernane, og det er ikkje grunn til å tru at prosenttalet av kvernar innum dei ulike aldersflokkane vilde vorte noko sers annaleis, um heile tilfanget hadde kome inn på tabel-

len. Det segjer seg sjølv at alderen på kvernane er gjeven upp meir etter eit skyn, og det var og i fyrerita beintfram sagt frå at kverneigarane kunde gjera dette. Elles vilde ein ikkje fått mange svar på denne spurnaden. Ein og annan — og det er fleire enn ein skulde tru — hev likevel havt god greida på årstalet då kverna var kjøpt. Det hev fulla i gamle dagar vore ein so stor kostnad å rå seg ny kvern, at det kann vera grunnen til at kjøpet hev fest seg so godt i minnet. I tabellen som stend nedanfor er skilet millom aldersflokkane sett upp på same måten som det er gjort i fyrste bolken med kvernhusa. Alderen er gjeven upp for kvar landsbolken og for heile landet. Det er og teke med ei jamlikning med heile talet som fanst av kvernar av same slaget.

*Fastbygde kvernar med naturstein i gards-kvernbruk  
(kalkkvernar og „andre kvernar“).*

Alderen på kvernane (steinane) rekna attyver frå 1928 til året då dei vart innkjøpte.	Austlandet Kvernar	Upplanda Kvernar	Sørlandet Kvernar	Vestlandet Kvernar	Trøndelag Kvernar	Nordlanda Kvernar	Heile landet Kvernar
<b>Rette tal:</b>							
Under 10 år (innkjøpte etter 1918) . . . .	2	11	35	107	40	14	203
10—19 „ ( „ 1909—1918) . . . .	10	19	53	217	67	35	401
20—49 „ ( „ 1879—1908) . . . .	19	63	181	1202	256	132	1853
50—99 „ ( „ 1829—1878) . . . .	9	39	287	884	135	90	1444
100—199 „ ( „ 1729—1829) . . . .	—	2	67	128	11	17	225
200—299 „ ( „ 1629—1728) . . . .	—	1	2	8	—	—	11
300 år og yver det (innkjøpte fyre 1629)	—	—	—	2	—	—	2
<b>I alt med aldersuppgåvor . . . . .</b>	<b>40</b>	<b>135</b>	<b>625</b>	<b>2548</b>	<b>509</b>	<b>288</b>	<b>4145</b>
Ugreide oppgåvor eller alder ikkje oppgjeven	18	49	293	800	149	113	1422
<b>I alt kvernar med i tabellen . . . . .</b>	<b>58</b>	<b>184</b>	<b>918</b>	<b>3348</b>	<b>658</b>	<b>401</b>	<b>5567</b>
<b>Heile talet på kvernar med naturstein i desse kvernbruka var . . . . .</b>	<b>76</b>	<b>230</b>	<b>1141</b>	<b>4129</b>	<b>804</b>	<b>499</b>	<b>6879</b>
<b>Jamføringstal:</b>							
	Pro- sent	Pro- sent	Pro- sent	Pro- sent	Pro- sent	Pro- sent	Pro- sent
Under 10 år (innkjøpte etter 1918) . . . .	5,0	8,1	5,6	4,2	7,8	4,9	5,0
10—19 „ ( „ 1909—1918) . . . .	25,0	14,1	8,5	8,5	13,2	12,2	9,7
20—49 „ ( „ 1879—1908) . . . .	47,5	46,7	29,0	47,2	50,3	45,8	44,7
50—99 „ ( „ 1829—1878) . . . .	22,5	28,9	45,9	34,7	26,5	31,2	34,8
100 år og yver det (innkjøpte fyre 1829) .	—	2,2	11,0	5,4	2,2	5,9	5,8
<b>Ihoplagt . . . . .</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>
Av alle kvernar med naturstein i dei nemnde bruka:							
Er med i alderstabellen . . . . .	76,3	80,0	80,5	81,1	81,8	80,4	80,9
Finst oppgåvor um alder . . . . .	52,6	58,7	54,8	61,7	63,3	57,7	60,3

Det syner seg av prosenttala nedst på tabellen at meir enn  $\frac{4}{5}$  (nærast 81 pst.) av alle kvernar det her kann vera tale um, er komne med i alderstabellen, men um fjordeparten av desse, vel so 20 pst. av heile talet, gjeld det at eigarane ikkje kunde segja noko visst um alderen. Mange av deim hev berre sagt at kverna er „gamal“ eller „eldgamal“, og det er soleis grunn til å tru, at mange serskilt av dei eldste kvernane er med millom deim som aldersuppgåvor vantar frå. Elles syner tabellen at stormengda av kvernane kom i dei tvo aldersflokkane 20—49 år og 50—99 år. Ihoplagt hadde vi her 80 pst. på lag av alle kvernar med uppgåva, 10 pst. var millom 10 og 19 år gamle og burtimot 6 pst. meir enn 100 år gamle. Av dei sistnemnde var det nokre fåe, 13 i alt, som var sagt å vera 200 år eller yver det, og tvo av desse jamvel 300 år eller meir. Når kverna kann vara slik gjenom fleire hundradår, er det truleg at det mest ikkje er male på ho anna enn det som trongst til garden, og stor maling kann fulla dette ikkje ha vore heller i kvart året. I moderne mylnor som hev jamn maling, vert ei kvern ikkje so sers gamal fyrr ho er heilt utsliten. 209 kvernar var kjøpte og sette inn i kvernhusa i tida etter 1918. Men um mange av desse kvernar frå nyadagane er det nemnt at dei var brukte fyrr då eigarane kjøpte deim. Det er no lite att av dei gamle lager med nye kvernsteinar og folk hev difor teke til med å nytta ut gamle kvernar som endå er brukande. Det er soleis berre ein lut av desse 209 nyinnkjøpte kvernane som ein kann segja var heilt nye, då dei vart sette inn i kvernhuset der dei var i 1927—29.

I millom dei ulike landsbolkane er det ikkje so stor skilnad i prosenttala som gjeld aldersflokkane. Det syner seg likevel, at Austlandet etter måten hev mange kvernar i alderen 10—19 år, men heile talet på kvernar av dette slaget er elles heller lite i denne landsbolken.

På Sørlandet er prosenten av kvernar yver 50 år gamle uvanleg stor, 46 pst. er i alderen 50 til 99 år og 11 pst. 100 år eller meir. Det er serskilt Setesdalen og dei øvste dalbygdene i Vest-Agder, som hev so mange utgamle kvernar. I alle dei andre landsbolkane ligg hovudtyngda i aldersflokken 20—49 år, og prosenten av kvernar 100 år og yver det kjem ikkje i nokon av desse upp til 6 pst.

#### D. Valsestolar.

Det er nemnt i fyrste bolken at valsestolen vart funnen upp i tida 1821—22. Uppfinnaren var sveitsaren *Helpfenberger*. Men det var og fleire andre som samstundes arbeidde mot det same målet å få fram ein høveleg valsestol til å mala korn på istaden for dei vanlege steinkvernane.

Valsestolane som vart laga i den fyrste tida, fekk likevel liten framgang. Valsane var ikkje sers gode, og dei var vande å greida med. På same tida gjekk den amerikanske mylna sin sigergang yver Europa. Ho hadde franske steinar til malinga og laga eit mjøl som var fullgodt etter krava folk hadde den gongen. Det var soleis liten trong til umskifte, og det heile vart i lang tid ståande på same flekken. Alt dette gjorde at det i tida framyver mot 1870 var heller fåe mylnor som tok valsestolar i bruk. I 1873 vart det gjort eit nytt framsteg på dette umkvervet då sveitsaren *Friedrich Wegmann* fann på å laga valsar av postelin (hardporselen). Yvergangen frå kvernar til valsestolar tok då til å gå snøggare og endå meir då *Andreas Mechwardt* som styrde den store maskinfabrikken *Ganz & Co. A/G*, i Budapest, nokre år etter byrja med å gjera valsane av hardt støypestål istaden for av postelin som lett kunde gå i knas.

På det grunnlaget som soleis var lagt, er det sidan arbeidd vidare, og frå denne tida kann ein og rekna at det kom full fart i umlaginga av dei gamle mylnone til valsemylnor. Frå same tida vart det og teke til med å byggja nye slike mylnor.


Her i landet fekk vi dei fyrste valsemylnone ikring 1880. Det var handelsmylnone som då gjekk i brodden. Sidan hev og bygdamylnone fylgt godt etter, og vi hadde i 1927—29, som denne statistikken syner, i alt 230 valsemylnor i landet. Flestalle av valsestolane som finst i mylnone våre no, er tyske, og den største mengda av desse er truleg frå den store samanskipinga av tyske mylnemaskinverk som ber namnet *Miag* (*Mühlenbau und Industrie A. G.*). So finst det ein slump tsjekoslovakiske og sveitsiske valsestolar og nokre fåe svenske.

Vi skal so gå igjennom oppgåvone som stend i tabellane, um talet på valsestolar i norske mylnor.

Men fyrst vil vi nemna noko um *fyreknasarane* (svensk *førkross*, dansk *forknuser*) som fanst i nokre mylnor. Dei er eit slag valsestolar med slette valsar. Slike *slettvalsar* er elles mykje nytta som maisknasarar, og dei kann stundom vera laga til av gamle valsestolar på den måten at riflone er slipte ut or valsane.

I statistikken her er fyreknasarane ikkje rekna med som rettelege valsestolar, av di dei jamnast berre gjer fyrearbeid i mylna, men ikkje lagar fullferdige varor. Mylnor som ikkje

hev andre valsestolar enn slike slettvalsar, er difor ikkje tekne som valsemylnor.



Bil. 133.  
Fyreknasar.

Heile landstalet på fyreknasarar var 65, og talet på bruk med slike maskinar var 53.

Dei fanst sjølvstøtt berre i handels- og bygdamylnone, ikkje i gardskvernar. Talet på fyreknasarar i dei ulike slag mylnor var:


	Bruk	Fyreknasarar
Handelsmylnor . . . . .	17	29
Bygdamylnor . . . . .	36	36
<b>I alt . . . . .</b>	<b>53</b>	<b>65</b>
Av fyreknasarane i handelsmylnone var i:		
Brødkornmylnor . . . . .	14	25
Maismylnor! . . . . .	3	4
<b>Ihoplagt . . .</b>	<b>17</b>	<b>29</b>

Imillom bygdamylnone var det ikkje noko bruk som hadde meir enn ein maskin av dette slaget, men i handelsmylnone var det stundom fleire i same bruket. Her fanst og nokre dubbelstolar. Desse er i tabellen rekna som tvo stolar kvar. Alle fyreknasarane var i valsemylnor nær som ein. Denne sistnemnde fanst i ei „anna mylna“ millom bygdamylnone.

So kjem vi til dei *rettelege valsestolane*. Sjølvstøtt var det berre valsemylnor som hadde slike. Vi set upp nedanfor talet på einfelde og duble valsestolar i dei ulike slag mylnor:

Valsestolar	Handelsmylnor		Bygdamylnor		Gardsmylnor		I alt	
	Bruk	Stolar	Bruk	Stolar	Bruk	Stolar	Bruk	Stolar
Einfelde valsestolar . . . . .	30	69	174	260	3	4	207	333
Duble — „ — . . . . .	26	385	20	23	—	—	46	408
<b>Ihoplagt (dubbelstolar rekna som tvo) . . . . .</b>	<b>44</b>	<b>839</b>	<b>183</b>	<b>306</b>	<b>3</b>	<b>4</b>	<b>230</b>	<b>1149</b>
Prosent av alle valsestolar . . .	—	73,0	—	26,6	—	0,4	—	100,0
Medeltal med valsestolar i kvart bruket . . . . .	—	19,1	—	1,7	—	1,3	—	5,0

Heile talet på valsestolar i alle mylnor i landet var soleis 1149. Mesta tri fjerdepartar av desse, eller 839, var i handelsmylnone, i bygdamylnone var talet 306, vel so ein fjerdepart, og i gardsmylnone fanst det berre 4 stolar i alt, ikkje so mykje som ein halv prosent av alle. I handelsmylnone var fleirtalet duble stolar, i alt i desse mylnone 385 dubbelstolar mot berre 69 einfelde. I bygdamylnone derimot kom talet på dubbelstolar



Bil. 134.  
Einfeld valsestol.

ikkje upp til meir enn 23, men det var her 260 einfelde stolar. I gardsmylnone fanst ingen dubbelstol. Medeltalet av valsestolar som fall på kvart bruket var i handelsmylnone 19,1, i bygdamylnone 1,7 og i gardsmylnone 1,3. 1102 valsestolar var av dei vanlege til å mala mjøl på, og det var 201 mylnor i heile landet som hadde slike. 47 var havregrynsvalsar, stundom kalla *grynklemmor*, og talet på bruka som hadde desse, var 40. 190 bruk hadde berre vanlege valsestolar med 1039 stolar

i alt, 11 bruk hadde stolar av baae slag, 63 til mjølmaling og 13 havrevalsar, og 29 mylnor hadde berre havrevalsar, ihoplagt 34.

Oppsettet nedanfor greider ut noko meir um dette.

	Mylnor med				Valsestolane i desse					
	Berre mjøl-valsar	Både mjøl- og havre-valsar	Berre havre-valsar	I alt Bruk	I bruk med berre mjøl-valsar	I bruk med både mjøl- og havrevalsar		I bruk med berre havre-valsar	I alt valsestolar	
						Mjøl-valsar	Havre-valsar		Mjøl-valsar	Havre-valsar
Handelsmylnor . . . . .	27	5	12	44	761	56	7	15	817	22
Bygdamylnor . . . . .	161	6	16	183	275	7	6	18	282	24
Gardsmylnor . . . . .	2	—	1	3	3	—	—	1	3	1
<b>I alt . . . . .</b>	<b>190</b>	<b>11</b>	<b>29</b>	<b>230</b>	<b>1039</b>	<b>63</b>	<b>13</b>	<b>34</b>	<b>1102</b>	<b>47</b>
Det fall på:										
Austland, Uppland og Sørland . . . . .	175	3	1	179	598	46	4	1	644	5
Vestland, Trøndelag og Nordlanda . . . . .	15	8	28	51	441	17	9	33	458	42

Av alle valsestolar som fanst i landet var soleis ikring 4 pst. havrevalsar.

I handelsmylnone var prosenten . 2,6

I bygdamylnone — „ — . 7,8

I gardskvernane — „ — . 25,0

Skifter vi landet i tvo luter, slik som det er gjort i tabellen attanfor um handelsmylnone, med Austlandet, Upplanda og Sørlandet i den eine luten og Vestlandet, Trøndelag og Nordlanda i den andre, ser vi at meir enn 90 prosent av alle *mylnor* med berre vanlege valsestolar til mjølmaling fanst i den fyrste luten. I den andre kom heile talet på slike

mylnor ikkje høgare upp enn til 15, som svarar til 8 pst. av alle. På den andre sida hadde Vestlandet, Trøndelag og Nordlanda 90 pst. av alle bruk med havrevalsar, og Austlandet, Upplanda og Sørlandet berre 10 pst. av desse. Prosenttalet var soleis her snudd heilt um.

Ser vi på talet på *valsestolane* er ikkje skilnaden so stor. Av dei vanlege mjølvalsane hadde Austlandet, Upplanda og Sørlandet ikring 58 pst. og den andre luten av landet burtimot 42 pst.


Um havrevalsane gjeld det at prosenttala er på lag dei same i dei tvo landspartane som vi hev synt det ovanfor, då det vart greidd ut um bruka som hadde slike valsestolar. Av heile talet på valsestolar — mjøl- og havregrynsvalsar lagde i hop — hadde Austlandet, Upplanda og Sørlandet 649, vel so 56 pst. og Vestlandet, Trøndelag og Nordlanda 500, burtimot 44 pst.

I medeltal var det i den fyrstnemnde luten av landet 3,6 valsestolar i kvar mylna og i den sistnemnde 9,8. Vestlandsbruka hadde etter dette millom tvo og tri gonger so mange valsestolar som austlandsmylnone. Dette kjem seg av det at Vestlandet etter måten hev mange fleire handelsmylnor enn Austlandet.

Når folk talar um kor stor ei mylna er, plar dei gjernast spyrja um maledugleiken, som og rett er. Skal ein ha greida på maledugleiken når det gjeld valsemylnone, lyt ein sjå etter kor mange valsestolar mylna hev. Heil og full greida på dette gjev i visso oppgåvone um *talet* på stolane ikkje heller, minders ein hev fråsegner um storleiken på valsane og korleis stolane elles er innreidde. Men i det store og heile ser det likevel ut til at talet på stolane vil vera fullnøggjande til å gjeva ei stutfengd statistisk yversyn yver det som det her spyrst um.

Vi tek med ein tabell som syner kor mange mylnor det fanst i 1927 —29 med ulike tal valsestolar i kvar landsbolken og i alt i heile landet. Tabellen gjeld berre bygdamylnor og gardsmylnor. Handelsmylnone er ikkje med her. Duple valsestolar er rekna som tvo. (Sjå tabellen neste sida).


Vi ser soleis at meir enn halvparten av alle bygdamylnor og gardskvernar med valsestolar hadde berre ein valsestol, burtimot 30 pst. tvo, og 10 pst. tri stolar. Yver tri valsestolar hadde berre 5 pst. av alle desse bruk. Rekna etter landsbolkanane hadde Austlandet 60 pst. av bruka og 70 pst. av stolane (216 i alt), Upplanda noko meir enn 19 pst. av



Bil. 135.  
Valsestol til havregryn.

Bygdamylnor og gardsmynlor	Austlandet Bruk	Upplanda Bruk	Sørlandet Bruk	Vestlandet Bruk	Trøndelag Bruk	Nordlanda Bruk	Heile landet	
							Bruk	Valsestolar
1 valsestol . . . . .	47	29	11	13	3	1	104	104
2 valsestolar . . . . .	40	6	5	3	—	—	54	108
3 — „ — . . . . .	15	1	—	2	—	—	18	54
4 — „ — . . . . .	7	—	—	—	—	—	7	28
5 — „ — . . . . .	2	—	—	—	—	—	2	10
6 — „ — . . . . .	1	—	—	—	—	—	1	6
<b>I alt . . . . .</b>	<b>112</b>	<b>36</b>	<b>16</b>	<b>18</b>	<b>3</b>	<b>1</b>	<b>186</b>	<b>310</b>
Prosenttal. . . . .	60,2	19,4	8,6	9,7	1,6	0,5	100,0	

bruka og 14 pst. av valsestolane. Heile resten av landet kom ikkje alt i alt høgare upp enn til vel so 20 pst. av bruka og 16 pst. av valsestolane. Bygdamylnor med meir enn tri valsestolar fanst det elles ikkje andre stader enn på Austlandet.



Bil. 136.  
Dubbel valsestol.

Flestalle valsestolane var som nemnt i handelsmynlone. Men skal vi ha med tala på valsestolar i kvart bruket i desse mylnone, kann vi ikkje gjeva oppgåvone annaleis enn det er gjort i tabellen um handelsmynlone soleis at vi fær talet berre for heile landet og for dei tvo hovudpartane landet der er skilt i. Breiddamed desse tala tek vi og inn samsvarande tal frå mylnestatistikken i 1909, som viser korleis stoda var den gongen. Oppgåvone frå 1909 er i visso ikkje sers heilslege. I uppteljinga var då rekna med berre dei største mylnone som høyrde under fabrikktilsynet, og talet på dei som det kom inn oppgåvor um, var ikkje høgare enn 314. Av desse var 69 valsemynlor. Endå um vi kann sjå at største parten t. d. av bygdamynlone som det då var med 288 av, vantar i denne statistikken, er det likevel grunn til å tru at dette ikkje gjeld um valsemynlone. Her kann vi rekna med at oppgåvone er nokosonær heilslege. (Sjå tabellen neste sida).

Vi ser at prosenttalet av bruk med berre ein valsestol er auka frå 33,3 (tridjeparten) til jamt halvparten i 1927—29. Det vil segja so mykje som at det i desse tjuge åra serskilt hev kome til mange heller små valsemynlor. Prosenten av bruk med tvo valsestolar var på baa rekne-

	Etter uppteljinga i 1927—29					Etter uppteljinga i 1909		
	Aust- landet Upp- landa Sør- landet Bruk	Vest- landet Trønde- lag Nord- landa Bruk	Heile landet			Heile landet		
			Rette tal		Prosent av bruka	Rette tal		Prosent av bruka
			Bruk	Valse- stolar		Bruk	Valse- stolar	
1 valsestol . . . . .	89	26	115	115	50,0	23	23	33,3
2 valsestolar . . . . .	53	9	62	124	27,0	18	36	26,1
3 " . . . . .	16	4	20	60	8,7	8	24	11,6
4 " . . . . .	8	1	9	36	3,9	8	55	11,6
5 " . . . . .	2	1	3	15	1,3			
6 " . . . . .	2	—	2	12	0,9			
7—10 " . . . . .	1	2	3	26	1,3	8	106	11,6
11—20 " . . . . .	2	1	3	56	1,3			
21—50 " . . . . .	4	3	7	221	3,0	4	140	5,8
Meir enn 50 valsestolar . . . . .	2	4	6	484	2,6			
<b>I alt . . . . .</b>	<b>179</b>	<b>51</b>	<b>230</b>	<b>1149</b>	<b>100,0</b>	<b>69</b>	<b>384</b>	<b>100,0</b>

tidene mesta den same, vel so fjordeparten av alle. Men bruk med meir enn tvo valsestolar fanst det etter måten fleire av i 1909 enn i 1927—29. Dei valsemylnone vi hadde i landet, var soleis når ein mæler etter talet på valsestolar, jamtyver noko smærre i 1927—29 enn dei var i 1909. Dette syner seg best um ein reknar ut medeltalet på valsestolar i kvar mylna. Det var som vi hev nemnt fyrr 5,0 i 1927—29, men i 1909 var det 5,6. Grunnen til denne nedgangen er helst den, at handelsmylnone




Bil. 137.  
Valseloft, Vaksdal Mølle.

i 1909 tok upp eit større prosenttal millom valsemylnone enn dei gjorde i 1927—29. Av dei 69 valsemylnone i 1909 var 17, eller 25 pst. handelsmylnor. I 1927—29 var talet på handelsmylnor med valsestolar 44, som svarar til 19 pst. av heile valsemylnetalet. Rekna ut med same prosenttal av handelsmylnor og bygdamylnor i 1927—29 som i 1909, vilde medeltalet ha vore 5,9 valsestolar i kvart bruket. Det er elles serskilt talet på dei store mylnone som hev gjenge ned i prosent frå 1909 til 1927—29, men samstundes hev dei vorte større, fenge fleire valsestolar kvar. Tek vi dei største mylnone med meir enn 20 valsestolar i kvar mylna, syner det seg at desse i 1927—29 hadde på lag same prosent av alle bruka på dei tvo reknetidene (5,8 pst. i 1909, 5,6 pst. i 1927—29). Det var 4 mylnor som i 1909 hadde eit høgare tal med valsestolar kvar enn 20 og ihoplagt hadde dei 140 valsestolar, i medeltal 35 stolar kvar. Desse 4 bruka tok soleis upp 36 pst. av alle valsestolar som fanst i 1909. I 1927—29 var det 13 mylnor med meir enn 20 stolar, og i alt hadde desse 705 eller 61 pct. av valsestolane som då var talde upp. Medeltalet i kvar mylna vert etter dette vel so 54 stolar. Sume av mylnone hadde i 1927—29 jamvel meir enn 100 valsestolar kvar. I 1909 var det ikkje noko bruk som hadde nær so stort tal. Men vi veit elles ikkje kor høgt talet på valsestolane då var i dei bruka som kom høgst, med di meldingane ikkje segjer noko um dette.

## V. Sikteverk.

I alle moderne mylnor vert mjølet sikta etter malinga. Sikteverket er difor ein viktig lekk i mylneverket, og det vert jamt lagt mykje vinn på at siktone er so gode og tidhøvelege som råd er, med di det næst etter valsestolane serskilt er med desse at mylnone fær fram alle dei ulike slag finmjøl som folk i våre dagar krev å få kjøpt.

Upphavelig var sjølvsagt alt korn berre sammale, og endå i lange tider etter at dei hadde teke til med vassdrivne maleverk, er det truleg at folk ikkje kjende til noko anna slag mjøl. Heile millomalderen igjenom og heilt upp til attanhundrattalet fanst det ikkje maskinar i mylnone våre som kunde sikta mjølet. Dersom dei i eldre tid skulde ha finare mjøl, laut dei sælda det med *handsåld*. Dei hadde ymse slag såld til dette. Duken i botnet på sålda var jamnast av hår eller og av skinn, ofte kujur som det var sett ei mengd med hol i. Spenone i kujuret stod upp i såldet



Bil. 138.  
Gamalt mjølsåld.  
(Botnet er kujur med spenor).


og spreidde mjølet utyver soleis at sædinga gjekk jamnare. Denne handsædinga var sjølvsgat sein og gav ikke nok sers fint mjøl heller. Det var difor eit stort framsteg, då dei i utlandet sist i syttanhundradåra fann på å laga roterande *trummelsiktor*, opphaveleg runde, sidan i sekskantform til å driva i samband med maleverket. Det kunde då siktast snøggare, og mjølet kunde gjerast so fint ein vilde ha det, etter som det vart nytta meir eller mindre fin sikteduk.

Det var i den amerikanske mylna, er det likt til, at slike siktemaskinar (trummelsiktor) kom i bruk frå fyrsten. Men i lengda vart mylnarane ikkje sers nøgde med desse trummelsiktone heller. Dei tok for stor plass og arbeidde for seint etter dei krava som kom upp med kvart, etter som tida gjekk fram.

Etter 1850 kom so *sentrifugalsikta* i bruk i Tyskland. Ho er laga til som ein trummel med sikteduk av silke ikring. Men inne i trummelen er det eit slagverk som gjeng rundt samme vegen som sikta elles, og som gjer at heile sikteduken vert nytta ut, ikkje berre ein liten part av den soleis som i sylindere og sekskantsikta. Sentrifugalsikta hev difor mykje meir arbeidsdugleik enn dei eldre trummelsiktone, og ho kunde gjerast mindre, soleis at ho ikkje tok upp so stor plass i mylna.

Frå den tida då fabrikkane byrja med å laga desse nye siktone, varde det ikkje lenge til dei vart tekne i bruk i stormylnone yver heile verda, og jamvel i mange av dei smærre mylnebruka kom slike siktor inn med kvart. Heilt upp til siste hundradårskiftet og endå nokre år etter 1900 kann ein fulla segja at sentrifugalsikta var den beste og mest fullkomne sikta som fanst.

Her i landet fylgde mylnone tolleg godt med i dei framstega som utlandet gjorde. Sentrifugalsiktone kom i siste halvta av fyrre hundradåret inn i handelsmylnone og hadde kring hundradårskiftet heilt teke luven frå dei gamle sekskantsiktone, som då berre vert nytta til avfallsikting og dil.. Til dette er dei jamvel noko i bruk endå. I sume av bygdamylnone var og sentrifugalsikta kome inn. Men det er likevel ikkje so fåe av desse sistnemnde som heilt til det siste hev halde fast på dei gamle sekskantsiktone. Slike siktor hadde elles på Austlandet eit serskilt namn. Dei vart kalla *sikteskåp*, av di dei var innsette i ein kasse eller eit skåp med ei skuffa nedst til å taka mot siktamjølet.



Bil. 139  
Sekskantsikta.

I millioimtida hadde dei i utlandet prøvd å laga nye siktemaskinar, som skulde sikta på ein annan måte enn den som var nytta i sekskant- og sentrifugalsiktone. Det var den gamle handsiktinga med såld dei då tok til fyredøme og vilde gjera uppatt med maskindrift.

Alt i 1870- og 1880-åra hadde dei i England, Austerrike og Ungarn kome eit stykje på vegen med dette. Men det var fyrst i tida frå 1890 til 1900 at det lukkast å koma fram til ei endelykt, soleis at det vart skapa ein maskin som i alle måtar var fullnøggjande. Denne maskinen er *plansikta*. Ho er no den mest tidhøvelege siktemaskinen som finst, og hev i dei seinaste åra heilt fenge yvertaket yver dei gamle siktone, både sekskant- og sentrifugalsiktor. Her i Norig er ho serskilt komen mykje i bruk under og etter krigen, og som denne statistikken syner, var i 1927—29 fleirtallet av siktone som fanst i handelsmylnone, plansiktor. I bygdamylnone var ho endå ikkje so mykje nytta. Men dette hev vorte noko annarleis sidan statistikken vart teken upp.

Fyremunene den nye sikta hev framfor dei gamle er desse:

Ho siktar mjølet betre og gjer det lett å sikta det ut i den finleiken ein vil ha. Ho tek liten plass og treng heller ikkje mykje kraft.

Den moderne plansikta er oftast sett i hop av fleire (upp til 8) siktekassar eller siktesett. Kwart siktesett er her ei heilt sjølvstendig sikta med mange (jammast 10—12) siktedukar som kann vera anten av metal eller av silke.

Etter desse innleidingsorda skal vi no sjå på kva tabellane segjer um tala på dei ymse sikteslaga.

Vi set fyrst upp talet på *bruk* som hadde siktor.


	Rette tal					Samanlikningstal			
	Bruk alt i alt	Bruk med siktor i alt	Av desse hadde			Bruk med siktor i pst. av alle bruk	Av bruka med hadde		
			Plan-siktor	Sentri-fugal-siktor med eller utan fyre-siktor	Andre siktor (sikteskåp)		Plan-siktor	Sentri-fugalsiktor med eller utan fyre-siktor	Andre siktor (sikteskåp)
			Bruk			Pst.	Pst.	Pst.	
Handelsmylnor . . .	63	40	19	34	21	63,5	47,5	85,0	52,5
Bygdamylnor . . .	1003	392	20	183	235	39,1	5,1	46,7	60,0
Gardskvernar . . .	9860	184	—	2	182	1,9	—	1,1	98,9
<b>Ihoplagt . . .</b>	<b>10926</b>	<b>616</b>	<b>39</b>	<b>219</b>	<b>438</b>	<b>5,6</b>	<b>6,3</b>	<b>35,6</b>	<b>71,1</b>
Det fall på:									
Valsemylnor . . .	230	219	37	190	69	95,2	16,9	86,8	31,5
Andre mylnor . . .	340	169	2	28	142	49,7	1,2	16,6	84,0
<b>Mylnor i alt . . .</b>	<b>570</b>	<b>388</b>	<b>39</b>	<b>218</b>	<b>211</b>	<b>68,1</b>	<b>10,1</b>	<b>56,2</b>	<b>54,4</b>
Kallkvernar . . .	6934	30	—	1	29	0,4	—	3,3	96,7
Grøypekvernar . . .	3057	182	—	—	182	6,0	—	—	100,0
Andre kvernar . . .	365	16	—	—	16	4,4	—	—	100,0
<b>Kvernbruk i alt . . .</b>	<b>10356</b>	<b>228</b>	<b>—</b>	<b>1</b>	<b>227</b>	<b>2,2</b>	<b>—</b>	<b>0,4</b>	<b>99,6</b>

Av dei 10926 mylne- og kvernbruk vi hadde i landet i 1927—29 var det soleis berre 616 som hadde siktør av eitkvart slag, 5,6 prosent av alle. 94,4 prosent hadde inkje sikteverk. Prosenttalet av bruk med siktør var som venteleg høgst millom handelsmylnone. Av deim hadde burtimot  $\frac{2}{3}$  sikteverk. Det var her helst grøypekvernane og nokre av havregrynsmylnone som vanta slike maskinar. Av bygdamylnone hadde  $\frac{2}{3}$  på lag (39,1 pst.) siktør, men av gardskvernane ikkje meir enn ein på kvar 50 (1,9 pst.). Tek vi bruka etter som dei er skilde etter tekniske skiljelinor, ser vi at 219 av dei 230 valsemylnone hadde sikteverk. Det var soleis her berre 11 utan siktør (5 handelsmylnor og 6 bygdamylnor), og alle desse var havremylnor som ikkje hadde andre valsestolar enn slike som er til å mala havregryn. Av „andre mylnor“ hadde halvparten på lag siktør. Imillom kvernane var talet på bruk med siktør svært lite, 2,2 pst. yver det heile. Høgst stod grøypekvernane med 6 prosent. Som vi veit, er det sume grøypekvernfabrikkar som lagar serskilde siktør til kvernane og kjøparane kann då få siktone for eit rimeleg pålegg på prisen. Av dei ulike *slag* siktør kann vi sjå at plansiktør berre fanst i handels- og bygdamylnone og her helst i valsemylnone. Det var ikkje meir enn tvo „andre mylnor“ som hadde slike siktør. Sentrifugalsiktone var likeins mesta utan undantak berre i mylnor. Det var umframt mylnone berre eit einaste kallkvernbruk som hadde ei slik sikta. I kvernbruka var alle siktone med det nemnde undantaket trummelsiktør (sylinder- eller sekskantsiktør). I mylnebruka var det elles ikkje so sjeldan at det fanst fleire slag siktør. Serskilt gjeld det um handelsmylnone, som jamt hadde både sentrifugalsiktør og andre siktør eller plansiktør og sentrifugal-siktør, og i brødkornmylnone hadde jamvel storparten alle tri sikteslaga. Vi hev då ikkje rekna med fyesiktone åt sentrifugalsiktone som serskilde siktør.

Skilt etter landsbolkar fær vi desse tala. Uppgåvone um sikteslaga er dregne eit grand i hop.

	Rette tal				Samanlikningstal		
	Bruk alt i alt	Bruk med siktør i alt	Av desse hadde		Bruk med siktør i pst. av alle bruk Pst.	Av bruka med siktør hadde	
			Plansiktør og sentrifugalsiktør (med eller utan fyesiktør)	Andre siktør (sikteskåp)		Plansiktør og sentrifugalsiktør (med eller utan fyesiktør) Pst.	Andre siktør (sikteskåp) Pst.
Austlandet . . . . .	1404	186	125	89	13,2	67,2	47,8
Upplanda . . . . .	1208	135	38	107	11,2	28,1	79,2
Sørlandet . . . . .	1504	102	24	81	6,8	23,5	79,4
Vestlandet . . . . .	4628	66	30	45	1,4	45,5	68,2
Trøndelag . . . . .	1584	94	10	86	5,9	10,6	91,5
Nordlanda . . . . .	598	33	3	30	5,5	9,1	90,9
<b>I alt . . . . .</b>	<b>10926</b>	<b>616</b>	<b>230</b>	<b>438</b>	<b>5,6</b>	<b>37,3</b>	<b>71,1</b>

Som vi ser var det på Austlandet og på Upplanda at det største talet av bruk med siktør fanst, og her var og dei høgste prosenttala av slike bruk, når vi då reknar ut frå heile talet på mylne- og kvernbruk i landsbolken. Minst var pro-




Bil. 140.  
Sentrifugalsikta.

senten på Vestlandet. I dei mange småe gardskvernane i denne luten av landet er det sers sjeldsynt, at ein finn innsett siktør.

Reknar vi etter kor mange bruk det var med ulike slag siktør, kjem vi til det, at talet på bruk med meir moderne

sikteverk (plansiktør og sentrifugalsiktør med eller utan fyresiktør) likeins var høgst etter måten på Austlandet, men næst etter kom Vestlandet, som hev eit stort tal med handelsmylnor der slike siktør er sers mykje nytta. Minst var prosenttalet av moderne siktør i Nordlanda og Trøndelag. Talet på bruk med eldre sikteverk (sikteskåp) hadde ei umsnudd prosenttrekkja, lægst på Austlandet, høgst i Trøndelag og i Nordlanda. Tala i dei rubrikkane som greidar ut um kor mange bruk det var med ulike slag sikteverk kann ikkje leggjast ihop, av di det som sagt fanst sume mylnor som hadde både modernt sikteverk (plansiktør eller sentrifugalsiktør eller baa desse sikteslag) og samstundes nytta gamle sikteskåp attåt.


Vi hev til dessar røkt etter um talet på bruk som hev siktør. Vi set nedanfor upp ein tabell som syner talet på siktør i desse bruka.



Bil. 141.  
Plansikta.

	Bruk med siktor	Av siktone i desse var					Siktor (siktesett) i alt	Siktor i medeltal på kvart bruket
		Plansiktor		Sentrifugalsiktor	Fyresiktor åt sentrifugalsiktone	Andre siktor (sikteskåp o. dil.)		
		Storsiktor	Siktesett					
Handelsmylnor . . . . .	40	177	637	214	180	79	1110	27,8
Bygdamylnor . . . . .	392	22	37	284	266	262	849	2,2
Gårdskvernar . . . . .	184	—	—	3	3	183	189	1,0
<b>I alt . . . . .</b>	<b>616</b>	<b>199</b>	<b>674</b>	<b>501</b>	<b>449</b>	<b>524</b>	<b>2148</b>	<b>3,5</b>
Det fall på:								
Valsemylnor . . . . .	219	197	670	471	423	133	1697	7,7
Andre mylnor . . . . .	169	2	4	29	25	160	218	1,3
<b>Mylnor i alt . . . . .</b>	<b>388</b>	<b>199</b>	<b>674</b>	<b>500</b>	<b>448</b>	<b>293</b>	<b>1915</b>	<b>4,9</b>
Kalkkvernar . . . . .	30	—	—	1	1	32	34	1,1
Grøypekvernar . . . . .	182	—	—	—	—	183	183	1,0
Andre kvernar . . . . .	16	—	—	—	—	16	16	1,0
<b>Kvernbruk i alt . . . . .</b>	<b>228</b>	<b>—</b>	<b>—</b>	<b>1</b>	<b>1</b>	<b>231</b>	<b>233</b>	<b>1,0</b>

Talet på siktor i alle mylne- og kvernbruk i landet var soleis 2148 i alt. Vi hev då rekna kvart siktesett i plansiktone som ei serskilt sikta. Av slike siktesett fanst det 674 i alt. Talet på sentrifugalsiktor var 501 og 449 av desse hadde fyresiktor. Fyresiktone er trummelsiktor, helst sekskantsiktor, som vert nytta til å sikta frå det grøvste etter at kornet



Bil. 142.  
Sikteloft, Vaksdal Mølle.

